

«Jag pratar svorska men skriver bokmål»

Ei sosiolingvistisk undersøking om språkbruken på *Facebook Messenger*
hos svenskar busette i Noreg

Av

Julia Zsiga



Universitetet i Bergen

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium

NOLISP350

Mastergradsoppgåve i nordisk språk og litteratur

Hausten 2021

Tack

Det finns flera personer som är mer än nödvändiga att tacka för att det bara är förordet i den här uppsatsen som är skrivet på svenska. Till Ivar Utne för all nynorsk hjälp mitt första halvår i Norge som tog mig genom nålsögat. Till Helene, Marta, Maria, Ingrid, Vemund för genomläsningar och svar på otaliga språkfunderingar. För er kanske inte helt opartiska åsikt att min nynorska är snäppet vassare än min bokmål och att det klokaste draget trots allt är att skriva mastern på nynorsk. Till Øystein för allt det nyss nämnda, för att du orkade korrekturläsa hela den här uppsatsen och för allt som inte har med nynorsk att göra.

Till Mattias och Johannes för att ni testade frågeschemat och kom med värdefulla ändringsförslag.

Till Malena och István. Ni är fantastiska föräldrar som har gett mig alla förutsättningar man kan önska sig här i livet och framförallt, en trygg Stockholms-hamn att krascha i.

Till alla 110 informanter för att ni tog er tiden.

Till Maria för att du översatte chattkonversationerna så fint till nynorsk (med en hint av Sogndal) och Therese så fint till bokmål (med en hint av Bergen).

Till Per Sigmund Sævik Bøe för ovärderlig hjälp med att statistiskt säkerställa materialet.

Till gänget på läsesalen. Till alla nödvändiga och onödvändiga och framförallt, alltid lite för långa fikaraster i kroken, till vinterbaden på Verftet, kvällsturer runt Nordnes, avsändarlösa chokladkakor, post-itlappshjärtan, grabbhäng på Damsgård, ölkvällar i Nygårdsgaten, stickkvällar i Cort Piil, fredagsquiz, vinlotterier, bål, hytteturer och alla Hoggorm och Bakken-pizzor. Utan er hade inte masteråren vart dom samma.

Till min handledare Randi Neteland. För all fantastisk återkoppling, bollplankande, svar på otaliga mail, din tro på mig genom detta och framförallt, varje gång du har ställt frågan ”Koshen føle du dæ egentli?”. Nu när den här masteruppsatsen är inlämnad och klar kan jag meddela att det känns ganska så bra.

Innhald

1. Innleiing	1
1.1 Inngang og grunngeving for temaet	1
1.2 Svenskar i Noreg	3
1.3 Problemstilling og forskings spørsmål	3
1.4 Omgrepsavklaring	4
1.5 Organisering av oppgåva	7
2. Teori	9
2.1 Datamediert kommunikasjon (DK)	9
2.1.1 Sjangeren	9
2.1.2 Tidlegare undersøkingar om talemålsnær skriving	10
2.1.3 Rolla til mottakaren	13
2.2 Kommunikasjon mellom svenskar og nordmenn	14
2.2.1 Det skandinaviske dialektkontinuumet	14
2.2.2 Språkforståing	15
2.2.3 Akkommodering	16
2.2.4 Kodeveksling og språkleg interferens	18
2.2.5 Identitet og språkblanding	19
2.3 Skilnadar mellom norsk og svensk	21
2.3.1 Ortografiske konvensjonar	21
2.3.2 Bøyingsystemet	22
2.3.3 Ordtilfanget	23
2.3.4 Normering	24
2.4 Avslutning	27
3. Metode og materiale	28
3.1 Metodiske inngangar	28
3.1.1 Sosio- og variasjonslingvistisk metode	28
3.1.2 Relativt kvantitativ og kvalitativ metode	29
3.2 Utval av informantar	29
3.3 Spørjeskjema	31
3.3.1 Forskingsdesign	31
3.3.2 Spørsmål i spørjeskjemaet	32
3.3.3 Dei semiautentiske og autentiske chatsamtalane	34
3.4 Sortering av dei semiautentiske meldingane	38
3.4.1 Første sortering	38
3.4.2 Andre sortering	39
3.4.3 Kategorisering i språkbruksgrupper	41
3.4.4 Test av samband mellom sosiale variablar og sprukbruksgrupper	42
3.4.5 Språkindeks	43
3.5 Ethiske vurderingar	44
4. Analyse av språkbruk	47
4.1 Fordeling i språkbruksgruppene	47
4.2 Svensk, bokmål, nynorsk eller engelsk	47
4.2.1 Språkbruk hos den norske samtalepartnaren	47
4.2.2 Språkbruk hos informantane	48
4.2.3 Haldningar til dei ulike skriftspråka	50
4.3 Språkleg variasjon av norsk og svensk	51
4.3.1 Eigenrapportert språkblanding	52

4.3.2	Årsaker bak språkblanding	52
4.3.3	Målformen til samtalepartnaren	53
4.3.4	Funn av språkleg variasjon i dei semiautentiske chatsamtalane	53
4.3.5	Triggering	62
4.3.6	Informantane sine haldningar til språkblanding	63
4.4	Talemålsnær skrivning	65
4.4.1	Språkblanding som eit talemålstrekk	65
4.4.2	Eigenrapportert talemålsnær skrivning	66
4.4.3	Talemålsnære trekk i dei semiautentiske meldingane	67
4.4.4	Talemålsnær norsk	68
4.4.5	Talemålsnær svensk	70
4.4.6	Bortfall av stum konsonant	70
4.4.7	Haldningar til talemålsnær skrivning	70
4.5	Intra- og interindividuell variasjon	71
4.5.1	Heilt svensk	72
4.5.2	Hovudsakleg svensk	73
4.5.3	Hovudsakleg norsk	75
4.5.4	Heilt norsk	78
4.5.5	Oppsummering	80
5.	Samanheng mellom sosiale variablar og språkbruk	81
5.1	Kjønn, alder og utdanning	81
5.2	Butid i Noreg	83
5.3	Familiesituasjon	84
5.4	Oppveksstad i Sverige	86
5.6	Forhold til Sverige og Noreg	89
5.7	Kontakt med Sverige	91
5.8	Oppsummering	93
6.	Drøfting	95
7.	Avslutning	109
7.1	Svar på problemstilling	109
7.2	Vidare forskning	110
8.	Litteratur	112
	Vedlegg 1: Tekst i Facebookgruppene	116
	Vedlegg 2: Spørjeskjemaet	117
	Vedlegg 3: Statistiske testar	137
	Samandrag	143
	Abstract	145

Figur- og tabelliste

Figur 2.1: *Faktorar som hindrar/støtter tilpassing til norsk hos svenskar som bur i Bergen (frå Nordenstam 1979, s. 172)*

Figur 2.2: *Skilnadar i bøyingsystemet for substantiv, adjektiv og verb i nynorsk, svensk og bokmål (frå Torp, 1998, s. 79–80)*

Figur 6.1: *Samanheng mellom alder og butid i Noreg.*

Tabell 3.1: *Geografisk fordeling utifrå fylke av informantane, svenskar i Noreg og Facebookgruppene.*

Tabell 3.2: *Omsetjing av dei semiautentiske chatsmeldingane.*

Tabell 3.3: *Samanliking av dei autentiske og dei semiautentiske chatmeldingane.*

Tabell 3.4: *Fordelinga i dei ulike språkkategoriene ved den første sorteringa.*

Tabell 3.5: *Fordeling av meldingar der ein varierer mellom språka.*

Tabell 3.6: *Fordeling av meldingar med talemålsnære trekk.*

Tabell 3.7: *Språkindeks i kategoriene svensk, bokmål, nynorsk og øvrige*

Tabell 3.8: *Språkindeks i kategoriene svensk, norsk og øvrige.*

Tabell 4.1: *Fordeling i dei fire språkbruksgruppene*

Tabell 4.2: *Bruk av nynorsk og bokmål hos den norske samtalepartnaren.*

Tabell 4.3: *Bruk av svensk og engelsk hos den norske samtalepartnaren.*

Tabell 4.4: *Sjølvrapportert bruk av varietetane svensk, bokmål, nynorsk og engelsk.*

Tabell 4.5: *Sjølvrapportert språkleg variasjon mellom norsk og svensk på Facebook Messenger.*

Tabell 4.6: *Fordeling i dei ulike språkbruksgruppene utifrå målforma på dei semiautentiske chatmeldingane.*

Tabell 4.7: *Særsvenske ord.*

Tabell 4.8: *Svenske ord som liknar på norsk, men ikkje er likelydende.*

Tabell 4.9: *Svenske ord som er likelydande og med same tyding som i norsk.*

Tabell 4.10: *Særnorske ord.*

Tabell 4.11: *Norske ord som liknar på svensk, men ikkje er likelydende.*

Tabell 4.12: *Norske ord som er likelydande og med same tyding som i svensk.*

Tabell 4.13: *Homofonar, homologar og stilskifte.*

Tabell 4.14: *Sjølvrapportert variasjon mellom norsk og svensk i talemålet.*

Tabell 4.15: *Sjølvrapporterte svar på om informantane følgjer skrivereglar eller skriv slik dei snakkar.*

Tabell 4.16: *Sjølvrapporterte svar på bruken av dialekt hos nordmenn ved kommunikasjon med svenskar i Noreg på Facebook Messenger.*

Tabell 4.17: *Sjølvrapportert bruk av dialekt på Facebook Messenger.*

Tabell 4.18: *Bruk av svenske og norske talemålsnære trekk i dei semiautentiske chatmeldingane.*

Tabell 4.19: *Haldningar til å ikkje følgja skrivereglar i sosiale medium.*

Tabell 4.20: *Inter- og intraindividuell variasjon hos dei som skriv heilt svensk for variablane eg, ikkje og infinitivending.*

Tabell 4.21: *Inter- og intraindividuell variasjon hos dei som skriv heilt svensk for variablane og, å og er.*

Tabell 4.22: *Inter- og intraindividuell variasjon hos dei som skriv hovudsakleg svensk for variablane eg, ikkje og infinitivending.*

Tabell 4.23: *Inter- og intraindividuell variasjon hos dei som skriv hovudsakleg svensk for variablane og, å og er.*

Tabell 4.24: *Inter- og intraindividuell variasjon hos dei som skriv hovudsakleg norsk for variablane eg, ikkje og infinitivending.*

Tabell 4.25: *Inter- og intraindividuell variasjon hos dei som skriv hovudsakleg norsk for variablane og, å og er.*

Tabell 4.26: *Inter- og intraindividuell variasjon hos dei som skriv heilt norsk for variablane eg, ikkje og infinitivending.*

Tabell 4.27: *Inter- og intraindividuell variasjon hos dei som skriv heilt norsk for variablane og, å og er.*

Tabell 5.1: *Kjønnsfordeling i dei ulike språkbruksgruppene.*

Tabell 5.2: *Utdanningsbakgrunn i dei ulike språkbruksgruppene.*

Tabell 5.3: *Aldersfordeling i dei ulike språkbruksgruppene.*

Tabell 5.4: *Fordeling av butid i Noreg i dei ulike språkbruksgruppene.*

Tabell 5.5: *Nasjonaliteten til partner i dei ulike språkbruksgruppene.*

Tabell 5.6: *Språkbruken hos barna til informantane.*

Tabell 5.7: *Nasjonaliteten til dei informantane bur saman med i dei ulike språkbruksgruppene.*

Tabell 5.8: *Kor i Sverige informantane kjem frå.*

Tabell 5.9: *Kva for fylke informantane bur i.*

Tabell 5.10: *Språkforståinga av svensk hos nordmenn fordelt på fylke.*

Tabell 5.11: *Folketal på bustaden i Noreg.*

Tabell 5.12: *Nasjonal identitetskjensle hos informantane.*

Tabell 5.13: *Kva for land informantane føretrekkjer.*

Tabell 5.14: *Kor informantane ønskjer å bu i framtida.*

Tabell 5.15: *Kontakt med andre svenskar.*

Tabell 5.16: *Lesing av svenske og norske nyheitar.*

Tabell 5.17: *Oppsummering av kjikvadrat- og post-hoc-testar.*

Tabell 5.18: *Oppsummering av dei ikkje-parametriske korrelasjonstestane.*

1. Innleiing

1.1 Inngang og grunngeving for temaet

Denne oppgåva ser på språkbruken hos svenskar busette i Noreg når dei kommuniserer med nordmenn på det sosiale mediumet *Facebook Messenger*. Det finst fleire tema denne oppgåva tar for seg. Ein av dei er språkkontaktsituasjonen mellom to nabospråk med store lingvistiske likskapar som gjer at ein full overgang til det andre språket ikkje er naudsynt for å bli forstått (Torp, 1998, s. 25). Eit anna er at eg studerer korleis denne språkkontaktsituasjonen kjem til uttrykk i uformelt skriftspråk. Tittelen, «Jag pratar svorska men skriver bokmål», som er eit sitat frå ein av informantane, melder om at det finst ein skilnad mellom munnleg og skriftleg språkkontakt mellom svenskar i Noreg og nordmenn.

Sommaren 2021 var tidlegare statsminister og noverande NATO-sjef Jens Stoltenberg gjest i radioprogrammet Sommar i P1. I programmet avslutta han innleinga si med å seia: «Dere har gitt oss *Solsidan*, og vi har gitt dere *Skavlan*, og sammen har vi utviklet språket svorsk». Svorsk er ifølgje Tolgensbakk eit omgrep som blir brukt for å omtala blanding mellom norsk og svensk. Vidare karakteriserer ho svorsk slik: «En norskspråklig taler vil snakke med norsk tonefall og syntaks iblandet svenske ord, og en svenskspråklig motsatt» (2014, s. 85). Definisjonen til Tolgensbakk tar tydeleg utgangspunkt i talemålet og ikkje skriftspråk, noko eg gjer då denne studien baserer seg på skrift, ikkje tale. Det er likevel grunn til å tro at fenomenet svorsk òg kan finnast i skriftspråk. At Stoltenberg bruker omgrepet *svorsk* utan vidare avklaring og at Tolgensbakk (2014, s. 85) omtaler svorsk som eit alminneleg omgrep som blir brukt i begge landa er ein indikator på at blanding mellom språka er utbreidd.

Det finst fleire årsaker til at det var akkurat dette tema eg valte å skriva masteroppgåve om. Eg høyrer sjølv til innvandrargruppa svenskar i Noreg då eg flytta til Bergen våren 2020, men er oppvaksen i Sverige og tok bachelorgraden min i svensk ved Uppsala Universitet. Tidleg i studiet interesserte eg meg for språk i sosiale medium og skreiv bacheloroppgåva mi om korleis dialektale trekk blir brukte på ei øy på den svenske vestkysten. Med ein gong eg flytta til Noreg vart eg merksam på både dei språklege likskapane, men òg skilnadane mellom språka. Eg lærte meg raskt kva slags ord som ofte blir misoppfatta og eg byrja å tilpassa språket mitt. Mitt første semester i Bergen, vårsemesteret 2020 tok eg eit fag der språkkontakt mellom nærliggjande varietetar var eit

av temaa. I faget kom eg i kontakt med doktorgradsavhandlinga *Svenskan i Norge* (Nordenstam, 1979) der talemålet til svenskar som bur i Bergen blir undersøkt. Dette gjorde at eg byrja å reflektera over om same språkbruk som Nordenstam meiner er aktuelle i talemål, òg er det i skriftspråk og særleg i sosiale medium som eg tidlegare har studert.

Sjølv om talemålet fortsatt er menneske sin primære uttrykksmåte har skriftspråket tatt ein mykje større plass i livet til folk flest. Den digitale utviklinga gjer at mange av oss produserer omtrent like mykje skriftleg språk som me produserer tale. Skriftproduksjon har altså blitt ein del av kvardagen. Denne store samfunnsendringa meiner Hårstad (2020, s. 142–143) gjer at språket på dei nye digitale plattformene er eit viktig og interessant felt å studera for språkvitarar. Gjennom å studera språkkontakten mellom svenskar og nordmenn på sosiale medium, ønskjer eg å bidra til å dekkja eitt av hòla som finst i forskingsfeltet.

Det er ikkje berre at skriftspråk på sosiale medium hos svenskar som bur i Noreg er eit lite utforska felt som gjer det interessant. Tidlegare forskning på datamediert skriftspråk i Noreg har vist at skriftnormene bokmål og nynorsk ofte får selskap av språklege trekk frå talemålet, og at det til og med er ein del av den operative norma på sosiale medium å bruka trekk frå talemålet (Folkvord, 2020). Svenskane som har busett seg i Noreg kan i teorien ta omsyn til tre skriftnormalar (bokmål, nynorsk og svensk), samstundes som dei må ta omsyn til konvensjonane for korleis ein skriv på sosiale medium. Eg vil at denne oppgåva skal gjera det klarare korleis svenskane i Noreg orienterer seg i denne normjungelen og kva for normer (både føreskrivne og operative) dei nyttar seg av og kvifor.

I arbeidet har eg samla inn informasjon om språkbruken gjennom eit spørjeskjema frå 110 svenskar som bur i Noreg. Ein del av arbeidet har vore å samla inn 11 semiautentiske chatmeldingar frå kvar informant. Ut frå denne innsamlinga har eg laga eit korpus med 1210 meldingar som har blitt brukt for å studera språkbruken i informantgruppa. For at det skal vera mogleg å arbeida med dette datamaterialet utifrå problemstillinga, har det vore naudsynt med ein god kjennskap til begge språka. Frå det at eg byrja på masterstudiane i Bergen har eg følgd same målkrav som dei norske medstudentane mine, og har derfor hatt ein god kjennskap til dei to norske målformene nynorsk og bokmål før eg byrja med dette prosjektet.

1.2 Svenskar i Noreg

Ifølgje SSB (2021) er det til saman 35 598 svenskar som bur i Noreg, og det gjer svenskar til den tredje største innvandrargruppa i Noreg. Ein stor del av dei svenskane som flyttar til Noreg er unge arbeidsinnvandrarar i yrker der ein ikkje treng ein spesifikk fagkompetense. Grunnen til at mange svenskar arbeidsinnvandrar til Noreg er lågare arbeidsløyse og høgare løn enn Sverige. Dei treng heller ikkje arbeidsløve. Dei aller fleste svenskane som flyttar til Noreg, buset seg i Oslo eller andre sentrale stadar (Tolgensbakk, 2014, s. 51–53). Tolgensbakk skriv at nordmenn og svenskar blir oppfatta som like på mange måtar, og at det som først og fremst skil svenskane frå nordmennene er språket (2014, s. 78).

1.3 Problemstilling og forskingsspørsmål

Med bakgrunn i det eg har gjort greie for fram til no meiner eg det er intressant å undersøkje skriftspråket i sosiale medium hos svenskar i Noreg utifrå problemstillinga: **Kva slags lingvistiske trekk har svenskane når dei kommuniserer med nordmenn på Facebook Messenger og kvifor skriv dei slik dei gjer?** Denne problemstillinga blir utdjupa i desse seks forskingsspørsmål:

- 1) *Blir svensk, bokmål, nynorsk eller engelsk brukt?*
- 2) *Skjer det noka blanding mellom varietetane norsk og svensk?*
- 3) *Kva slags talemålsnære trekk bruker informantane?*
- 4) *Finst det ei operativ norm som påverkar språket til svenskane i Noreg?*
- 5) *Korleis påverkar språkhaldningar språket til svenskane i Noreg?*
- 6) *Korleis påverkar sosiale variablar språket til svenskane i Noreg?*

Målsettinga med desse seks forskingsspørsmåla er å gjera greie for språket til svenskar som bur i Noreg på sosiale medium i kommunikasjonen deira med nordmenn. Forskingsspørsmål 1) er eit sentralt spørsmål i denne undersøkinga. Det blir framfor alt dekt i kap. 4.2 der eg gjer greie for om dei språklege varietetane svensk, bokmål, nynorsk og engelsk blir brukt hos svenskane på sosiale medium og kor mykje dei ulike varietetane blir brukte. Forskingsspørsmål 2) handlar om kva slags blanding som førekjem i materialet mellom svensk og norsk. Dette forskingsspørsmål blir dekt i kap. 4.3, der eg gjer greie for kva slags blanding mellom språka som finst i materialet. Forskingsspørsmål 3) gjer greie for dei talemålsnære trekka som informantane bruker. Dette blir gjort greie for i kap. 4.4. Forskingsspørsmål 4) blir omhandla i kap. 4.5 der eg ser på den intra- og interindividuelle variasjonen til informantane. Gjennom å studera kva for variablar informantane

bruker, er det mogleg å svara på om det ser ut til å finnast ei operativ norm i gruppa svenskar i Noreg, og om ho ser ut til å påverka korleis informantane skriv slik dei gjer.

Dei to siste spørsmåla fokuserer på den siste delen i problemstillinga, altså *kvifor* informantane skriv slik dei gjer. Forskingsspørsmål 5) undersøker om språkhaldningar til svensk, bokmål og nynorsk (kap. 4.2.3), språkblanding (kap. 4.3.6) og talemålsnær skriving (kap. 4.4.7) påverkar korleis informantane skriv, men òg korleis dei ønskjer å skriva. Forskingsspørsmål 6) ser på korleis ulike sosiale variablar ser ut til å påverka korleis informantane skriv. Dette blir gjort greie for i kap. 5.

1.4 Omgrepsavklaring

Det er nokre omgrep som er sentrale i denne oppgåva, som allereie er omtalte i denne innleiinga. Desse er viktige å definera for ei god lesing vidare. Grunnen til det er at dette er diskuterte omgrep i litteraturen og at det finst ulik forståing av dei eller at ein bruker ulike omgrep for omtrent same fenomen.

Først er det naudsynt å definiera omgrepa *datamediert kommunikasjon*, *direktemeldingar* og *sosiale medium*. Sjangeren *datamediert kommunikasjon* (DK) er ei omsetjing som er brukt av Lie (2011, s. 25) for det som i den internasjonale litteraturen blir omtalt som *computer-mediated communication* (CMC). Omgrepet er eit samlingsomgrep for språk som blir produsert digitalt. *Direktemeldingar* (DM) er ein underkategori til språk i chat, og er ei norsk omsetjing som Lie (2011, s. 30) bruker for det som i internasjonal litteratur blir omtalt som *Instant Messages* (IM). Quan-Haase (2008) som tar utgangspunkt i Faulhaber (2002) sin definisjon definerer IM som tekstbasert semisynkron kommunikasjon mellom to eller fleire mennesker som hovudsakleg kjenner kvarandre frå før. Chat i ein tradisjonell forstand har ifølgje Lie (2011, s. 29–30) vore chatsamtalar på opne diskusjonsforum der det ofte er fleire mottakarar, mens DM er lukka samtalar, med anten éin eller fleire mottakarar. Vidare i denne oppgåva kjem eg til å bruka dei norske omgrepa *datamediert kommunikasjon* (DK) og *direktemeldingar* (DM), sjølv om det er internasjonal litteratur eg refererer til der dei engelske omgrepa blir brukte. *Sosiale medium* (SM) referer til digitale web- og mobilapplikasjonar som mogleggjer DK (Mortensen & Stæhr, 2018, s. 11–12).

To omgrep som òg er viktige å definera, og som allereie har blitt nemnt, er *operative* og *føreskrivne normer*. Grunnen til at dei er viktige omgrep å avklara, er at ein i litteraturen bruker ulike omgrep for å beskriva det same. Dyvik (2003, s. 4) bruker omgrepa *operative* og *føreskrivne normer*. Operative normer er ifølgje Dyvik normer som ikkje er fastsette av ein formell instans, men som likevel finst mellom språkbrukarar. Dei føreskrivne normene er, til skilnad frå dei operative, «formulert av personer eller organer med autoritet – offisiell eller ikke-offisiell» (Dyvik, 2003, s. 4). Dyvik meiner at omgrepet operative normer ligg nære omgrepa *kvalifikasjonsnormer* (Sundby, 1974) og *internaliserte normer* (Vannebo, 1980). Det som Dyvik i 2003 refererer til som operative og føreskrivne normer refererer han i 1993 til som *empiriske* og *preskriptive normer*. At Dyvik ikkje vel å bruka omgrepet *internaliserte normer* er fordi han meiner at det er for individ-orientert og tilslører den overindividuelle karakteren til normene. For det Dyvik kallar *føreskrivne* eller *preskriptive normer* bruker Sundby (1974) omgrepa *direktiviske* eller *fastsatte normer*. Vikør (2007, s. 73–74), som refererer til Vannebo (1980), bruker omgrepa *internaliserte* og *fastsatte normer*. Problemet med omgrepa til Dyvik meiner Vikør (2007, s. 73–74) er at «dei indikerer at denne typen normer eksisterer og verkar nærmast i kraft av seg sjølv». Fordelen med omgrepet *internaliserte normer* er at dei «teiknar eit bilde av desse normene som dynamiske storleikar, som blir tradert, (gjen)skapa og modifisert i kvart individ, men heile tida innanfor eit felles normmønster i eit kollektiv, som set rammer for kva som kan bli internalisert» (Vikør, 2007, s. 73). Med å bruka Dyvik (2003) sine omgrep ønskjer eg ikkje å ta stilling i denne debatten, men eg har sett det som naudsynt å bruka eitt sett omgrep. Når eg refererer til dei som er ueinige med terminologien til Dyvik, bruker eg dei omgrepa som blir brukt då det finst ei viss usemje i definisjonen av dei ulike omgrepa.

Eit anna omgrep som er viktig å avklara er *talemålsnær skrivning*. Folkvord (2020, s. 103) argumenterer for at denne er meir presis å bruka enn termen *skriva dialekt* som t.d. Vangsnes (2019) bruker. Folkvord (2020, s. 4) meiner at *skriva dialekt* er eit lite presist omgrep då ein ikkje skriv dialekt med mindre ein skriv lydskrift. Orddelen *-nær* i termen gjer den meir presis sidan ein med dette signaliserer at det talemålsnære blir realisert i ei viss utstrekking, men at språket hovudsakleg byggjer på eit normert fundament. I tillegg til å bruka *skriva dialekt* bruker Vangsnes (2019) *skriva dialektnært* og *dialektskriving*. Å omtala talespråksinnsloga som *dialekt* handlar om at «i eit samfunn der talespråk for svært mange av språkbrukarane i alle samanhengar vil seia *dialekt*, vert det då naturleg at snakkeskrivinga får ei form som ber preg av nettopp dialekt» ifølgje Vangsnes (2019, s. 103). Røyneland og Vangsnes (2020) bruker både *dialektskriving* og *talemålsnær skrivning*.

Når dei bruker omgrepet *dialektskriving* er det for å diskutera i kva for grad skrivinga til informantane deira er ei full gjengjeving av dialekta deira. *Talemålsnær skriving* bruker dei for når tale og skrift ikkje er samstemte, men avviket ikkje kjem av dialektal variasjon. Eg bruker i denne oppgåva *talemålsnær skriving* for når informantane bruker trekk som ikkje er i tråd med gjeldande rettskriving i anten nynorsk, bokmål eller svensk, men som er i tråd med norsk eller svensk munnleg språk. Eg bruker altså *talemålsnær skriving* både for bruk av dialekttrekk, slik som Folkvord gjer, og for bruk av munnlege språktrekk meir generelt, slik som Røyneland og Vangsnes (2020) gjer. Grunnen til at eg ikkje bruker *skriva dialekt*, *dialektskriving* eller *dialektnær skriving* er fordi eg ser på ei innvandrargruppe der det ikkje er sikkert at det er like sjølvsagt at talemål inneber dialekt. I dei tilfella der eg viser til litteratur der andre omgrep enn talemålsnær skriving blir brukte, bruker eg same omgrep som dei eg viser til bruker. Som Folkvord (2020, s. 4) påpeikar, er termen *skriva dialekt* intuitiv; for å gjera spørjeskjemaet meir lesarvenleg, har eg brukt termen *skriva dialekt* der.

Dei siste omgrepa som er viktige å definera er *kodeveksling* og *språkleg interferens*. Det finst ulike oppfatningar i forskningsverda om kva som skal bli sett på som kodeveksling eller ikkje. I denne oppgåva kjem eg til å bruka definisjonen til Nordenstam (1979). Det vil seia bruk av to varietetar på ord-, frase- eller setningsnivå. I denne definisjonen inngår både veksling mellom ulike klart definerte språk, men òg mellom dialekt og standardspråk. For at noko skal bli definert som *kodeveksling* er det ein føresetnad at det finst eit tydeleg skilje mellom språka. Er ikkje språka tydeleg åtskilte handlar det ikkje om *kodeveksling*, men om *språkleg interferens*. Dette blir vidare diskutert i kap. 2.2.4.

Omgrepet *svorsk* som allereie har blitt presentert, er eit alminneleg omgrep for variasjon mellom norsk og svensk. Som eg har påpeika, blir det likevel vanskeleg å bruka dette omgrep då det tidlegare har blitt brukt for ein viss type talemål som ikkje er moglege å bruka for skriftspråk (Tolgensbakk, 2014, s. 85). Akkurat som med termen *skriva dialekt* er òg *svorsk* allminneleg og blir derfor nytta i spørjeskjemaet. Tolgensbakk omtalar *svorsk* som eit *blandingsspråk*, men dette omgrepet er ikkje uproblematisk for å forklara språket med både norske og svenske trekk. Den eine delen i dette omgrep som er problematisk er *blanding*. Variasjon mellom svensk og norsk handlar om at det ikkje berre er eit språk som blir brukt, men det betyr automatisk ikkje at det er tale om blanding. Ordet blanding indikerer på at varietetane ikkje er tydeleg ådskilte, men smelta saman, noko som blir problematisk med t.d. kodeveksling. På ei anna side kan omgrepet *veksling* bli feil

sidan det indikerer på at ein vekslar mellom norsk og svensk, noko som ikkje er aktuelt ved t.d. språkleg interferens. Mæhlum (2011, s. 4) bruker omgrepet *blanding* når ho omtaler ulike typar av varieteter med «mer eller mindre identifiserbare blandinger av komponenter hentet fra flere varieteter». Når ho vidare i artikkelen diskuterer pidgin- og kreolspråk bruker ho omgrepet *språkblanding*. Omgrepet *språkblanding* er ei omsetjing av det som i internasjonal litteratur blir omtalt som *mixed languages*. Dette fører oss vidare til den andre komponentten i omgrepet som er problematisk og må bli diskutert, nemleg *språk*.

Det er altså problematisk å omtala variasjon mellom norsk og svensk som variasjon mellom to *språk*. Det er mogleg å spørja seg om *språk* bør brukast og ikkje *dialekt* då svensk og norsk høyrer til dialektkontinuumet skandinavisk (blir nærmare presentert i kap. 2.2.1). Omdal og Vikør (2002, 12–13) meiner at den svenske og norske normeringa likevel skjer sjølvstendig frå kvarandre som gjer at språka har fått særskilte språklege uttrykk og at det derfor er motivert å omtala norsk og svensk som språk og ikkje dialekt (blir nærmare presentert i kap 2.3).

Av denne grunnen prøver eg å presisera kva slags variasjon mellom norsk og svensk det er døme på, t.d. veksling (når språka er tydeleg ådskilt) og innslag (når det berre handlar om bruk av enkelte ord frå det andre språket som hovudsakleg blir brukte). Eg tar utgangspunkt i Mæhlum (2011, s. 4) sin vide definisjon og bruker omgrepet *språkblanding* når det ikkje er spesifisert kva slags blanding det er døme på mellom norsk og svensk.

1.5 Organisering av oppgåva

Denne oppgåva er delt inn i sju kapittel. I dette innledningskapittelet har eg gjort greie for motivasjonen bak ei slik undersøking og skildrar informantgruppa eg studerer språkbruken hos.

Teorigrunnlaget blir presentert i kap. 2 og er delt i tre delar. I den første delen (kap. 2.1) gir eg ei innføring i sjangeren datamediert kommunikasjon og presenterer tidlegare studiar. I den andre delen (kap. 2.2) gjer eg greie for kommunikasjonen mellom svenskar og nordmenn. Der presenterer eg tidlegare forskning på språkkontakt mellom svenskar og nordmenn, og gir ei innføring i sentrale teoriar innanfor språkkontakt, og særleg mellom to nærliggjande varietetar. I den tredje og siste delen (kap. 2.3) presenterer eg skilnadar mellom svensk og norsk. Skilnadane som eg presenterer, finn ein både i ortografien, bøyingssystemet, ordtilfanget og normeringa.

I kap. 3 presenterer eg metoden til undersøkinga og kva for materiale analysen min byggjer på. Metodekapittelet er femdelt. I den første delen (kap. 3.1) presenterer eg dei teoretiske inngangane eg har hatt til studien og kva for forskingsfelt metodane mine kjem frå. Deretter (kap. 3.2) gjer eg greie for utval av informantar til studien. Etter det (kap. 3.3) omtaler eg spørjeskjemaet som eg har brukt for å samla inn materiale til studien og dei ulike delane i denne. I den fjerde delen (kap. 3.4) presenterer eg korleis eg har sortert materialet og har kategorisert informantane utifrå språkbruken deira. Til sist (kap. 3.5) gjer eg greie for dei etiske vurderingane mine.

Eg presenterer funna frå materialet i to ulike kapittel. I kap. 4, som er den første delen, presenterer eg dei språklege funna frå dei semiautentiske chatmeldingane og haldningar til språkbruken. Med utgangspunkt i forskingsspørsmåla har eg delt inn dette kapittelet i fem delar. Først (kap. 4.1) presenterer eg eit samla bilete av korleis informantane har fordelt seg i fire språkbruksgrupper. Deretter (kap. 4.2) ser eg på fordelinga av varietetane svensk, nynorsk, bokmål og engelsk. Etter det (kap. 4.3) ser eg på blanding av varietetane. Deretter (kap. 4.4) presenterer eg funn av talemålsnære trekk i materialet. Til sist (kap. 4.5) presenterer eg intra- og interindividuell variasjon i materialet utifrå ulike språklege variablar. I kap. 5 presenterer eg alle dei sosiale variablane eg har samla inn og samanliknar dei med språkbruken til informantane.

I kap. 6 drøftar eg funna i materialet mot tidlegare forskning og sosiolingvistiske teoriar med utgangspunkt i dei seks forskingsspørsmåla. Til sist presenterer eg svaret på problemstillinga i kap. 7 og føreslår forslag til vidare forskning.

2. Teori

2.1 Datamediert kommunikasjon (DK)

2.1.1 Sjangeren

Å omtala sjangeren datamediert kommunikasjon i dag på sosiale medium som ein ny sjanger meiner Mortensen og Stæhr (2018, s. 9) er ein ukorrekt skildring. Dei skildrar det som at det språklege repertoaret vårt er tilpassa ein røyndom der me kontinuerleg kommuniserer både online og offline. Forskinga på sjangeren vart etablert i byrjinga av 1980-talet, men det er først dei siste 20 åra DK har blitt eit veletablert forskingsfelt innanfor språkvitskapen (Mortensen & Stæhr, 2018, s. 17).

Ifølgje Lie (2011, s. 22) er dei viktigaste elementa eller verktøya innanfor sjangeren *SMS*, *chat* og *e-post*. Det finst ulike element som gjer at språket skil seg mellom desse ulike media. Faktorane som Lie peiker på, er om dialogen skjer asynkront eller synkront, om det er ein mottakar eller fleire og om sendaren bruker internett eller ein mobiltelefon. Lie (2011, s. 25) meiner at språket i SMS og chat er dei som i høgast grad avvik frå det som han omtaler som *vanleg skriftsspråk*. Det er litt uklart kva Lie meiner med *vanleg skriftsspråk*, då det ikkje er heilt sjølvstøtt kva slags skriftsspråk som er det vanlege, men slik eg oppfattar det, meiner Lie språk som avvik frå gjeldande rettskriving.

Kiesler et al. (1984, s. 1123) omtala allereie i 1984 at det som kjenneteiknar DK er at ulike medium stadig endrar seg med ny teknologi. Ein konsekvens av det er at ein definisjon av eit særleg medium fort kan bli utdatert. Mortensen og Stæhr (2018, s. 13) poengterer at ein ikkje berre skal ha fokus på den teknologiske utviklinga når ein studerer sosiale medium, men òg sosiale endringar som gjer at me tilpassar bruken av sosiale medium til kvardagen vår og kva formål me treng dei til. I 2011, då Lie definerte skilnaden mellom chat og SMS, var ikkje smarttelefonen like utbreidd som han er i dag. Når me bruker smarttelefonen for både DM og SMS, blir dessutan distinksjonen mellom dei mindre. Dette heng saman med at smarttelefonen gjer at me har blitt meir mobile (Mortensen & Stæhr, 2018, s. 21). I masteroppgåva til Morland (2020, s. 33) løftar han fram dette når det gjeld meldingar på *Facebook Messenger* som er den typen av språk i sosiale medium denne oppgåva òg fokuserer på. Dialogen på *Facebook Messenger* kan vera både mellom ein og fleire mottakarar og kan både vera synkron, då kommunikasjonen kan skje direkte, men han kan òg vera asynkron då ein

kan velja å ikkje svara på ei melding med ein gong. Samtalar på Facebook Messenger kan i dag både skje på ein datamaskin og i ein smarttelefon.

Trass i at språket kan variera mellom ulike språkbrukarar og ulike medium, meiner Lie (2011, s. 46) at det finst nokre element som særleg kjenneteiknar DK som er:

- Forkortingar;
- Utelatingar av skiljeteikn, mellomrom og ord som blir forstått ut frå samanhengen;
- Uregelrett bruk av store og små bokstavar;
- Emotikon og emojiar;
- Talemålsnært språk.

Ifølgje Lie finst det nokre språklege prinsipp som gjer at desse trekka er typiske. Desse er: *økonomiseringsprinsippet* (å skriva så kort som mogleg), *ekspressivitetsprinsippet* (å gje uttrykk for eigne kjensler) og *individualitetsprinsippet* (å vera seg sjølv). Denne oppgåva fokuserer på det som Lie omtaler som talemålsnært språk, som blir nærmare omtalt i neste avsnitt.

2.1.2 Tidlegare undersøkingar om talemålsnær skrivning

Det finst nokre ulike undersøkingar som har sett på talemålsnær skrivning i datamedierte kommunikasjon og dei skal me sjå nærare på i dette kapittelet. Eg kjem til å fokusera på dei studiane som særleg ser på språk i media DM og SMS og dei studiane der informantgruppa anten har svensk eller norsk som førstespråk. Før me går inn på funna i tidlegare undersøkingar kjem eg til å gje ei kort innføring i dei ulike studiane. Røyneland og Vangsnes (2020) har brukt datamateriale frå prosjektet *Multilektale praksisar på sosiale medium* (MPSM). I artikkelen samanliknar dei språkbruken hos 126 elevar frå ulike dialektområde i Noreg. Masteroppgåva til Folkvord (2020) er ein kvalitativ studie der materialet byggjer på innsamla materiale av autentiske *Facebook Messenger*-meldingar og intervju med 8 trondheimarar. Vangsnes (2019) artikkel byggjer på ein analyse av tre tekstprøver på ulike typar av datamedierte tekstar. Opinion (2016) er ei spørjeundersøking med 1002 respondentar bestilt av Språkrådet som byggjer på sjølvrapporterte tal på dialektbruk i sosiale medium hos nordmenn.

Dei tidlegare undersøkingane som eg presenterer i denne delen, har framfor alt blitt gjorde i Noreg. Dei undersøkingane som finst på bruk av talemålsnære trekk på svensk er gjorde i dei svenskspråklege delane av Finland, og det er på Åland (Kimell, 2013) og i Nerpes (Bäckström, 2011), som er stadar der dialekta har ei sterk stilling (Bäckström, 2011, s. 70–72; Kimell, 2013, s. 40). Begge desse undersøkingane byggjer på ein kombinasjon av sjølvrapportering og studiar av faktisk språkbruk. Då det finst lite forskning på talemålsnær skriving på svensk i Sverige, er det ikkje mogleg å seia noko særleg om korleis det er med talemålsnær skriving i sosiale medium i Sverige samanlikna med Noreg. Derfor er det òg vanskeleg å seia kva for skrivemåtar svenskane tar med seg når dei flyttar til Noreg. Vangsnes (2019) poengterer at Noreg er eit språksamfunn der dialektbruk har forholdsvis høg status og at det i Noreg burde vera ein lågare terskel for å skriva dialektnært, samanlikna med mange andre europeiske land.

Talemålsnær skriving, som er typisk for språket i sosiale medium, er når du plasserer deg på ein skala der ein på den eine sida skriv i tråd med gjeldande rettskriving, og på den andre sida skriv slik du snakkar. Tidlegare undersøkingar viser at det finst mykje variasjon i kor talemålsnært ein skriv (Folkvord, 2020; Røyneland & Vangnes, 2020; Vangsnes, 2019). Samstundes som det finst variasjon i kor talemålsnær skrivinga er finst det likevel ofte ein systematikk. Eit døme på det er at personlege pronomen ofte blir realisert talemålsnært (Folkvord, 2020, s. 87–92).

Det er særleg geografisk tilhøyrslø og alder som påverkar korleis ein skriv i sosiale medium. I ein norsk samanheng førekjem dialektskriving i sosiale medium i høgare utstrekning i Nord-Noreg, Trøndelag og Vestlandet, men er mindre vanleg på Austlandet og Sørlandet. Når det gjeld alder er det vanlegare med talemålsnær skriving blant yngre enn eldre (Opinion, 2016).

I den tidlegare forskinga er det mogleg å snakka om ulike retningar for korleis ein ser på eksistensen til normene innanfor den talemålsnære skrivinga. Den eine teorien handlar om at ustandardiserte skriftspråksnormer er eit individuelt fenomen, og at det ikkje er mogleg å snakka om nokre felles normer. Mortensen og Stæhr meiner at dette heng saman med «en forestilling om sosiale medier og internettet som grænseløse sosiale rum, der er karakteriseret ved uendelige muligheder for uregulerede kommunikative og sproglige aktiviteter» (2018, s. 10), som blir omtalt av Pink og Postill (2012) som *the messy web*. Vikør (2007, s. 53) meiner at grunnen til dette kan vera ein mangel av ein overindividuell norm som standardiserte skriftspråk har. Bäckström (2011, s.

107–109) påstår at det ikkje er mogleg å snakka om at det finst normer i talemålsnær skrivning på sosiale medium då dei som skriv talemålsnært ikkje følgjer nokre reglar. Ho skildrar dei slik:

de regelløsa, består av dem som menar att det inte finns några regler och att det inte heller är nödvändigt med några sådana. Konsekvensen av detta är att informanterna skapar sina egna konventioner och istället för att lägga energi på vad som är rätt eller fel anammar ett regellöst skrivande enligt mottot «det blir som det blir». (Bäckström 2011, s. 108)

Samstundes som denne gruppa sjølv ikkje meiner at det finst nokre reglar, meiner Bäckström (2011, s. 109 og 209–210) at det er mogleg å snakka om *konvensjonar* i mindre grupper då dei blir påverka av korleis vennane deira skriv. Konklusjonane til Bäckström er baserte på sjølvrapporterte data om informantane sitt eige språk, men ho har også funne mykje inter- og intraindivuell variasjon i materialet. Det er ikkje mogleg å seia at informantane hennar følgjer normer, og dei strever ikkje heller mot å skapa nokre.

Folkvord (2020, s. 85–92) meiner, til skilnad frå Bäckström, at det finst internaliserte normer i språket på sosiale medium. Majoriteten av informantane til Folkvord realiserer ulike dialektale trekk på same måte, sjølv om det førekjem ein viss variasjon. At majoriteten av dialektskrivinga blir realisert likt gjer at det er mogleg å seia at det eksisterer ei internalisert norm. Materialet hans viser at informantane ikkje skriv slik dei snakkar, og ein kan derfor ikkje seia at det er ei fullstendig realisering av talemålet. Fleire av dei dialektale trekka som informantane nyttar i talemålet sitt vel dei ikkje å skriva når dei skriv talemålsnært, t.d. palatalisering, sjølv om dette trekket er mogleg å realisera i skrift. Folkvord går lenger enn det Bäckström gjer og omtaler dei språklege fellestrekka som internaliserte normer genererte av nettverk i vennegjengar som er i same dialogiske språkfelleskap. For at internaliserte normer skal oppstå må informantane sameksistera i same dialogiske språkfelleskap. Grunnen til at ein finn variasjonen handlar då om at informantar ikkje er i same nettverk. For at ein informant skal vika frå den fastsette norma må den standardavvikande varianten førekoma i nettverket til informanten. At ein ikkje vel å nytta seg av ein variant handlar også om prestisjen til varianten. Andre ting som kan påverka er kor mykje varianten avvik frå standardskriftspråket. Avvik talemålet kraftig frå standardskriftspråket er det meir sannsynleg å bruka den talemålsnære varianten, t.d. bruk av personlege pronomen der skilnaden mellom bokmålsorda *jeg/meg/deg/seg* avvik kraftig frå *æ/mæ/dæ/sæ*. Det finst ingen døme på bruk av bokmålsvariantar av personlege pronomen i materialet til Folkvord.

Samstundes som talemålsnær skriving er eit sentralt trekk til datamediert språk, er det fortsatt primært skriftspråk og ikkje talemål som blir studert. Dette gjer at sjølv om språket ber trekk frå talemålet er det tradisjonelle skriftbiletet viktig (Hårstad et al, 2021, s. 142). Folkvord (2020, s. 88) meiner at den talemålsnære skrivinga som informantane hans skriv byggjer på eit bokmålsfundament. Biletet av sosiale medium som «sprogligt og sociale normfrie rum» er ifølgje Mortensen og Stæhr ein unyansert framstilling som blir brukt negativt for å skildra forfalle til språket. Denne synsmåten tar for lite omsyn til at «kommunikative og sociale normer ikke opstår i et virtuelt vakuum, men konstrueres og forhandles i samspill med og på tværs av forskjellige hverdagsaktiviteter» (2018, s. 10). Korleis dette samspelet føregår skal me sjå nærmare på i neste avsnitt.

2.1.3 Rolla til mottakaren

Androutsopoulos (2011) meiner at språkbruken i datamediert kommunikasjon er meir styrt av mottakaren enn tema. Dette er fordi det sentrale formålet med datamediert kommunikasjon er å byggja relasjonar og at innhaldet i seg sjølv ikkje er det viktigaste. Til skilnad frå ein akademisk tekst ber ikkje datamediert kommunikasjon preg av at teksten skal bli ferdigstilt, då han er dialogisk. Ifølgje fleire tidlegare undersøkingar (Bäckström, 2011; Folkvord, 2020; Røyneland & Vangsnes, 2020) påverkar mottakaren korleis me skriv. Kommunikasjonen er avhengig av kven mottakaren er, og relasjonen mellom mottakar og sendar. Ein ting som påverkar språkbruken er kor formell relasjonen er. Finst det nokon form for makthierarki tenderer òg språket å vera meir standardnært, t.d. mellom elev og lærarar (Bäckström, 2011, s. 116; Røyneland & Vangsnes, 2020).

Ifølgje Bäckström (2011, s. 208–209) er dialekta til mottakaren avgjerande for om ein skriv på dialekt eller meir standardnært. Om dialekta til mottakaren er ukjent eller om mottakaren ikkje snakkar same dialekt, vel ein standardnære former. Liknande tendensar finst i resultatet til Folkvord der alle informantane skriv talemålsnært når dei skriv med ein venn dei har kjent sidan barndoms-/ ungdomstida. Til personar dei har møtt i vaksen alder er det større variasjon. Dette forklarar Folkvord (2020, s. 96–98) med at ein har lausare nettverkstilknytning til kvarandre og derfor ikkje like sterke operative skriftspråksnormer.

I norske undersøkingar har ein òg funne skilnadar mellom bruken av målformene avhengig av kven mottakaren er. Undersøkinga til Røyneland og Vangsnes (2020, s. 385) viser at bokmål er meir

nøytralt enn nynorsk, og at nynorsk i høgare grad blir sett på som eit skolespråk. På Sunnmøre skriv 75,5 % på nynorsk, og berre 10,2 % på bokmål til læraren sin. I eit allment diskusjonsforum skriv dei same elevane 38,8 % nynorsk og 24,5 % bokmål. Desse funna peiker på at når mottakaren er ukjent eller når me vil vera anonyme, vel me å skriva den mest nøytrale forma, og at denne er bokmål.

2.2 Kommunikasjon mellom svenskar og nordmenn

2.2.1 Det skandinaviske dialektkontinuumet

I artikkelen 'Abstand Languages' and 'Ausbau Languages' frå 1967 lanserte Kloss omgrepa *abstand languages* og *ausbau languages*. På norsk bruker Vikør (2007, s. 54) omgrepa *avstandsspråk* og *utbyggingspråk*. Avstandsspråk er to språk som på reint lingvistiske grunnlag kan bli definerte som to ulike språk og utbyggingspråk kan bli brukt for dei språka som blir omtala som to ulike språk, men reint lingvistisk burde bli definert som to ulike dialekter. I staden for lingvistiske årsaker er det politiske og kulturelle grunnar til at dei er definerte som ulike språk.

Torp meiner at «utfrå avstandsspråkskriteriet er altså dansk, norsk og svensk ikkje å rekne som tre ulike språk, men berre som tre *dialektar* av eitt språk som kunne kallast *skandinavisk*» (1998, s. 26). Ettersom norsk, svensk og dansk ikkje oppfyller avstandskriteriumet, meiner Torp at dei er døme på *utbyggingspråk* då dei lingvistiske likskapane er så store at dei er gjensidig forståelege då «skandinavar som snakkar med folk frå grannelanda, normalt oppfører seg på same vis som når folk med ulike dialektar innanfor det same landet pratar med kvarandre, ein ”modererer” kanskje målet litt, men ein skifter ikkje heilt språk» (Torp, 1998, s. 25). Dette gjeld ikkje for islandsk og færøysk då desse språka ikkje kan bli brukte i kommunikasjon med skandinavisk ettersom dei lingvistiske skilnadane er for store (Torp, 1998, s. 26).

Slektskapet mellom dei nordiske språka har tradisjonelt blitt inndelt i tråd med stamtremodellen i *austnordisk* (dansk og svensk) og *vestnordisk* (norsk, færøysk og islandsk). Denne inndelinga byggjer på historisk språkutvikling, der den første dialektgrensa oppstod og delte *urnordisk* i to grupper. At norsk i dag likevel er likare språka i den austnordiske språkfamilien forklarar Torp med hjelp av bølgeomodellen. Bølgeomodellen skildrar korleis novasjonar spreier seg som bølger når ein stein treffer vasshinna. Bølgeomodellen fungerer godt, både for å forklara kvifor norsk i dag er meir

likt svensk og dansk, men òg det skandinaviske dialektkontinuumet. Då den geografiske avstanden er så mykje kortare i Skandinavia enn kva dei er i heile Norden, er det fleire novasjonar som har spreidd seg i Skandinavia, men ikkje i heile Norden (Torp, 1998, s. 28–31). Bølgjemodellen forklarar kvifor me kan omtala det skandinaviske dialektkontinuumet som akkurat eit kontinuum då ikkje alle novasjonar har spreidd seg i heile Skandinavia. Dei fire skriftspråka byggjer på ulike dialekter innanfor det skandinaviske dialektkontinuumet (Torp, 1998, s. 26). Dansk og bokmål er dei skriftspråka som inneheld flest novasjonar, mens svensk og nynorsk er meir arkaiske (Torp, 1998, s. 35).

2.2.2 Språkforståing

Reint teoretisk burde altså språkforståing ikkje vera eit stort problem i kommunikasjonen mellom svenskar og nordmenn, men fordi svensk og norsk er to utbyggingspråk som brukast i ulike land kan det likevel finnast utfordringar. Delsing og Lundin (2005) såg på leseforståinga i Norden av andre nabospråk. Det finst nokre delar i resultata som er viktige å løfta fram her. Det eine er at nordmenn er bedre i leseforståing av ein svensk tekst enn kva svenskar er til å forstå norsk. Dette gjeld både dei norske informantane som bur i Bergen og dei som bur i Oslo. Det andre er at svenskar har høgare leseforståing av nynorsk enn bokmål (Delsing og Lundin, 2005, s. 68). Delsing og Lundin (2005, s. 136–137) peiker på fleire årsaker til at nordmennene har bedre leseforståing av svensk enn motsett. Ein av årsakene er haldningar til språket. Nordmennene har meir interesse for kva som skjer i Sverige og konsumerer meir svenske nyheiter og tar del av svensk kultur enn det svenskar gjer. Det er òg fleire nordmenn som synest at svensk er fint enn svenskar som synest norsk er fint. Den andre forklaringa er at nordmenn er meir vane med språkleg variasjon fordi ein har to skriftspråk og meir «levande» dialekter enn i dei andre nordiske landa. Denne vanen gjer at ein er meir trent til å forstå avvikande ordformer.

I ein nyare rapport (Nordisk ministerråd, 2021, s. 34) er det, ifølgje sjølvrapporterte tal, 30 % av nordmennene som har møtt svensk i film, TV, strøymetenester med bevegelege bilete, dataspel, teater, litteratur, blad eller aviser dei seinaste to månadene og 32 % av svenskane hadde møtt norsk. Då tala er veldig like ser det ut til at den skilnaden som Delsing og Lundin peikte på, ikkje er like sterk i dag. På spørsmålet om kva for språk dei bruker i møte med ein som snakkar eit anna skandinavisk språk er det hos nordmennene 83 % som bruker norsk, 2 % ei blanding av

skandinaviske språk og 36 % som bruker engelsk.¹ Motsvarande tal for svenskane er 61 % svensk, 5 % blanding av skandinaviske språk og 57 % engelsk (Nordisk ministerråd, 2021, s. 33).

Nordmennene bruker altså i høgare grad sitt førstespråk enn svenskane, mens svenskane i høgare grad blandar eller snakkar engelsk. Det er 90 % av nordmennene som synest det er lett å forstå svensk og 80 % av svenskane som synest norsk er lett å forstå. Språkforståinga er altså høg i begge landa, sjølv om ho framleis er litt høgare i Noreg (Nordisk ministerråd, 2021, s. 30).

Dei to studiane nemnte ovanfor ser på svenskar som bur i Sverige og ikkje svenskar som bur i Noreg. Andersen (2014) undersøkte korleis lytteforståinga var hos svenskar som bur i Oslo og har samanlikna resultatata med resultatata til Delsing og Lundin (2005). Resultata viser at lytteforståinga var høgare hos svenskane som bur i Oslo samanlikna med svenskane i Sverige. Andersen (2014, s. 121) konkluderer med at auka eksponering har høg påverknad på lytteforståinga.

2.2.3 Akkommodering

Akkomodasjonsteorien vart etablert i starten av 1970-tallet (Giles et al., 1973). Teorien fokuserer på korleis individet tilpassar språket sitt til samtalepartnaren. Ifølgje teorien finst det to ulike vegar å velja når ein tilpassar talemålet. Har ein positive haldningar mot samtalepartnaren *konvergerer* ein talemålet til samtalepartnaren, altså snakkar meir likt samtalepartnaren. Er haldningane til samtalepartnaren negative *divergerer* ein talemålet, det vil seia, snakkar meir ulikt.

Språksituasjonen for innvandrande svenskar til Noreg er annleis enn han er for andre innvandrargrupper i Noreg. Sverige og Noreg er to naboland med fleire fellestrekk som gjer det enklere for svenskar å «gli inn» i det norske samfunnet, og dei risikerer ikkje å hamna i utanforskap på same måte som andre innvandrargrupper der dei kulturelle skilnadane er større. Ein av desse fellestrekka er språka som har store lingvistiske likskapar (Tolgensbakk, 2014, s. 63). Trass i den høge språkforståinga viser fleire undersøkingar at tilpassing skjer (Nordenstam, 1979; Rydving, 2013; Sandbakk, 2009, Tolgensbakk, 2014). Dette går mot hypotesen til Torp (1998) om at tilpassing ikkje er naudsynt. Han skildrar språksituasjonen slik:

Ut frå desse kjensgjerningane kan vi i grunnen dra den konklusjonen at svenskane har svært liten grunn til å akkomodere i grannspråkskommunikasjon: Både danskar og nordmenn forstår svensk bra (nordmennene jamvel framifrå), og dessutan er svensk det mest populære språket i Skandinavia. Svenskar vil faktisk kunne risikere

¹ I undersøkinga var det mogleg å velja fleire enn eit alternativ.

negative reaksjonar dersom dei ”knotar” for mykje, fordi både danskar og (særleg) nordmenn kan tenkjast å føretrekkje ”rein” svensk framfor t. d. ”svorsk”. (Torp, 1998, s. 115)

I 1973 skrev Kerstin Nordenstam avhandlinga si om talemålet til kvinnelege svenskar i Bergen. Ut frå undersøkinga hennar kan ein peika på fleire ulike forklaringar til at tilpassing førekjem. Informantane hennar vart oppmoda til å snakka svensk av nordmenn, og lærte seg ikkje å snakka norsk, fordi nordmennene meinte at svensk er eit vakkert språk. Dette gjeld likevel berre den «bildade högsvenskan». Dialekter (særleg sydsvenske) har ikkje den same prestisjen. Nordmennene reagerte ikkje på at svenskane bytte ut enkelte ord som er ulike i dei to språka, det viktigste var at det lét svensk. Nordenstam (1979, s. 14) peiker på den asymmetriske relasjonen mellom Noreg og Sverige der statusen til svensk er høgare. Masteroppgåva til Sandbakk frå 2009 byggjer på metodane til Nordenstam. Informantane hennar er fem svenskar som bur i Bodø. Ein av dei problemstillingane som ho ser på og samanliknar med Nordenstam er statusen til svensk. I nyare tid er det ikkje lenger slik at svensk har ein høgare status meiner Sandbakk (2009, s. 88). Informantane hennar meiner at å snakka svensk ikkje skapar negative assosiasjonar, men heller ikkje positive. Statusen til svensk i dag kan altså nærast bli omtalt som nøytral.

Då Nordenstam såg på korleis svenskar i Bergen tilpassa talemålet, fekk informantane hennar snakka med Nordenstam (1979, s. 26–29) som sjølv snakka svensk, men også med ein norsk intervjuar. Generelt er informantane meir norskspråklege når dei snakkar med ein norsk intervjuar, og meir svenskspråklege når dei snakkar med ein svensk. Når svara var meir spontane svara dei på det språket dei er mest vande til (for dei aller fleste norsk). Likevel kunne Nordenstam sjå at informantane hennar plukka opp enkelte svenske ord frå henne som dei ikkje gjorde når dei berre snakka med den norske intervjuaren (1979, s. 125–130).

Vikør (2007, s. 72–73) poengterer at ein del av å flytta til eit nytt språkmiljø er å ta omsyn til nye språklege normer. Internaliserte språklege normer er noko me får allereie i barndommen, men me blir òg påverka gjennom heile livet. Ein person som flyttar til eit nytt språkmiljø kan handtera det på fleire ulike måtar. Ein måte er å nærma seg dei nye språklege normene og internalisera dei i språket sitt. Vikør påpeikar likevel at det er sjeldan noko slik skjer fullstendig, men at det til ein viss grad kan skje. Det som òg kan skje, er at ein får eit større språkleg repertoar og at me følgjer ulike normer i ulike miljø. Ein tredje veg er å halda på dialekta, noko som i ein norsk samanheng ofte er det naturlege og ein del av norma. Når Vikør omtaler dette er det frå eit dialektperspektiv, men som

Torp (1998, s. 25) påpeikar, er det mogleg å samanlikna situasjonen for dei som kommuniserer mellom skandinaviske land med å kommunisera med ein frå eit anna dialektområde.

2.2.4 Kodeveksling og språkleg interferens

Som eg nemnte i innleiinga er varietetane tydeleg åtskilde ved kodeveksling, men ikkje ved språkleg interferens. Språkleg interferens oppstår hos tospråklege talarar gjennom at dei avvik frå norma i eit eller begge språka fordi dei er tospråklege (Weinreich, 1953, s. 1). Å blanda grammatiske system bryt med Saussure sitt syn om at språk er lukka autonome system i hjernen. Cummins (1979) meiner at språklege kunnskapar i ulike språk ikkje er uavhengige av kvarandre, då det er mogleg å føra over språkleg praksis frå eit språk til eit anna. García og Wei (2019, s. 30) peikar på fleire studiar som stadfestar Cummins hypotese som viser at sjølv om berre eitt språk er i bruk, er det andre språket framleis aktivt. Nordenstam (1979, s. 122) peikar i resultata sine på at språket til informantane hennar både kan vera svensk og norsk samstundes; det er òg vanskeleg å laga eit klart skilje mellom språka på grunn av likskapane deira.

Det er fleire påverknadsfaktorar som bidrog til at informantane varierte mellom svensk og norsk, poengterer Nordenstam (1979). Som me kunne sjå i tidlegare avsnitt er akkomodering til samtalepartnaren ein grunn til at ein kodevekslar, men det er ikkje det einaste Nordenstam fann. Her skal me sjå på dei som ikkje berre kan vera aktuelle i tale, men òg i skrift. Nordenstam (1979, s. 123–124) peiker på forklaringsmodellen til Hasselmo (1972, s. 2) som skil mellom det han kallar *funtionell språkväxling*, 'funksjonell kodeveksling', der årsakene er sosiale, t.d. skifte av samtaleemne, samtalepartnar eller stil, og *urspåring*, 'avsporing', der årsakene er språklege. Omgrepet og det metaforiske biletet *avsporing* refererer til er at den som talar, mister kontrollen over kva slags varietet hen ønskjer å bruka og seier feil. Det metaforiske biletet avsporing skapar likevel eit misvisande bilete då det skapar eit inntrykk av at ein heilt avvik frå varietetane, mens det eigentleg handlar om at du uforsettleg skiftar frå ein varietet til ein annan. Derfor kjem eg vidare i denne oppgåva til å kalla det Nordenstam refererer til som urspåring for *spurveksling* som teiknar eit meir riktig metaforisk bilde av det språklege som skjer.

Spurveksling kan bli trigga gjennom at ord frå det andre språket blir brukt eller at ord som liknar på ord i det andre språket blir brukt. Når det er store lingvistiske likskapar mellom varietetane er det altså meir sannsynleg at ein kodevekslar.

Dei døma Nordenstam (1979, s. 125–137) fann på *funksjonell kodeveksling* var kodeveksling etter person (svensk eller norsk samtalepartner), metaforiske vekslingar (ved omtale av særsvenske eller særnorske ting) og sitatveksling (skifte av varietet pga språkbruken hos personen ein siterer).

2.2.5 Identitet og språkblanding

Omgrepet identitet er eit komplekst og samansett omgrep som ikkje er lett å avklara på ein enkel måte. Ei vanleg forestilling er at identitet og språk er knytte til kvarandre. Eg skal i denne delen gjera greie for dei mest sentrale aspekta kopla til identitetsomgrepet i språk, då særleg knytt til stadsidentitet og språkblanding. Ein sentral konflikt i språkvitskap er den mellom *essensialisme* og *sosialkonstruktivisme*. Kort oppsummert handlar eit essentialistisk syn om at alle ting har ein opprinnelig essens og som ein ikkje burde endra, men i staden for burde freda. Den sosialkonstruktivistiske synsvinkelen handlar om at det ikkje finst nokon opprinneleg essens, men at essensen er ein sosial konstruksjon som me har danna, som kan endra seg. Ein del i dei sosialkonstruktivistiske syna på språk er at me gjennom språklege val, skapar ein del av identiteten vår, både i forhold til oss sjølv og kven me ønskjer å høyra saman med og ikkje. Språkval skjer til stor del ubevisst, men likevel er ikkje språkbruk tilfeldig. Den språklege åtferda vår «sammanfaller med sosiale faktorar som for eksempel kjønn, alder, klassetilhørighet og graden av formalitet i en interaksjon» (Hårstad et al., 2021, s. 41–43). Hårstad et al. (2021, s. 143) peiker på at når eit grafisk uttrykk blir oppfatta som «en språklig distinksjon, kan denne bli indeksert med sosial informasjon, uavhengig av om tegnet er fonisk, grafisk eller mediert på en annen måte». Eit døme er dei skandinaviske bokstavane og viser til ein studie av Strandberg (2020) der ein fann ut at internasjonale bedrifter tok i bruk særskandinaviske bokstavar for å ta fordel av positive assosiasjonar til Skandinavia og Norden (Hårstad et al., 2021, s. 144).

Ei teoridanning som legg mykje vekt på å halda på essensen til språk er *purisme*. Fokuset ligg særleg på at språk ikkje skal bli blanda, då dette øydeleggjer det opprinnelege i språket (Vikør, 2002, s. 36–37). Fellestrekka til ulike typar av språkblanding, som knoting, kodeveksling, multietnolekt, pidgin og kreol, er at haldningane mot alle desse er svært negative. Ei årsak til dei negative haldningane er at språkblanding «utfordrer noen konvensjonelle kategoriseringer og slik sett *bryter* bestemte symbolske grenser» hevdar (Mæhlum, 2011, s. 6). Desse symbolske grensene kan metaforisk bli samanlikna med ved ein fysisk struktur. Syna på språk som ein fysisk struktur har ein lang tradisjon i ein vestleg kulturkrins (Mæhlum, 2011, s. 17). Det er særleg det metaforiske

biletet av språk som ein naturressurs eller eit territorium som er relevant å diskutera her. Når ein språkbrukar «utan rette» tar i bruk eit språk, samanliknar Mæhlum det med nokon som «tar den aktuelle naturressursen i bruk, alternativt trenger seg inn på annen manns eiendom» (2011, s. 17). Denne samanlikninga gir eit godt bilete på kvifor haldningane til språkblanding er negative.

Ei språkutvikling i Noreg i samtida er nivellering eller regionalisering, det vil seia at dei mest lokale variasjonsformene blir meir reduserte til fordel for regionale variantar (Mæhlum, 2002, s. 68–72). Mæhlum spør vidare om denne utviklinga heng saman med tilhøyrsløse og identifisering. Spørsmåla ho stiller er:

Fungerer dette fortsatt som et sentralt identifikasjonsgrunnlag, eller er det kanskje andre sosiogeografiske enheter som har overtatt denne funksjonen? Er i så fall disse enhetene regionalt baserte, eller er de snarere nasjonalt funderte? Eller er de kanskje rett og slett internasjonale og globale i visse henseender?. (Mæhlum, 2002, s. 80)

Mæhlum meiner at det lokale hadde ein større påverknad på identiteten tidlegare. Ei nyare utvikling er at det regionale og nasjonale har blitt ein større del av identiteten. Utviklinga er altså ein høgare grad av homogenitet. Samstundes spelar det lokale ennå ei viktig rolle, men at det lokale har blitt meir heterogent enn tidlegare. Dette resulterer i større språkleg variasjon og ein større språkleg valfridom. Samstundes som me i høgare grad kan velja kva for felleskap me ønskjer å høyra til, kan me òg velja kven me ikkje ønskjer å identifisera oss med. Dagens aukande geografiske mobilitet gjer at det er fleire lokalmiljø me kan kjenna at me høyrer til. (Mæhlum, 2002, s. 84)

Funna til Nordenstam (1979, s 172) viser at det finst ein korrelasjon mellom å føla ein norsk identitet og å bruka det norske språket (og motsett for svensk). For ein person med sterk svensk identitetskjenning er det å snakka svensk ein måte å halda på den svenske identiteten. Denne gruppa bruker berre norske ord når det er naudsynt for å bli forstått. På den eine side ligg konflikten i å bli fullverdig forstått, og på den andre å uttrykka kven du er og din identitet. Andre faktorar som hindrar og støttar tilpassing for svenskar i Noreg er:

Faktorer som hindrar anpassningen till norskan:	Faktorer som underlättar anpassningen till norskan:
Inf har hög social status	Inf har låg social status
Inf har hög utbildning i Sverige	Inf har låg utbildning i Sverige
Inf är från storstad	Inf är från landsbygden
Inf har en nedlåtande inställning till den norska livsstilen	Inf har en positiv inställning till den norska livsstilen
Inf arbetar i ett högstatusyrke i Norge	Inf arbetar i ett lågstatusyrke i Norge
Inf är gift med svensk eller umgås mest med svenskar	Inf är gift med norrman
Inf utöver eget (högstatus)yrke i Norge	Inf är hemmafru (och har man med hög status)
Inf talar vacker högsvenska	Inf har barn (helst flera)
Inf reser ofta och/eller länge till Sverige	Inf har dålig råd att resa till Sverige och i övrigt uppehålla kontakten med det svenska
Inf har tillgång till sv böcker och tidningar	Inf umgås med norsk svärmor och släkt
Inf har telefon och pengar att ringa till Sverige	Inf har vunnit i social ställning genom flyttningen
Inf har höga krav på språk och ogillar språkblandningar	Inf har en kravlös inställning till olika språkformer
Inf har ett genomtänkt förhållande till sitt eget språk o sin identitet	Inf bryr sig inte särskilt om sitt eget språk
Inf är inställd på att stanna kort tid	Inf har utbildat sig i yrke i Norge
Inf har negativa personliga upplevelser i Norge	Inf skall stanna länge i Norge
	Inf har positiva personliga upplevelser i Norge

Figur 2.1: Faktorar som hindrar/støtter tilpassing til norsk hos svenskar som bur i Bergen (frå Nordenstam 1979, s. 172)

2.3 Skilnadar mellom norsk og svensk

I dette kapittelet kjem eg til å skildra likskapane og skilnadane som finst i dag mellom begge målformene nynorsk og bokmål med svensk.

2.3.1 Ortografiske konvensjonar

I dette avsnittet skal me sjå på dei ortografiske konvensjonane som skil norsk og svensk skriftspråk frå kvarandre. Torp (1998, s. 62–65) peiker på fleire skilnadar. Når det gjeld ortografiske vokalteikn bruker ein i svensk *ä* for norsk *æ* og *ö* for norsk *ø*. Samstundes er *æ* i norsk meir uvanleg i norsk enn kva *ä* er i svensk. Denne skilnaden er ikkje berre grafisk, men kjem av at *æ* i norsk hovudsakleg berre blir brukt foran /r/. Skilnaden mellom *gevär* (svensk) og *gevær* (norsk) er altså berre ortografisk, men ikkje *läsa* (svensk) og *lesa* (norsk). Ein annan skilnad når det gjeld vokalteikn er at diftongar med fremre sistekomponent på svensk blir skrivne med *j* på svensk, men med *i* eller *y* på norsk, t.d. *nej* (svensk) og *nei* (norsk).

Ser ein på konsonantteikna bruker ein antikverte skrivemåtar på svensk. Døme på det er bruken av *x* i svensk der ein i norsk bruker *ks*, *ck* i staden for *kk*, *g* og *k* i staden for *gj* og *kj* føre *e*, *ø/ö* og *æ/ä*. På svensk skriv ein altså *lax*, *tack*, *göra* og *kött* i staden for *laks*, *takk*, *gjera* og *kjøtt*. Ein annan skilnad er svesisering/norvagisering av franske importord. Svensk har halde på den franske stavemåten av *sj*-lyden og svensk har av den grunn stor variasjon i realisering av *sj*-lyden, t.d. *ch*, *j*, og *g*. Dette gjeld òg suffikset *-tion* i staden for *-sjon*.

Svensk bruker oftare dobbeltkonsonant enn kva ein gjer i norsk, dette gjeld særleg i grammatiske ord, t.d. *att* 'at' og *till* 'til'. I norsk og svensk finst det ein regel som seier at *m* ikkje blir dobbel i utlyd. I svensk gjeld denne regelen berre om det ikkje skjer ein forveksling med eit anna ord, t.d. *dam* og *damm*. Regelen for *m* i utlyd gjeld òg for *n* i svensk, men ikkje norsk.

Ein annan skilnad er morfofonemisk skrivemåte av *d + t*. Svensk har ein ortofon skrivemåte, mens norsk har ein morfofonemisk. På svensk skriv ein altså *röd* > *rött*, mens ein på norsk skriv *rød* > *rødt*. Ein annan skilnad er *nd/ld* eller *nn/ll*. Svensk og norsk staving av *nn* er i stort sett samstemmig, men *ll* i staden for *ld* er vanlegare i svensk enn i norsk. Denne skilnaden er ikkje berre ortografisk, men uttalen av *ld* og *nd* samsvarar i svensk oftast med skrivemåten. På svensk skriv ein altså *kväll* og *land* som blir altså blir uttalt som dei blir skrivne, mens *kveld* og *land* ikkje blir uttalt med /d/ på dei fleste norske dialekter.

Trekka som eg har gjort greie for fram til no er skilnadar mellom svensk og begge målformene. Bokmål har tre novasjonar som ein òg har i dansk, og som påverkar skrivemåten, men som nynorsk ikkje har. Ein av desse er monoftongering som ein òg har i svensk skriftspråk. På svensk skriv ein t.d. *höst*, på bokmål *høst*, mens ein på nynorsk skriv *haust*. Innovasjonane vokalreduksjon og felleskjønn blir presenterte i neste avsnitt der me skal sjå nærmare på skilnadar i bøyingsystemet.

2.3.2 Bøyingsystemet

Torp (1998, s. 79–80) presenterer ein oversikt over skilnadane mellom skilnadar i bøyingsystemet av substantiv, adjektiv og verb:

	nynorsk	svensk	bokmål
Substantiv genussystem	3 ein bil bilen ei bygd bygda eit hus huset	2 en bil bilen en bygd bygden ett hus huset	2/(3) en bil bilen en/ei bygd bygden/bygda et hus huset
vanlegaste endingar i flt.	-ar / -er bilar bygder	-ar / -er bilar bygder	-er biler bygder
Adjektiv bestemt form og fleirtal	-e fine	-a fina	-e fine
vanlegaste ending i komp.	-are finare	-are finare	-ere finere
Verb infinitiv	-a / -e kasta/kaste	-a kasta	-e kaste
pres. i svake verb	-ar / -er kastar kjøper	-ar / -er kastar köper	-er kaster kjøper
pres. i sterke verb	-Ø skriv	-er skriver	-er skriver
supinum i svake verb	-a / -t kasta kjøpt	a t / -t kastat köpt	-et e l. -a / -t kastet/kasta kjøpt
supinum i sterke verb	-e e l. -i skrive/skrivi	-it skrivit	-et skrevet
kongruens i perf. partis.	+ / [-] skriv-e(n) / -ne	+ skriv-e(n) -na	- skrevet

Figur 2.2: Skilnadar i bøyingssystemet for substantiv, adjektiv og verb i nynorsk, svensk og bokmål (frå Torp, 1998, s. 79–80)

Ser me til substantiva har svensk same innovasjon som finst i bokmål med felleskjønn. I bokmål er denne innovasjonen ikkje like gjennomført som i svensk, då t.d. *-a* ending i bestemt form og artikkelen *ei* er valfrie i bokmål. Pluralendingane av substantiv er likevel meir like i svensk og nynorsk, då ein i bokmål (og i dansk) har innovasjonen vokalreduksjon som ein altså ikkje har i svensk og nynorsk. Svensk og norsk er òg likare kvarandre når det gjeld adjektiva. Den vanlegaste endinga i komparativ er *-are* i nynorsk og svensk, medan ein i bokmål berre har *-ere*. Det er likevel berre svensk som har *a*-ending av adjektiv i bestemt form og plural der begge målformer har *-e*. Når det gjeld verba finst det både fellestrekk mellom nynorsk og bokmål med svensk. I svensk har ein berre *a*-ending i infinitiv, medan ein i nynorsk både har *-e* og *-a*, men berre *-e* i bokmål. I presens er det hovudsakleg samsvar mellom svensk og nynorsk i dei svake verba og samsvar mellom svensk og bokmål i dei sterke verba. Dei svenske supinumendingane er mest like nynorsk i bruk av vokalar, men konsonantismen er meir lik bokmål då vokal + t ikkje førekjem i nynorske partisipp. Til saman kan me sjå at i alle dei tilfella der nynorsk kan ha *-a* har svensk det, men at framfor alt felleskjønn gjer at det òg finst likskapar mellom svensk og bokmål (Torp, 1998, s. 79–80).

2.3.3 Ordtilfanget

Ordtilfanget i svensk i forhold til bokmål og nynorsk er tvitydig, meiner Torp. Det finst døme på at ein i svensk og nynorsk bruker same arveord der bokmål i staden for bruker tyske importord og at

nynorsk og svensk derfor har meir til felles i ordtilfanget. Ein skriv t.d. både *steg* på svensk og nynorsk, men *skritt* på bokmål. Dette gjeld likevel ikkje i alle tilfelle. Nynorsk har ein mykje høgare antitysk, puristisk språkideologi som ein ikkje finn mykje av i bokmål, og heller ikkje i svensk. Ein skriv t.d. *dumhet* på både bokmål og svensk, men *dumskap* på nynorsk. Ein annan grunn til skilnadar i ordtilfanget er at ein har importert ulike tyske ord i språka. I svensk skriv ein t.d. dei tyskimporterte orda *fråga* 'spørja', *fönster* 'vindaug' og *svår* 'vanskeleg'. Døme på tyskimporterte ord som blir brukte i begge norske målformer er *mangel*, *stilling* og *årsak* der ein i svensk i staden for bruker dei nordiske arveorda *brist*, *läge* og *skäl*. Det finst òg tilfeller der ein har importert ulike tyske låneord i språka, t.d. *omtrent* i norsk og *ungefär* i svensk. Begge desse orda kjem frå tysk, men ein har importert ulike ord for same definisjon. Ein annan skilnad i ordtilfanget er at ein har fleire franske importord i svensk enn kva ein har i norsk. Av den grunn finst det fleire svenske ord som har sitt opphav i fransk, men som ikkje finst i norsk, t.d. *fåtölj* 'lenestol', *trottoar* 'fortau', *pjäs* 'stykke' og *glass* 'is' (Torp, 1998, s. 82–83).

2.3.4 Normering

Ein annan stor skilnad mellom norsk og svensk skriftspråk er normeringa. Det finst fleire ting som skil norsk og svensk normering frå kvarandre, men i dette kapitlet kjem eg til å fokusera på den Josephsson (2018, s. 282) meiner er den mest sentrale skilnaden, nemleg graden av valfridom:

Typisk för norsk normering är en hög värdering av variation, utifrån demokratiska argument. Särskilt i jämförelse med Sverige finns en starkare insikt om att de ortografiska, lexikala och grammatiska val som syns i den kodifierade normen uttrycker makt- och dominansförhållanden. Det är ett resultat av motsättningarna mellan bokmål och nynorska, liksom mellan olika varianter av främst bokmål, och den ständiga diskussionen om vilka (dialekt-)former som ska kodifieras inom respektive skriftstandard. (Josephsson, 2018, s. 282)

Valfridomen i norsk er altså eit resultat av kven ein skal normera talemålet etter. I Haugen sin modell (1983), og som har fått stor spreining i internasjonal litteratur, etablerer han tanken om at det første steget i å etablere ein normal er å vedta kven sitt talemål ein skal normera etter. Kven sitt talemål dei norske målformene er basert på, har gjennom historien endra seg. Opphavleg kan ein seia at riksmålet (i dag ein variant av bokmål) er basert på språket til den danna overklassen i byane, og altså i tråd med Haugen-modellen med å berre velja eit talemål som ein baserer seg på. Denne gruppa brukte eit språk som låg nær dansk, samstundes som dei hadde ein særnorsk uttale (Jahr, 2019, s. 26). Frå 1917-reforma blir bokmål normert både etter den danna daglegtalen, austlandske dialekter og arbeidarmål i byane. Ein går altså frå å berre normera skriftspråket etter talemålet til éi

gruppe til å normera etter fleire. Fleire av dei formene som var valfrie i 1917-reforma vart eineform i 1938-reforma, t.d. *stein*, mens nokre vart valfrie (t.d. *rein/ren*) (Jahr, 2019, s. 100–101). At ein har normert bokmål etter fleire ulike talemålsvarietetar, forklarar den breie variasjonen innom bokmål, men også samnorsk tilnæringspolitikk mot nynorsk. Stortinget vedtok i 2002 at målsetninga ikkje lenger er samnorsk, men at dei to målformene skal vera ein permanent tilstand. Aasen-normalen som er den første normalen av *landsmålet* (i dag: nynorsk) tar ikkje utgangspunkt i bymålene, til skilnad frå bokmål, då Aasen meinte at desse var altfor danskinfluerte. I staden for tar Aasen utgangspunkt i dei dialektene han meinte minte mest på gammalnorsk, og altså i minst grad var påverka av dansketida. Aasen-modellen bryt med Haugen-modellen då han ikkje valte ut éi dialekt å normera etter, men fleire. I Aasen-normalen skulle det ikkje finnast nokon valfridom på korkje bøyning eller ordformer (Jahr, 2019, s. 19–27). Valfridomen i nynorsk i dag er eit resultat av at ein har nærma seg talemålet, men også samnorsk tilnæringspolitikk mot bokmål. Det finst fleire årsaker til den valfridomen som finst i norsk, men som ikkje finst i svensk i dag. Ein av desse er historisk, og Omdal og Vikør omtaler det slik:

Denne perioden [1500-talet] var derfor spesielt viktig med tanke på etablering av et eget skriftspråk, men Norge gikk på grunn av de politiske forholda glipp av denne sjansen til å få et eget norsk skriftspråk til erstatning for de gamle. Det er viktig å ha klart for seg at de danske og svenske skriftspråkstradisjonane går flere hundre år tilbake, og derfor spiller en ganske annen rolle enn de norske. Vi har til sammenlikning nesten ingen tradisjon. (Omdal & Vikør, 2002, s. 63)

Samanlikna med norsk er den svenske skriftspråkstradisjonen mykje eldre, og derfor òg meir stabil. At den seinaste svenske stavingsreforma var i 1906 og den seinaste norske i 2012 er eit godt døme på det. Etter at stavingsreforma i 1906 vart ein del av den rådende norma har ein ikkje hatt nokre store systematiske språkreformar i Sverige (Josephsson, 2014, s. 17). Språk er noko som svenskar ikkje tenker over i ein høgare grad, og meiningane om språk er anten nøytrale eller seier mot seg sjølv (Josephsson, 2018, s.32).

Utviklinga av eit svensk standardtalemål er ein viktig del for å forklara korleis ein har normert svensk rettskriving. Dagens standardsvensk er eit resultat mellom dei to standardtalemålsvarietetane *boksvensk* og *talsvensk*. Talsvensk ligg lenger frå skriftspråket og er den varietetten som vart brukt av den danna overklassen i byane i slutten av 1800-talet, mens boksvensk ligg nær opplesen skriftspråk. Dagens standardsvensk ligg nærare på boksvensk enn talsvensk. Dei trekka frå boksvensk ein ser i dagens svenske standardtalemål handlar om at ein hovudsakleg ikkje utelèt

stumme konsonantar (i ord som t.d. *jag, röd, är*), at ein bruker preteritumendinga *-ade* i staden for *-a* for svake verb, at ein ikkje assimilerer *tn* og *dn* (i ord som *drottning* og *vändning*) og at ein ikkje bruker reduserte og senkte former (i ord som *till* og *vid*). Dei formene frå talsvensk som er i bruk i standardtalemål har i fleire tilfelle blitt til valfrie former i standardskriftspråket, t.d. kortformer av verb som er i bruk, t.d. *ta* i staden for *taga* eller dei talemålsnære formene *mej/dej/sej* i staden for dei tradisjonelle variantane *mig/dig/sig*. Variasjonen handlar altså ikkje om at ein normerer etter variasjon i talemålet, men at ein har valfrie former som i høgare grad stemmer med standardtalemålet (Nilsson & Petzell, 2015, s. 366).

Ifølgje Nilsson og Petzell (2015, s. 365) er tanken om eit overregionalt standardtalemål i Sverige i dag død. I dag finst det fleire ulike standarduttalar prega av ein viss regional variasjon som fortsatt er å sjå på som standardtalemål, då alle desse kan bli brukte i offentlege kontekstar utan at nokon reagerer. Dette er ein av årsakene til at ein bør unngå omgrepa riksmål, men heller bruka standardtalemål. Josephsson (2018, s. 183) løftar at det austsvenske talemålet ennå har ein viss påverknad på skriftnormeringa samanlikna med dei andre regionale varietetane. Eit døme er at Svenska språknämnden i 2005 rådde mot konstruksjonen *detta/denna* (som er norm i vestsvensk talemål), og anbefalte den austsvenske varianten *det här/den här*.

Josephsson (2018, s. 182–183) poengterer at det finst både fordelar og ulemper med variasjon innanfor den kodifiserte norma. Fordelen med ingen valfridom er at språket blir framstilt som meir nøytralt. Ulempene er at det i røyndomen ikkje er det, men er eit resultat av ein utvalsprosess; i praksis vil det alltid vera variasjon. Sjølv om ein i teorien jamstiller ulike variantar med mykje variasjon og ikkje forfordeler enkelte grupper, vil det likevel alltid oppstå eit hierarki der enkelte former kjem til å ha høgare status enn andre. I Noreg meiner Dyvik (2003, s. 6–7) at sjølv om ein har veldig mykje valfridom i den offisielle normeringa til norsk er det ikkje slik i praksis: Han viser til ei undersøking til Omdal og Vikør (2002, s. 156–157) der resultatane viste at det finst ein stor vankunne om valfridomen i norsk. Det er vanskeleg å vita kva som er innanfor den offisielle norma. Frekvente rettskrivingsreformer gjer det heller ikkje lettare for språkbrukarane. Dei meiner òg at kjennskapen til valfrie former er dårleg, og at ein ikkje nyttar seg av dei. Ei av ulempene med å ha ein valfridom som få nyttar seg av, er at det skapar usikkerheit og gjer det vanskelegare for dei som ikkje har god kjennskap til norsk. Om du ikkje har ein god kjennskap til norsk er det vanskeleg å vita kva for normer som er innanfor å bruka og ikkje. Samanlikna med andre språk med mindre

valfridom innanfor den offisielle norma, har norsk ein høgare etterspurnad etter privat normering med mindre eller ingen valfridom som er i tråd med den operative norma (Dyvik, 2003, s. 6–7).

2.4 Avslutning

Dei ulike teoretiske aspekta som eg har tatt opp i dette kapitlet er alle sentrale for å forstå språkbruken hos svenskar i Noreg når dei kommuniserer med nordmenn på sosiale medium. Ein del av det er å forstå sjangeren der kommunikasjonen skjer og kva slags språklege trekk som er typiske. I tillegg er det å forstå dei språklege skilnadane som finst og kva slags konsekvensar ulike språklege vala kan få. Dei teoriane og dei tidlegare undersøkingane som eg har presentert i dette kapitlet fokuserer på språkkontakten mellom svenskar og nordmenn i talemål, men ikkje på sosiale medium. Der ein har undersøkt språkbruken på sosiale medium, har ein sett på andre grupper enn svenskar i Noreg. Dei teoretiske aspektane som eg har gjort greie for har vore viktige og har lege til grunn for dei metodiske vala som eg gjer greie for vidare i neste kapittel.

3. Metode og materiale

3.1 Metodiske inngangar

3.1.1 Sosio- og variasjonslingvistisk metode

Ifølgje Hårstad (2020, s. 142) kan fleire av dei analytiske og teoretiske verktøya ein tradisjonelt har brukt på talemål innanfor fagfeltet sosiolingvistikk bli brukt når ein studerar datamediert kommunikasjon med ein sosiolingvistisk inngang. Kjernen i forskning som går ut frå sosiolingvistiske metodar er ifølgje Hårstad:

tilnærmingar som freistar å skildre og forstå korleis bruken av ulike språklege element inngår i sosial meningsskaping. Altså på kva vis valet av uttrykksmåte kan stå i samband med ulike sosiale kategoriar både når det gjeld avsendar, mottakar, innhald og medium. (Hårstad, 2020, s.141)

Dei forskingsspørsmåla som eg arbeidar med i dette prosjektet er spørsmål som går i tråd med det Hårstad omtaler som kjernen i sosiolingvistisk forskning. Gjennom å kartleggja kva slags språklege varietetar og lingvistiske trekk som blir brukt studerar eg det Hårstad kallar *språklege element og uttrykksmåte*. Alle som inngår i informantgruppa, som er *avsendaren* i denne undersøkinga høyrer til den sosiale kategorien svenskar i Noreg (sjå kap. 3.2), men eg har òg sett på ulike sosiale variablar innanfor denne gruppa. *Mottakaren* i denne undersøkinga er ein nordmann som for omtrent halvparten av informantane skriv nynorsknært og for halvparten bokmålsnært. *Innhaldet* er ulike kvardagssituasjonar og *mediumet* er Facebook Messenger.

Ein del av den sosiolingvistiske inngangen er å sjå på kva slags lingvistisk variasjon som blir brukt. I likskap med anna øvrig sosiolingvistisk forskning har òg dei variasjonslingvistiske tradisjonelt blitt brukt på talemålsstudiar. Dei variasjonslingvistiske inngangane kan òg bli brukt på datamediert kommunikasjon (Hårstad, 2020, s. 145). Den variasjonslingvistiske inngangen til digital språkbruk er å få systematisk kunnskap om digital språkbruk og skildra «kva teiknsett som faktisk blir nytta, korleis ulike teiknsett blir kombinerte, og korleis bruken av teikna står i relasjon til språklege normer og konvensjoner frå andre domener». Ein del av problemstillinga er å skildra kva for lingvistiske trekk som blir brukt. I undersøkinga legg eg altså vekt på å skildra språkbruken og derfor byggjer undersøkinga mykje på dei metodiske inngangane frå variasjonslingvistikken.

3.1.2 Relativt kvantitativ og kvalitativ metode

At ein sosiolingvistisk studie anten er kvantitativ eller kvalitativ meiner Johnstone (2000, s. 36) er ei uvanleg ting. Slik er det òg med undersøkinga mi. I staden for meiner ho at dei aller fleste plasserer seg på eit kontinuum mellom dei, med ein overvekt mot anten det eine eller det andre. Spørsmålet er kor ein legg hovudvekta. Er metodane meir mekaniske med fokus på kvantifisering er metoden relativt kvantitativ. Er dei meir basert på mindre mekaniske metodar, t.d. intervju er metoden relativt kvalitativ. Då hovudvekta av innsamling og analyse ligg på mekaniske metodar er denne undersøkinga relativt kvantitativ.

Ein del av problemstillinga mi er *kva for*. For å svara på det spørsmålet kva har eg sett det som naudsynt å samla inn tekstmateriale frå ei stor informantgruppe. Dels for å få ein bedre representasjon av gruppa svenskar i Noreg og dei ulike sosiale variablane innanfor denne gruppa, men og for å ha moglegheit til å studera den lingvistiske variasjonen innanfor gruppa. For å handtera eit stort materiale har det vore naudsynt med mekaniske metodar som å samla inn data med spørjeskjema og å kategorisera informantar i ulike kategoriar. Både i sosiale variablar, t.d. *kjønn* og *alder*, men òg i språklege kategoriar, t.d. *hovudsakleg norsk*. Hovudvekta for å svara på spørsmålet *kva for* har vore mekaniske metodar, men har òg hatt kvalitative trekk. I handsaminga av materialet har eg notert og presenterer lingvistiske trekk som førekjem sjeldant, men likevel er viktig å presentera for å forstå materialet. Med ein metode som berre er kvantitativ utan kvalitative element hadde desse trekka ikkje vore forsvarleg å diskutera.

Problemstillinga består òg av spørsmålet *kvifor*. For å svara på dette spørsmålet har tilnærminga ikkje vore mekanisk, men eg har gjort ei heilskapsvurdering av dei samla svara. For å forstå kvifor noko er slik det er, passar det dårleg med spørsmål med ferdige svarsalternativ der svaret på kvifor noko er slik det er gjevne i førevegen. Der eg har spurt informantane kvifor har dei hatt moglegheit å sjølv seia kvifor utan at bli begrensa av svaralternativ.

3.2 Utval av informantar

Krava som eg hadde på dei som deltok i undersøkinga var at dei skulle vera over 18, identifisera seg som svensker, bu i Noreg og bruka *Facebook Messenger*. På *Facebook* finst fleire grupper for svenskar som bur i ulike delar av Noreg. For å rekruttera informantar skreiv eg eit innlegg (sjå vedlegg 1), og lenkja til spørjeundersøkinga. Det var mogleg for informantane å fylla ut skjemaet

både på mobil og pc. Gjennom å nå ut til informantar via desse gruppene fekk eg berre svar frå informantar som oppfylde krava eg hadde på informantgruppa.

Totalt var det 97 stykk som gjennomførte heile undersøkinga og desse er automatisk med i informantgruppa mi. I tillegg var det 79 stykk som berre svara på nokre spørsmål. For å strukturera svara laga eg ei samanstillt liste i Excel der eg samla alle svara i form av rådata. Eg bestemte meg for at alle informantane som hadde svart på alle spørsmåla i dei semiautentiske chatsamtalane skulle vera med i informantgruppa. Årsaka til at dei må ha svart på alle dei semiautentiske chatmeldingane er for at det skal vera mogleg å kvantifera og samanlikna svara. Totalt er det 110 informantar som har svart på tilstrekkeleg mykje av spørjeskjemaet til å inngå i informantgruppa. Samanliknar ein informantutvalet mitt med ein meir kvalitativ undersøking som Folkvord (2020) er det to store skilnadar. Formålet med utvalet var, til skilnad frå Folkvord, å ikkje ha enkelte informantar som representerer prototypar for ulike sosiale variablar. Då eg ikkje ser på informantane mine som prototypar for ulike sosiale variablar har eg i analysen framfor alt analysert språk på gruppenivå.

Då dette prosjektet handlar om svenskar som bur i heile Noreg var det viktig å samla inn materiale frå heile Noreg. Tabellen viser den geografiske fordelinga til informantane utifrå kva slags fylke dei bur i:

Fylke	Informantar i denne studien	Svenskar i Noreg (ifølgje SSB, 2021)	Andel av innbyggjarane	Facebookgruppe	Sirka antal medlemmar
Viken	13	11276	0,9 %		
Oslo	21	10617	1,5 %	Svenskar i Oslo	33 000
Innlandet	1	1971	0,5 %		
Vestfold og Telemark	0	2057	0,4 %	Svenskar i Tønsberg	100
Agder	3	980	0,3 %		
Rogaland	13	1528	0,3 %	Svenskar i Stavanger	1 100
Vestland	17	1882	0,2 %	Svenskar i Bergen	2 400
Møre og Romsdal	1	713	0,3 %		
Trøndelag - Trööndelage	17	2219	0,4 %	Svenskar i Trondheim	1 900
Nordland - Nordlännda	2	1142	0,5 %	Svenskar i Bodø	100
Troms og Finnmark - Romsa ja Finnmarku	12	1213	0,5 %	Svenskar bosatta i Tromsø	750

Tabell 3.1: Geografisk fordeling utifrå fylke av informantane, svenskar i Noreg og Facebookgruppene.

Som me kan sjå i tabellen er materialet ikkje like representativt for alle delar av Noreg då eg ikkje fekk informantar frå dei alle fylka, eller veldig få frå enkelte fylka. Ein grunn til det var at det ikkje var like store kanalar å rekruttera i og med omsyn til tidsaspektet i eit masterprosjekt hadde eg ikkje moglegheit å rekruttera tilstrekkeleg med informantar for at antalet skulle vera nøyaktig representativt for befolkningsgruppa på fylkesnivå. Ein annan grunn er at andelen svenske innbyggjarar i dei ulike fylka varierer. Akkurat som Folkvord brukte informantar som ein prototyp for ulike sosiale kategoriar bør altså informantane mine sjåast som ein prototyp for befolkningsgruppa svenskar i Noreg og ikkje som eit representativt utval.

3.3 Spørjeskjema

3.3.1 Forskingsdesign

For å samla inn materiale til undersøkinga har eg laga ei spørjeundersøking i dataverktøyet *Survey Xact*. Årsaka til at eg valte dette verktøyet er at eg ville laga eit digitalt skjema som oppfylte dei krava eg hadde på tryggleik (dette blir utdjupa i 3.5) og at det skulle passa med utsjånaden på spørsmåla. Til dømes ville eg ha moglegheit å gjera graderbare spørsmål og lima inn chatsamtalane som bilete. Nokre av spørsmåla er genererte slik at informanten får fleire spørsmål om hen vel eit enkelte svaralternativ. Døme på slike er *Har du barn?* eller *Blandar du norska och svenska (svorskar) när du skriver med norrmän på Facebook Messenger?*. Dei som svarer at dei har born får oppfølgingsspørsmål om korleis dei snakkar og skriv med barna sine, og dei som svarer at dei blandar språka får oppfølgingsspørsmål om det. Eg valte å utforma undersøkinga på svensk. Eg valte å berre ha ho på eitt språk då eg ikkje ønskte å få nokon skilnad i svar avhengig av kva slags språk informantane fekk undersøkinga på. Årsaka til at eg valte svensk som einaste språk, og ikkje norsk, er fordi eg ville at det ikkje skulle bli noko problem med språkforståing for dei som fylte ut skjemaet.

Før eg publiserte spørjeskjemaet prøvde ei lita gruppe på to personar ut skjemaet for å sjå om noko var vanskeleg eller fungerte dårlig. Begge er svenskar som bur i Noreg. Dette er personar som eg kjenner, og eg oppfordra dei til å vera kritiske. Ein av personane i pilotgruppa er språkstudent, mens den andre ikkje har noka språkutdanning på høgare nivå. Dei bur i ulike delar av Noreg og har budd i Noreg ulike lang tid (sirka 5 og 20 år). Resultata av denne vesle pilotundersøkinga var at eg sletta

ein del gjentakande spørsmål, presiserte meg der eg hadde formulert meg uklart og ein innføring av kategorien *dialekt* for kva slags varietetar ein bruker.

Vidare i dette kapitlet kjem eg til å gjera greie for dei ulike delane i spørjeskjemaet. Først får informantane opplysningar om undersøkinga og får gje samtykkje til å delta. I spørjeskjemaet får dei spørsmål om sosiale variablar, sjølvrapportert språkbruk og språkhaldningar. I spørjeskjemaet får informantane òg svara på semiautentiske chatmeldingar og til sist moglegheita til å senda inn autentiske chatsamtalar.

3.3.2 Spørsmål i spørjeskjemaet

Den første delen av spørjeskjemaet dekkjer sosiale variablar hos informantane. Det som ligg til grunn for val av sosiale variablar er både dei variablane som Nordenstam (1979, s. 172) meiner ser ut til å påverka språkbruken hos svenskar i Noreg, og dei variablane som Hårstad et al. (2021, s. 142) meiner påverkar språkleg åtferd. Då avhandlinga til Nordenstam er skriven i 1979 er det ikkje alle variablar som er like relevante i dag som dei var i 1979, t.d. om informanten arbeider eller er heimeverande. Dei sosiale variablane eg har samla inn er:

1. Kjønn
2. Alder
3. Butid i Noreg
4. Utdanning
5. Sivilstatus
6. Nasjonalitet til partnaren
7. Om informanten har barn
8. Språkbruk hos barna deira
9. Oppveksstad i Sverige
10. Kor i Noreg dei bur
11. Storleiken på plassen dei bur
12. Nasjonaliteten til dei informanten bur saman med
13. Kjensle av nasjonal tilhørsle
14. Kva for land dei føretrekkjer
15. Kor dei vil bu i framtida
16. Kor ofte dei har kontakt med svenskar
17. Kor ofte dei reiser til Sverige
18. Konsumering av norske eller svenske nyheiter

Dei ulike sosiale variablane blir i kap. 5 analysert i forhold til språkbruken til informantane. Spørsmål 1–12 har vore informantane fått svara i form av svarsalternativ, mens spørsmål 13–18 har vore graderbare frå 1 til 6. Eg har valt å ikkje presentera svara til spørsmålet om reisevanene til informantane i analysen. Grunnen til det er koronapandemien som bidrog til at innreisereglane mellom Sverige og Noreg vart mykje strengare enn tidlegare med krav om innreisekarantene som òg endra seg i den tida informantane svarte på spørjeskjemaet. Då det i spørsmålet ikkje var spesifisert om svara var baserte på reisevanene deira før eller under pandemien har eg valt å fjerna dette spørsmålet frå undersøkinga.

Neste steg i spørjeskjemaet er at informantane sjølv fekk seia i kva for utstrekking dei bruker varietetane bokmål, nynorsk, talemålnær skriving, svensk, engelsk og anna. Informantane har fått spørsmål om kva varietetar dei bruker med barna sine, partnaren og norske venner. Eg har ikkje berre spurt om informantane sin eigen språkbruk, men òg kva for samtalepartnaren bruker. Dette for å sjå kva slags varietetar informantane sjølv møter i Noreg. Spørsmåla handlar både om kva for varietetar dei bruker på sosiale medium, men òg når dei snakkar.

Til sist har informantane fått spørsmål om språkhaldningane sine. Eg har samla inn haldningane deira til dei ulike skriftspråka (svensk, bokmål og nynorsk), til blanding mellom språka (både munnleg og skriftleg) og talemålnær skriving. Ein metode som eg har brukt for å gjera dette er inspirert av metoden til Kimell (2013, s. 21–24). Eg har spurt om kva for assosiasjonar informantane har til dei ulike språka og språkleg blanding. I likskap med Kimell har eg valt å ikkje ha kategoriar, men opne spørsmål slik at svara ikkje er gitt på førehand. I tillegg har informantane fått spørsmål om kva for målform dei synest er penast/styggast, vanskeligast/enklast og kva for målform dei føretrekkjer å bruka. På desse spørsmåla har informantane fått moglegheit til å svara på kvifor dei trur det er slik. For å få svar på ikkje berre informantane sine eigne haldningar, men kva slags haldningar dei møter, har eg spurt kva slags reaksjonar informantane har fått når dei blandar språka. Haldningar til talemålnær skriving har blitt samla inn gjennom at informantane har fått spørsmål om kva dei synest om å ikkje følgja skrivereglar i sosiale medium med eit graderbart spørsmål frå 1 til 6. I tillegg til desse spørsmåla har eg i spørjeskjemaet samla inn eit tekstmateriale som blir presentert i neste avsnitt.

3.3.3 Dei semiautentiske og autentiske chatsamtalane

Innsamling av den autentiske typen av materiale kan vera vanskeleg å samla inn, særleg i større omfang. I masteravhandlinga til Morland (2020, s. 38), som såg på kodeveksling mellom norsk og engelsk på *Facebook Messenger*, hadde han så mykje vanskar med å samla inn materiale at han var nøydd til å endra frå ein kvantitativ til ein kvalitativ metode. Ein av grunnane som han nemner er at meldingar på *Facebook Messenger* har ein privat karakter og at det derfor kan vera vanskeleg å få tilgang til den typen av heilt autentisk materiale. Desse problema har eg tatt omsyn til i kommunikasjonen med informantane mine. Eg trur at framgangsmåten min gjorde at eg fekk inn mange svar mellom anna fordi eg har uttrykt meg eksplisitt at eg ville forska på «språket til svenskar som bur i Noreg». At eg har spesifisert kvifor eg kontakta akkurat dei, trur eg kan gjera at interessen har blitt større då det får informantane til å føla seg litt mer unike. Facebookgruppene der eg har funne informantar er òg ganske store, og derfor er grunnlaget for potensielt interesserte stort. Med Morland (2020) sine utfordringar i bakhovudet valte eg, i tillegg til å samla inn autentisk materiale, å bruka ein mellomting, nemleg *semiautentiske chatsamtalar*.

Metoden å konstruera språksituasjonar for å samla inn data kallar Wiese (2020) *language situations method* 'språksituasjonsmetoden'. I språksituasjonsmetoden ber ein informantane om å førestilla seg kva dei hadde gjort om dei hadde vore i den førestilte situasjonen. Fordelen med denne metoden er at han kombinerar fordelane av ei kontrollert innsamling slik at det er mogleg å samanlikna og kontrollera, samstundes som ein får eit spontant og naturleg språk.

Formålet med dei semiautentiske chatsamtalane er at dei så langt som mogleg skal minna om ein samtale på *Facebook Messenger*. På ein måte handlar det om sjølvrapportert språk, då det er konstruerte samtalar og ikkje autentiske, men samstundes har eg prøvt, så langt det er mogleg, å få informanten til å føla at hen er i ein virkeleg samtale. Spørsmåla står i same font og har same utsjånad som på *Facebook Messenger*. Dette var likevel ikkje mogleg å gjera med svara som informantane sjølv skreiv (sjå vedlegg 2). Før dei har fylt ut har eg oppfordra dei om å skriva slik dei hadde gjort om dei hadde skrive med ein norsk venn på *Facebook Messenger* (sjå vedlegg 2). Wiese (2020) poengterer i sin artikkel at ein viktig del i språksituasjonsmetoden er å oppfordra informantane å prøva å vera naturlege, men òg at omgjevnaden i spørjeskjemaet er lik den autentiske for at dataene skal vera truverdige. Eg har laga chatsamtalane utifrå tre ulike situasjonar; *Planlegga middag*, *planar i helga* og *filmtips*. Tema på samtalane er inspirerte av samtalar eg sjølv

har hatt, og tanken bak dei er at informanten skal kjenna at dette er noko som hen òg hadde kunna kommunisera om i ein reell samtale.

Gjennom denne metoden har eg hatt moglegheit til å styra informantane mine i høgare grad enn om eg hadde brukt heilt autentisk materiale. I tidlegare forskning (Nordenstam, 1979) har det vist seg at kodeveksling ofte skjer ved at informanten blir trigga til å veksla varietet. I val av situasjonar valte eg derfor å ha med ting som eventuelt kunne trigga informantane til veksla varietet. For å trigga mot svensk retning har eg spurt om særsvenske ting, t.d. svensk mat og svenske filmar. Dette vart dessverre berre gjort i svensk retning, og ikkje i norsk. Tanken min frå starten, i likskap med Nordenstam (1979), var å ha spørsmål om kvardagslege ting for å trigga dei i ein norsk retning, men dette hadde mykje mindre effekt enn å spørja om særsvenske ting. Hadde eg laga spørjeskjemaet på nytt hadde eg brukt fleire særnorske ting for at det skulle vera mogleg å samanlikna triggering i både svensk og norsk retning.

Ein del av å skapa ein naturleg innramming av språksituasjonen er at språket i meldingane er så naturleg som mogleg. Sidan eg sjølv har svensk som førstespråk valte eg å be to medstudenter om å omsetja meldingane for meg. Den eine har nynorsk som hovudmål, og den andre bokmål. I starten av spørjeundersøkinga fekk alle informantar eit tilfeldig spørsmål om dei føretrekte hund eller katt. Dette skulle avgjera om informantane fekk chatmeldingane på nynorsk eller bokmål. Dei som føretrekte hund fekk nynorsk (58 prosent), og dei som føretrekte katt fekk bokmål (42 prosent). På den måten kunde eg i analysen min sjå om målform hos mottakaren påverka korleis informantane skriv. Språket i sosiale medium har ofte fleire avvik frå standardisert skrift med utgangspunkt i talemålet (sjå kap. 2.1.2). Eg oppfordra derfor dei to medstudentane om at dei ikkje trong å skriva «korrekt» bokmål eller nynorsk, men å skriva slik dei hadde gjort til meg (ein med svensk som førstespråk, men som bur i Noreg). Framfor alt i nynorskomsetjinga kan ein derfor sjå at det finst nokre talemålsnære trekk som ikkje samsvarar med gjeldande rettskriving (t.d. *noken* og bortfall av stumme konsonantendingar i presens). Resultatet av omsetjinga vart slik:

Situasjon	Svensk originaltekst	Omsetjing til nynorsk	Omsetjing til bokmål
1: Planlegga middag	Hej! Jag är påväg hem från jobbet nu och tänkte sticka förbi butiken och handla middag? Några idéer på vad vi kan äta?	Hei! Eg er på veg heim frå jobb no og tenkte å stikka innom butikken for å handla middag, noken idé om kva me kan eta?	Hei! Jeg er på vei hjem fra jobb nå, og tenkte å gå innom butikken for å handle middag. Har du noen middagsforslag?
	Kanske nåt svenskt, vilken är den godaste svenska rätten?	Kanskje noke svensk, kva er den beste svenske retten?	Kanskje vi skal ha en svensk rett, hvilken svensk rett er den beste?
	Är det någon speciell svensk mat du saknar nu när du bor i Norge?	Er det noken spesiell svensk mat du saknar no når du bur i Norge?	Er det noe svensk mat du savner nå som du bor i Norge?
	Är det något du inte gillar eller är allergisk mot?	Er det noke du ikkje lika eller er allergisk mot?	Er det noe du ikke liker eller tåler?
	Jag tänkte vi skulle kunna äta fruktsallad till efterrätt, vilka frukter vill du att jag köper?	Eg tenkte me kunne eta fruktsalat til dessert, kva slags frukt vil du at eg kjøper?	Jeg tenkte at kunne ha fruktsalat til dessert, har du noen ønsker om frukt?
2: Planar i helga	Tjena! Några planer i helgen?	Hallo! Noken planar i helga?	Hei! Noen planer i helgen?
	Jag vet inte riktigt vad jag har lust på, har du några idéer?	Eg veit ikkje heilt kva eg har lyst til, har du noken idear?	Jeg vet ikke hva jeg har lyst til, har du noen ideer?
	Okej, jag ska försöka komma på något kul vi kan hitta på, men är det något du absolut inte vill göra?	Okei, eg skal prøva å komma på noke gøy me kan finna på, men er det noke du absolutt ikkje vil gjera?	Nei, men jeg skal prøve å komme på noe gøy vi kan gjøre. Er det noe du absolutt ikke vil gjøre?
3: Filmanbefalingar	Hej! Jag har kommit i karantän :(behöver alla filmtips du har så jag överlever den här tiden!	Hei! Eg har komme i karantene :(trenge alle filmtips du har så eg overleve den her tida!	Hallo! Jeg har havnet i karantene :(jeg trenger alle filmtips du kan komme med for å overleve denne perioden!
	Finns det någon bra svensk film som man kanske missat?	Finns det ein bra svensk film som ein kanskje har gått glipp av?	Finnes det noen gode svenske filmer jeg kan ha gått glipp av?
	Sett någon bra serie på senaste tiden som man borde se då?	Sett noken bra seriar i det siste som ein burde sjå då?	Har du sett en god serie den siste tiden som jeg burde se?

Tabell 3.2: Omsetjing av dei semiautentiske chatmeldingane

Røyneland og Vangsnes (2020) har brukt ein liknande metode der dei har bede informantane deira om å skriva slik dei hadde gjort i fire ulike situasjonar, der det varierer kven samtalepartnaren er og kva slags situasjon det er. Den store skilnaden mellom språksituasjonane deira og mine er at dei ikkje har noka melding som informanten skal svara på, men berre ein gitt situasjon.

Eg frykta låg deltaking på dei heilt autentiske meldingane. Det samstemte med røyndomen. Det var 110 som deltok i delen med semiautentiske chatsamtalar, men berre 24 som sende inn autentisk materiale i tillegg. Då det er 110 informantar som har svart på 11 meldingar som utgjer eit korpus på 1210 semiautentiske chatmeldingar. I slutten av spørjeskjemaet (sjå vedlegg 2) fekk dei spørsmålet om dei i tillegg til å fylla ut spørjeskjemaet ville senda inn autentisk materiale. Om dei var interessert fekk dei opp ei ny side i skjemaet med meir informasjon. Deretter fekk dei meir informasjon om korleis dei skulle gjera for at eg skulle få tilgang til det. (sjå vedlegg 2).

Sidan det autentiske materialet, samanlikna med det semiautentiske, er tynt har eg i analysen berre brukt det semiautentiske. Det autentiske fungerer likevel godt for å avgjera validiteten i det semiautentiske materialet. Wiese (2020) argumenterer for at kvaliteten på materialet ein får gjennom språksituasjonsmetoden samstemmar med det ein får i heilt autentiske innsamlingar. For å konkludera har Wiese (2020) samanlikna spontant innspelt tale med materiale innsamla med språksituasjonsmetoden. Resultatet viser at språksituasjonsmetoden er effektiv for å samla inn naturleg språkdata.

For å stadfesta validiteten til dei semiautentiske chatmeldingane har eg samanlikna språkbruken i dei semiautentiske chatmeldingane med dei autentiske hos dei 24 informantane som sendte inn autentiske chatmeldingar. Prinsippa bak kategoriseringa i språkbruksgruppene heilt svensk (S), hovudsakleg svensk (HS), hovudsakleg norsk (HN) og heilt norsk (N) blir gjort greie for i kap. 3.4.3. I tabell 3.3 er språkbrukskategoriane i tillegg markert med fargene blå (S), grønn (HS), oransje (HN) og raud (N). Eg har sortert det autentiske materialet utifrå dei same prinsippa som eg har gjort med det semiautentiske for å gjera det mogleg å samanlikna dei. Resultata vart slik:

Autentiske chatmeldingar	S	S	S	S	S	S	HS	HS	HS	HN	HN	HN	HN	HN	HN	N	N	N	N	N	N	N	N	N	N	N
Semiautentiske chatsamtalar	S	S	HS	HS	HS	HS	HS	HS	HS	HN	HN	HN	HN	HN	N	HN	HN	HN	N	N	N	N	N	N	N	N
Antal autentiske chatmeldingar	4	4	4	16	4	16	10	6	4	7	8	5	5	12	7	12	3	31	13	5	4	4	9	3		

Tabell 3.3: Samanlikning av dei autentiske og dei semiautentiske chatmeldingane.

Som me kan sjå i tabell 3.3 er det 2 av 3 som skriv likt i det autentiske og semiautentiske, men 1 av 3 gjer ikkje det. 7 av dei 8 informantane som skriv forskjellig er meir einspråkleg i det autentiske materialet enn kva dei er i det semiautentiske. Ein kan her peika på resultatata til Røyneland og

Vangsnes (2020) der fleire rapporterte at dei skriv på dialekt enn antalet som faktisk gjorde det. Ein annan teori er at personen i det semiautentiske materialet kan verka meir ukjent for informanten, og at ein derfor skriv annleis enn kva ein gjer med ein person som ein er kjent med, og som ein veit skjønner meir svensk enn kva ein ukjent nordmann gjer. Denne samanlikninga stadfestar validiteten til dei innsamla semiautentiske chatmeldingane.

3.4 Sortering av dei semiautentiske meldingane

I dette kapittelet gjer eg greie for dei ulike stega eg har sortert dei semiautentiske meldingane i. Som eg gjorde greie for i kap. 3.1.2 er fremgangsmåten stor del mekanisk. Ved den første og andre sorteringa har eg sett på språket i kvar enkel melding for å deretter gjera ei heilskapsvurdering av alle meldingane til kvar enkelt informant og sortert dei i språkbruksgrupper.

3.4.1 Første sortering

For å få svar på forskingsspørsmål 1) *Blir svensk, bokmål, nynorsk eller engelsk brukt?* har eg valt å sortera dei semiautentiske chatmeldingane i ulike språklege kategoriar. I den første omgangen har eg kategorisert dei i kategoriane: *fleire, svensk, norsk, nynorsk, bokmål* og *anna*. Innanfor dei norske målformene finst det fleire normalar og variasjon, men med omsyn til oppgåva sitt omfang har eg ikkje hatt moglegheit til å sjå på variasjon innanfor målformene. Metoden som eg har valt for å sortera materialet er inspirert av den som Røyneland og Vangsnes bruker der dei ser på dialektale trekk i språket på sosiale medium. Dei òg har kategorisert kvar melding i ulike språklege kategoriar. Eg har vore strengare enn det dei har: Eg ikkje har tillate avvik frå gjeldande rettskriving, mens dei har kategorisert noko som nynorsk, sjølv om det førekjem nokre trekk som avvik frå gjeldande rettskriving (ibid., 2020, s. 362–363). Grunnen til det er at eg vil kunne sjå på små avvik frå einspråklegheit og rettskriving. Eg har gjort unntak frå sorteringa ved eigennamn og namn på matrettar. Fordelinga i dei ulike kategoriane ved den første sorteringa vart slik:

Kategori	Døme	Antal
Fleire	<i>Ja! Kom hit!</i>	47
Norsk	<i>Skitur er planen, bli med?</i>	136
Svensk	<i>Ta det lugnt.</i>	289
Nynorsk	<i>Hei! Eg skal på jobb</i>	8
Bokmål	<i>Hei, får besøk av svigers. Hva med deg?</i>	431
Anna	<i>Ska se På Spåret, gå tur å spise mat</i>	294

Tabell 3.4: Fordelinga i dei ulike språkkategoriane ved den første sorteringa.

Kategorien *fleire* er brukt når det ikkje er mogleg å avgjera om det er norsk eller svensk som informanten har skrive på, t.d. «ingen sport». *Norsk* er brukt når svaret kan tilhøyra begge målformer, t.d. «gå på tur». I kategoriane *svensk*, *nynorsk* og *bokmål* må alt i den enkelte meldinga samstemma med gjeldande rettskriving. For å sjå om det faktisk gjer det, har eg for svensk brukt Svenska Akademin sine ordbøker *SAOL*, *SO* og *SAOB*, for bokmål *Bokmålsordboka* og *Det norske akademis ordbok*, og for nynorsk *Nynorskordboka*. Når eg har vore usikker på mi eiga språkkjensle ved tilfelle som t.d. bruk av preposisjon har eg diskutert desse funna med norske medstudentar. Ved openberre slurvefeil har eg ignorert desse i sorteringa. Kategorien *anna* har eg brukt for alle dei tilfella der det førekjem trekk som ikkje finst i ei av dei gjeldande rettskrivingsnormene. Sorteringa i denne kategorien skal me sjå nærmare på i neste avsnitt.

3.4.2 Andre sortering

I den andre sorteringa av dei semiautentiske chatmeldingane har eg kategorisert alt som ved første sortering har blitt kategorisert som *anna*. Ved sorteringa har eg kategorisert dei utifrå kva det som avvik i dei er døme på. Eg har konstruert desse kategoriane samstundes som eg har analysert språket for at vera open for kva slags avvik som finst i meldingane. I første omgang har eg altså notert alle funn eg har sett som avvik frå standardskriftspråk. Deretter har eg ekskludert alle innslag som ikkje handlar om at informanten vekslar mellom varietetar eller skriv talemålsnært, t.d. forkortingar, skrivefeil og mange vokalar i rekke då dette fell utanfor problemstillinga til oppgåva.

For å finna ut av forskingsspørsmål 2) *Skjer det noka blanding mellom varietane norsk og svensk?* har eg sett på meldingar der ikkje berre ein varietet, men både norsk og svensk blir brukt. Eg har sortert materialet i kategoriane *hovudsakleg svensk med innslag av norsk* og *hovudsakleg norsk med innslag av svensk* slik:

Kategori	Døme	Antal meldingar	Antal informantar
Hovudsakleg svensk med innslag av norsk	Nej, tyvärr ikke!	73	29
Hovudsakleg norsk med innslag av svensk	jag vil ikke gå ut på byen	45	29

Tabell 3.5: Fordeling av meldingar der ein varierer mellom språka.

Første steget har altså vore å identifisera kva slags språk som hovudsakleg blir brukt. I nokre sjeldne tilfelle har det ikkje vore mogleg å kategorisera ei melding som hovudsakleg norsk eller svensk. I desse tilfella har eg kategorisert ho i begge kategoriane. Etter å ha gjort denne inndelinga har eg kategorisert materialet utifrå kva slags blanding det er. Desse kategoriane byggjer på Nordenstam (1979, s. 43–46) si kategorisering av substantiva i materialet hennar. Same prinsippa som Nordenstam berre bruker på substantiv bruker eg på alle ordklasser. Kategoriseringa byggjer både på grammatiske, ortofone og semantiske eigenskapar. Fire av desse kategoriane finst både hos dei som skriv *hovudsakleg svensk med innslag av norsk* og *hovudsakleg norsk med innslag av svensk* og dei er:

- **Særsvenske/særnorske ord:** Desse er ord som berre finst i eitt av språka og ikkje heller har ei form som liknar i det andre språket, t.d. *gutt* i norsk og *pojke* i svensk.
- **Ord som liknar på kvarandre, men ikkje er likelydande:** Desse har ei form som liknar på kvarandre og har same tyding i begge språka. Dei er likevel ikkje likelydande då dei ikkje blir uttalt likt, t.d. *meste* i norsk og *mesta* i svensk.
- **Likelydande ord med same tyding:** Desse er ord der ein i norsk og svensk har ulik ortografi, men uttalen er lik, t.d. *eple* i norsk og *äpple* i svensk.
- **Norske ord med svensk bøyingsmønster:** Desse er ord der tydinga til ordet er norsk, men der ein har bøygd ordet etter svensk bøyingsmønster, t.d. *rolig-t*.

Ytterlegare to kategoriar finst berre hos dei som skriv *hovudsakleg svensk med innslag av norsk* og desse er:

- **Homofonar, homologar og stilskifte:** Desse er ord der ortografien er lik, men tydinga i norsk og svensk er ulik. Tydinga er eit kontinuum der orda anten kan ha heilt ulik tyding (homofonar), til ein viss grad lik tyding (homologar) eller ulik stilverdi (stilskifte).
- **Norsk bøyingsmønster:** Desse er når ein har brukt ein bøyingsform som ikkje finst i svensk rettskriving, men i norsk, t.d. *sol-a*

Det er ikkje berre språkblanding som eg har identifisert ved sorteringa av dette materialet, men også innslag av talemålsnære trekk:

Kategori	Døme	Antal meldingar	Antal informantar
Bortfall av stum konsonant	Nej. Ja gillar inte serier	25	16
Talemålsnær norsk	Bare plukk opp ka du finner, kylling eller nokke	49	14
Talemålsnær svensk	kötbullar å makaroner	33	21

Tabell 3.6: Fordeling av meldingar med talemålsnære trekk.

Sorteringa har ikkje alltid vore ukomplisert då avvik frå standardskriftspråk både kan vera skrivefeil, men òg talemålsnær skriving (sjå døme med *å* i tabell 3.6). Eg har handtert desse gjennom å inkludera alle dei som eventuelt kan vera talemålsnære i kategoriane talemålsnær norsk eller svensk.

Kategoriane *bortfall av stum konsonant*, *talemålsnær norsk* og *talemålsnær svensk* dekkjer forskningsspørsmål 3) *Kva slags talemålsnære trekk bruker informantane?*. Når eg har gjort vurderinga om kva slags kategori dei talemålsnære trekka høyrer til, har eg sett på kor personen bur i Noreg, kor personen kjem frå i Sverige og kva for varietet som elles blir brukt. Utifrå det har eg gjort ei vurdering av kva slags kategori trekket høyrer til. Dømet av talemålsnær norsk i tabell 3.6 er t.d. ein person som er busett på Vestlandet og ber tydelege trekk frå ei vestlandsdialekt.

3.4.3 Kategorisering i språkbruksgrupper

Utifrå kategoriseringa av dei semiautentiske chatsamtalane har eg kategorisert informantane i dei fire språkbruksgruppene: *heilt svenske*, *hovudsakleg svenske*, *hovudsakleg norske* og *heilt norske*. Frå byrjinga hadde eg fem kategoriar. Den femte kategorien var ein midtkategori for dei informantane som brukte både norsk og svensk i like stor utstrekking. Denne kategorien vart sletta då ikkje nokon informant passa i denne kategorien.

For å hamna i nokon av dei einspråklege kategoriane la eg som krav at ein ikkje har noko innslag frå det andre språket, likevel treng ein ikkje å skriva heilt i tråd med gjeldande rettskriving. Ein informant som skriv heilt norsk, men har ein svensk bøyning på eitt ord har altså blitt kategorisert som hovudsakleg norsk. For å avgjera kva slags språk som er det hovudsaklege har eg først sett på fordelinga mellom kor mange meldingar som har blitt kategoriserte som anten svensk eller norsk (bokmål, nynorsk, norsk) ved den første sorteringa. Har ein informant t.d. 3 svenske meldingar og 8 norske meldingar blir den kategorisert som *hovudsakleg norsk*.

I tillegg har eg gjort ei vurdering av alle informantar utifrå kva slags kategoriar meldingane som ikkje har blitt kategorisert som standardiserte har blitt kategorisert i. På den måten har eg òg kunna kategorisera dei som berre bruker enkelte ord eller bøyingsmønster frå den andre koden. For å bli kategorisert som heilt svensk eller norsk får informanten ikkje ha nokre trekk frå det andre språket. Ein informant som har skrive semiautentiske chattemeldingar som har blitt kategorisert som *talemålsnær norsk* eller *hovudsakleg skriv svensk men med innslag av norsk* kan ikkje bli kategorisert som heilt svensk. Utifrå dette har eg òg gjort vurderinga om ein informant skal bli kategorisert som hovudsakleg svensk eller norsk.

Fordelinga i dei ulike sosiale variablane har eg presentert utifrå dei fire språkbruksgruppene: *heilt svensk*, *hovudsakleg svenske*, *hovudsakleg norske* og *heilt norsk*. På den måten kan eg sjå kva for sosiale faktorer og haldningar som kan påverka korleis informantane skriv.

3.4.4 Test av samband mellom sosiale variablar og sprukbruksgrupper

Pearson sin kjikvadrat-test vert brukt for å avdekkja signifikante samband mellom språkbrukskategoriane og dei ulike sosiale variablane. Post-hoc-testar (baserte på restledda i kjikvadrat-testen) blir brukt for å finna ut kva for informantgrupper som eventuelt skil seg ut. Dei statistiske testane vart utførte i R (R Core Team 2020) (post-hoc-testane vart utførte med R-pakka `chisq.posthoc.test` (Ebbert 2019)). For kvar kjikvadrat-test kjem eg til å visa *p*-verdien, teststatistikken (χ^2) og frihetsgrader (i parentes etter teststatistikken). For post-hoc-testane fører eg opp *p*-verdien og dei standardiserte restledda ("st.rest.") for dei gruppene som skil seg signifikant ut. *P*-verdiar under 0,05 vert rekna som statistisk signifikans, og verdiar mellom 0,1 og 0,05 blir rekna som tendensar til signifikans. *P*-verdiane i post-hoc-testane er Bonferroni-korrigererte. At skilnadane mellom dei ulike gruppene ikkje er signifikant betyr likevel ikkje at resultata ikkje er relevante å diskutera då det kan finnast interessante trendar. At resultata ikkje viser seg å vera statistisk signifikante kan koma av at antalet informantar i enkelte kategoriar har vore for lite og då viser det seg ikkje i testane, men kan likevel framleis vera interessante skilnadar mellom dei sosiale gruppene.

I dei tilfella der kategoriane er numeriske (13–18) har eg sett på korrelasjonen med språkbruksgruppe. For at det skal vera mogleg har eg omsett dei fire språkbruksgruppene til

numeriske tal. Dei to språkbruksgruppene er ikkje særleg problematiske å gjera numeriske då dei ikkje inneheld nokre innslag frå det andre språket. Språkbruksgruppene *hovudsakleg svensk* og *hovudsakleg norsk* er likevel meir problematiske å talfesta fordi den talfesta avstanden mellom kvar språkbruksgruppe ikkje er lik. Både språkbruksgruppene og dei numeriske tala motsvarer ein glidande skala mellom to språk. Derfor meiner eg at det er forsvarleg å omsetja språkbruksgruppene til numeriske tal ved prøvinga av statistisk korrelasjon.

3.4.5 Språkindeks

For å finna ut av forskingsspørsmål 4) *Finst det ei operativ norm som påverkar språket til svenskane i Noreg?* har det vore viktig å velja ut nokre variablar for å systematisk sjå kva slags intra- og interindividuell variasjon som finst. Til dette har eg tatt utgangspunkt i Nordenstam (1979, s. 33–46) sin norskheitsindeks. Nordenstam sin norskheitsindeks blir òg brukt i masteroppgåvene til Rydving (2014) og Sandbakk (2011). Norskheitsindeksen inneheld fire variablar. Grunnen til at Nordenstam har valt desse variablane er fordi det finst ein tydeleg distinksjon mellom dei i svensk og norsk (i alle fall i bergensdialekta), og dei har ein høg frekvens i materialet. Eg har valt å bruka tre av desse variablane i sorteringa av materialet mitt og det er desse:

	Svensk	Bokmål	Nynorsk	Øvrige
Nektingadverb	Inte	Ikke	Ikkje	T.d. ente, itte
1 person personlig pronomen	Jag	Jeg	Eg	T.d. ja og æ
Infinitiv -a/-e	-a, f. eks. hoppa	-e, f. eks. hoppe	-a/-e, f. eks. hoppe/ hoppa	T.d. apokope

Tabell 3.7: Språkindeks i kategoriane svensk, bokmål, nynorsk og øvrige

Til skilnad frå Nordenstam (1979) som såg på talemål, har eg gjort ein tydelegare distinksjon mellom målformene, men òg variantar som er meir talemålsnære, og som ikkje finst i rettskrivinga. På den måten kan eg både sjå på variablar som viser kva slags normert varietetet informantane følgjer, men òg varietetar som ikkje er normerte. Som eg nemnte i førre avsnitt gjer språksituasjonsmetoden ei moglegheit til å styra informantane, noko eg har brukt i innsamlinga for å få informasjon om desse variablane. Spørsmåla i chatmeldingane er laga slik at informantane skal bli trigga til å skriva ut variablane, t.d. *Är det något du inte gillar eller är allergisk mot?*. Her har eg medvete stilt spørsmålet kva informanten ikkje liker, slik at personen skal bruka nektingadverbet i

svaret. Eit problem med dette er at ein ofte i svar ikkje gjentar spørsmålet men berre svarer kortast mogleg i samsvar med økonomiseringsprinsippet. Utelating av subjekt førekjem òg hyppig, t.d. *har lyst å gå på tur*, og det gjer at eg ikkje har kunna samla inn desse variablane frå alle informantar i undersøkinga. I tillegg til å bruka variablane i Nordenstam (1979) sitt norskheitsindeks, har eg òg brukt andre variablar som førekjem hyppig i materialet. Desse er:

	Svensk	Norsk	Øvrige
Konjunksjonen <i>og</i>	och	og	o eller å
Subjunksjonen <i>å</i>	att	å	o eller og
Verbet <i>er</i>	är	er	e

Tabell 3.8: Språkindeks i kategoriane svensk, norsk og øvrige.

Til skilnad frå variablane til Nordenstam (1979) var desse variablane ikkje bestemte før innsamlinga, men blei bestemte etter innsamlinga og at eg såg at dei førekjem hyppig i materialet. Desse variablane passar godt for å sjå talemålsnære former i form av utelating av stumme konsonantar som finst i talemålet i både norsk og svensk.

3.5 Ethiske vurderingar

Før eg publiserte spørjeskjemaet har dei etiske utfordringane som blir diskutert i dette avsnitt diskutert saman med personvernombudet ved Universitetet i Bergen. Dette for å vera sikker på at avgjerdene og vurderingane mine er forskningsetiske.

Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora (NESH) har tatt fram retningslinjer for korleis ein som forskar skal ta omsyn til dei etiske utfordringane som finst ved forskning på internett. Eg skal i resten av dette kapittelet gjera greie for desse, og korleis eg har tatt omsyn til desse og gjort etiske vurderingar.

Den første forskningsetiske refleksjonen som NESH gjer er *skillet mellom offentlig og privat*. I denne delen spesifiserer NESH at «teknisk adgangsbegrensing» er ein god indikator på kor varsam forskaren bør vera. Det som blir aktuelt til innsamlinga mi er dei autentiske chatmeldingane. Då det handlar om meldingar i private chatrom, handlar det om materiale som må handterast som privat informasjon.

Den andre forskningsetiske refleksjonen som NESH pålegger er *omsynen til barn og andre svakstilte grupper*. Det tok eg med i vurderingane mine då eg i utvalet av informantar stilte krav om at informantane må vera over 18 år for å delta i undersøkinga. Ein annan av dei svakstilte gruppene som NESH nemner er tredje part, altså dei som indirekte ikkje er ein del av studien og ikkje har gitt samtykke. Dette er aktuelt i to delar av undersøkinga: ved spørsmåla om språkbruk hos barn, partner og venner og ved innsending av dei autentiske chatsamtalane. *Forskingsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi* spesifiserer NESH (2016, s. 19) kva som gjeld med omsyn til tredje part. Den etiske vurderinga skal bli gjort med omsyn til moglege negative konsekvensar, kor transparent miljøa er, og om tredjepart høyrer til ei særleg sårbar gruppe.

Barna til informantane er den tredje part som bør takast særleg omsyn til. I Noreg bur det 3433 barn med føresette som har svensk innvandrarbakgrunn (Statistisk sentralbyrå, 2021). I undersøkinga blir ingen annan informasjon enn foreldrane si språkbruksgruppe presentert i forhold til den informasjon som kjem fram om barna deira. Då det ikkje dukkar opp nokre særlege negative konsekvensar for barna og at det ikkje er mogleg å avsløra identiteten då gruppa dei potensielt kan høyra til er stor, vurderer eg det slik at innsamlinga er etisk forsvarleg.

For at informasjonen om tredje part ikkje skal vera gjennomskinleg har eg bede informantane mine om å ikkje senda inn samtalar som inneheld personsensitive tema om t.d. seksuell legning, helsetilstand, politisk tilhøyrslø. Før dei har sendt inn chatmeldingar har eg òg bede dei om å anonymisera chatsamtalane gjennom å skjula informasjon om både sitt eige namn og tredje part sitt namn. I studien presenterer eg ikkje nokon informasjon om språkbruken til samtalepartnaren. Dette til saman gjer at eg vurderer det som etisk forsvarleg å henta inn materiale frå tredje part.

NESH sin tredje forskningsetiske refleksjon er *ansvaret for å informera og innhenta samtykke*. Dei kriteriane som NESH stiller for dette er kor offentleg ytringa er, sensitiviteten til informasjonen, graden av utsett stilling og konsekvensane for hen det gjeld. Med tanke på at eg samlar inn informasjon som kan vera sensitive personopplysningar frå informantane mine, har eg informert dei om forskingsdeltaking og innhenta samtykke før dei deltok i studien.

Den fjerde forskningsetiske retningslinjen til NESH er *ansvaret for konfidensialitet og anonymitet*. Informantane mine er heilt anonyme, både for meg som forskar og den som les denne oppgåva. Når eg har presentert svar frå enkelte informantar blir dei presentert med eit nummer.

Det femte og siste punktet til NESH er *deling av data, åpne data og stordata*. Innsamlinga av data har vore heilt anonym og verktøyet SurveyxAct som eg har brukt samlar heller ikkje inn IP-adressar. Når informantane har sendt inn autentiske chatmeldingar har eg bede dei om å angje eit pseudonym som dei seinare bruker i emnefeltet på eposten som dei sender til meg for at eg skal kunna identifera innsendinga av autentiske chatsamtalar med svara i spørjeskjemaet. Etter at denne undersøkinga blir publisert har eg sletta alle filer som inneheld desse autentiske chatmeldingane.

4. Analyse av språkbruk

I denne delen kjem eg til å presentera språkbruken som finst i dei semiautentiske chatsamtalane og svara frå spørjeundersøkinga. Analysen er oppdelt i fem delar. Den første delen handlar om ein bruker svensk, nynorsk eller bokmål, den andre delen om blandingsvariantar mellom språka, den tredje om kva slags talemålsnære trekk som finst i materialet og den fjerde og siste delen om inter- og intraindividuell variasjon hos informantane.

4.1 Fordeling i språkbruksgruppene

Som eg presenterte i kap. 3.4.3 blir materialet når det er ein relevant faktor presentert utifrå språkbruksgruppe. Desse språkbruksgruppene er: *heilt svenske*, *hovudsakleg svenske*, *hovudsakleg norske* og *heilt norske*. Kort oppsummert er dei som anten skriv heilt svensk eller norsk einspråklege, og har ikkje nokre trekk frå det andre språket. Dei som anten skriv hovudsakleg norsk eller svensk har døme frå det andre språket, men bruker hovudsakleg eit språk. Tabell 4.1 viser fordelinga og antal informantar i dei ulike gruppene:

Heilt svensk	Hovudsakleg svensk	Hovudsakleg norsk	Heilt norsk
9	28	46	27

Tabell 4.1: Fordeling i dei fire språkbruksgruppene

Som me kan sjå, er det 46 informantar som høyrer til den største gruppa dei som skriv *hovudsakleg norsk*. Det er 28 informantar som høyrer til den nest største gruppa som skriv *hovudsakleg svensk*. Omtrent like mange, 27 informantar, høyrer til dei som skriv *heilt norsk* og 9 informantar skriv *heilt svensk*. I resten av dette kapittelet kjem eg til å gjera greie for dei lingvistiske trekka i dei ulike språkbruksgruppene.

4.2 Svensk, bokmål, nynorsk eller engelsk

4.2.1 Språkbruk hos den norske samtalepartnaren

Til å byrja med skal me sjå kva slags varietetar informantane møter hos norske samtalepartnarar på *Facebook Messenger*. I spørjeskjemaet har informantane sjølv fått opplysa kva slags varietetar norske samtalepartnarar pleier å bruka, og kor mykje dei blir brukte:

	Veldig ofte	Ganske ofte	Ganske sjeldent	Veldig sjeldent	Aldri
Nynorsk	10	15	15	28	37
Bokmål	97	8	2	2	0

Tabell 4.2: Bruk av nynorsk og bokmål hos den norske samtalepartnaren.

Som me kan sjå i tabell 4.2 er det meir vanleg å møta bokmål enn kva det er med nynorsk, ifølgje informantane sjølv. Ser me til ytterpunkta er det 97 personar som seier at bokmål blir brukt veldig ofte og berre 10 personar som seier same om nynorsk. Det er ikkje nokon som seier at bokmål aldri blir brukt, men 37 personar som oppgir at nynorsk aldri blir det. Med det sagt er det ikkje slik at nynorsk ikkje førekjem i det heile tatt, men at bruken av bokmål er meir frekvent. Det er 15 informantar som seier at nordmenn skriv nynorsk ganske ofte, 15 personar ganske sjeldan og 28 informantar veldig sjeldan. Til saman er det 68 informantar som i ulik grad kjem i kontakt med nynorsk når dei skriv med nordmenn på Facebook Messenger. Ser me på kva andre språk dei norske samtalepartnarane bruker, er det ifølgje spørreundersøkinga sjeldan at nordmennene skriv svensk og engelsk:

	Veldig ofte	Ganske ofte	Ganske sjeldent	Veldig sjeldent	Aldri
Svensk	0	1	9	26	67
Engelsk	1	2	12	29	59

Tabell 4.3: Bruk av svensk og engelsk hos den norske samtalepartnaren.

Ingen av informantane seier at svensk blir brukt veldig ofte og berre éin seier dette om engelsk. Det er 67 informantar som seier at nordmenn aldri bruker svensk og 59 som seier slik om engelsk. 26 informantar seier at nordmenn veldig sjeldent bruker svensk, og 29 personar som seier det same om engelsk. Utifrå desse tala kan ein konkludera at desse varietetane er lite i bruk hos den norske samtalepartnaren til informantane.

4.2.2 Språkbruk hos informantane

Tabell 4.4 viser kva for språk informantane sjølv seier at dei bruker på *Facebook Messenger* i kontakt med nordmenn:

	Veldig ofte	Ganske ofte	Ganske sjeldent	Veldig sjeldent	Aldri
Svensk	38	14	15	22	18
Bokmål	57	25	9	10	9
Nynorsk	2	1	5	5	90
Engelsk	0	4	14	27	60

Tabell 4.4: Sjølvrapportert bruk av varietetane svensk, bokmål, nynorsk og engelsk.

Det er ganske store interindividuelle skilnadar kor mykje svensk som blir brukt. Av informantane seier 38 personar at dei bruker svensk veldig ofte, 14 ganske ofte, 15 ganske sjeldent, 22 veldig sjeldent og 18 aldri. Av dei semiautentiske meldingane er det 255 (21 %) meldingar som har blitt kategorisert som heilt svensk utan nokre særnorske trekk.

Bokmål er ifølgje informantane sjølv noko som dei bruker ofte. Det er 57 informantar som seier at dei bruker bokmål veldig ofte og 25 informantar seier at dei bruker det ganske ofte. Andelen som ikkje bruker det særleg mykje, er lågare (9 ganske sjeldan, 10 veldig sjeldan og 9 aldri). Denne sjølvrapporterte språkbruken ser ut til å stemma med dei semiautentiske meldingane. Omtrent 430 (36 %) av alle desse meldingane er klassifisert som bokmål. Det er 136 (11,3 %) av meldingane som har blitt klassifisert som norsk. Språket i desse meldingane er i tråd med gjeldande rettskriving, både innanfor bokmål og nynorsk. Om ein ser til kor lite nynorsk som blir brukt er sannsynet høgt for at også desse skal bli klassifiserte som bokmål.

Ein varietet som er lite i bruk er nynorsk. Det er berre to personar som sjølv seier at dei skriv nynorsk veldig ofte, 1 ganske ofte, 5 ganske sjeldan, 5 veldig sjeldan og 90 aldri. Av dei semiautentiske meldingane er det berre 8 meldingar som har vore kategorisert som nynorsk. Då antalet informantar som sjølv oppgir at dei skriv nynorsk er liten, er det mogleg å samanlikna dei sjølvrapporterte svara med språket i dei semiautentiske chatmeldingane. Dei tre informantane som sjølv seier at dei bruker nynorsk ofte eller ganske ofte er informant 77, 84 og 107. Alle desse informantane rapporterer òg at dei har venner som skriv nynorsk meir eller like mykje som dei skriv bokmål. Informant 84 skriv sjølv at ho bruker veldig mykje nynorsk, men òg mykje svensk når ho skriv sosiale medium. I dei semiautentiske meldingane er ho kategorisert som heilt svensk då ho ikkje bruker noko norsk, korkje bokmål eller nynorsk. Informant 77 og 107 skriv ganske likt. Begge skriv, ifølgje dei sjølv, veldig talemålsnære, og er ikkje opptatte av skrivereglar. I dei semiautentiske chatmeldingane finst det fleire likskapar. Begge bruker *eg* som pronomen

førsteperson, men Informant 77 bruker nektingadverbet *ikke* og informant 107 *ikkje*. Informant 77 har inga meldingar som har blitt kategorisert som nynorsk, mens informant 107 har 2. I meldingane deira finst det fleire døme på bokmålsord, t.d. *savner* 'saknar', *melk* 'mjølk', *se* 'sjå', *noe* 'noko', *vet* 'veit', *uken* 'veka', *bare* 'berre', *hjemme* 'heime'. Ein kan konkludera at ingen av dei som sjølv seier at dei bruker nynorsk på Facebook Messenger faktisk skriv nynorsk. I staden for bruker dei berre nokre språktrekk frå nynorsk.

Til sist skal me sjå på bruken av engelsk. Som me kan sjå er bruken av engelsk, i likskap med hos nordmennene, veldig låg, ifølge dei sjølvrapporterte tala. Ser me på dei semiautentiske chatmeldingane er det berre 14 meldingar i heile materialet som har innslag enkeltord på engelsk, t.d. *og no*, *sorry* og *I got your back*.

4.2.3 Haldningar til dei ulike skriftspråka

I spørjeskjemaet fekk informantane opne spørsmål om kva slags assosiasjonar dei har til dei to målformene. Assosiasjonane til nynorsk viser at fleire av informantane har negative haldningar, t.d. blir ord som *dårlige*, *tåpelig*, *hemskt*, *borde forbjudas*, *kultursnobberi*, *meningslöst*, *fult*, *blä*, *stygg*, *krånligt* og *rart* brukte. Nokre informantar uttrykker positive haldningar med ord som *poetiskt*, *gillar verkligen*, *fint*, *behagligt* og *Ivar Aasen är cool*. Fleire informantar koplar nynorsk tydeleg saman med *bygda* og *Vestlandet* og at det *høres alderdomleg ut*.

Fleire løftar at dei ikkje skjønner meininga med å ha to ulike skriftspråk til berre 5 millionar menneske. Dei synest at det er vanskeleg å skjønna nynorsk sidan fleire ord er tydeleg annleis, t.d. *framleis* og *korleis*. Andre peiker på likskapen med svensk og at det er enkelt å forstå, særleg når orda er like, *veke* (svensk omsetjing *vecka*). Nokre peiker òg på likskapen til si eiga svenske dialekt.

Når det gjeld assosiasjonane til bokmål er dei betydeleg meir nøytrale enn kva dei er med nynorsk. Fleire informantar peiker på at bokmål er det *normale* eller *nøytrale* og at det for mange er synonymt med norsk. Informant 96 skriv t.d. «Vanlig norska, det jag använder och som är lättast att förstå». Likevel finst det både positive og negative assosiasjonar til bokmål. Blant dei positive finst ord som *jordnært*, *fint*, *bästa norsken* og *lättförståeligt*. Dei meir negative haldningane går på at det kan oppfattast som overlegent. Informant 50 skriv «Såna oslofjantar som snackar det» og informant 82 synest at «Folk som försöker imponera på andra eller som tycker de är bättre än andra».

Negative haldningar som går igjen er at det er ordfattigare enn svensk og at det er vanskeleg å uttrykkja seg på bokmål.

På spørsmålet kva slags målform informantane føretrekker, svarte 94 bokmål og 4 nynorsk. Grunnen til at dei fleste informantar føretrekker bokmål ligg i at det er det som blir mest brukt, eller minner mest på talemålet der dei bur (Oslo og Trondheim), at det er enklare, at ein er meir vand med bokmål då ein oftare møter det hos venner og i media, meir likt svensk eller at ein har negative haldningar til nynorsk. Dei informantane som føretrekker nynorsk peiker på at familie og venner bruker det, at det er fint og at det minner mest på dialektene der dei bur.

Assosiasjonane til svensk hos informantane er veldig positive. Den vanlegaste assosiasjonen er *hemma*. Mange seier at dei saknar å høyra det og at dei får heimlengsel når det skjer. Mange meiner at før dei flytta til Noreg var dei meir nøytrale til svensk, men at dei etter flytten har blitt meir positive. Informant 13 skriv at hen «Var likgiltig innan flytten, om jag hör någon prata svenska nu blir jag jätteglad och vill gärna prata med personen». Den haldningen som kan vera negativ mot svensk er at det kan vera eit *stelt* og *statistk* språk og at stavinga kan vera *ulogisk*. Samanlikna med norsk er det ikkje like mange *dialekter* og *nyanser*. Informant 3 skriv at svensk er «Lite statistk språk, svært att skriva på dialekt. Något mer kultiverat än norska».

Eg spurte òg kva språk informantane hadde brukt om dei berre hadde lov til å bruka eitt språk. Det er det 61 som svarer svensk og 35 norsk. Den vanlegste årsaka til dei som vel svensk er fordi svensk er morsmålet deira og at kunnskapane i svensk er høgare. Nokre av svara ser ut til å peika på ei sterkare kopling til Sverige, t.d. skriv informant 14 «Sverige ligger närmast hjärtat». Svara til kvifor dei som har valt norsk handlar òg om kopling til Noreg og at det mest naturlege er å bruka språket til staden ein bur, t.d. skriv informant 78: «Jag är såpass integrerad i det norska samhället att det allt som oftast är mest naturligt för mig att uttrycka mig på norska». Andre svar handlar om at informantane er sikrere på norsk og synest det er enklare enn å skriva svensk.

4.3 Språkleg variasjon av norsk og svensk

I denne del kjem eg til å skildra både sjølvrapportert bruk av variasjon mellom norsk og svensk og funn der både norsk og svensk blir brukt frå dei semiautentiske chatsamtalane.

4.3.1 Eigenrapportert språkblending

I spørjeundersøkinga fekk informantane spørsmålet om dei sjølv meiner at dei blandar språka når dei skriv med venner på Facebook Messenger, og kor mykje dei gjer det. Informantane har utifrå den faktiske språkbruken deira (i dei semiautentiske chatsamtalane) blitt sorterte i gruppene *heilt svensk*, *hovudsakleg svensk*, *hovudsakleg norsk* og *heilt norsk* (sjå kap 3.4.3). Svara frå informantane blir i tabell 4.5 presentert utifrå kva for gruppe dei har blitt sorterte i.

Språkbruksgruppe	Veldig ofte	Ganske ofte	Ganske sjeldent	Veldig sjeldent	Aldri	Gjennomsnitt
Heilt svensk	0 %	0 %	11 %	5 %	22 %	8 %
Hovudsakleg svensk	40 %	29 %	21 %	19 %	6 %	25 %
Hovudsakleg norsk	49 %	41 %	37 %	57 %	17 %	42 %
Heilt norsk	9 %	24 %	32 %	19 %	56 %	25 %
Alle	35	17	19	21	18	110

Tabell 4.5: Sjølvrapportert språkleg variasjon mellom norsk og svensk på *Facebook Messenger*.

Av alle informantar er det 35 som blandar språka veldig ofte, 17 ganske ofte, 19 ganske sjeldan, 21 veldig sjeldan og 18 som aldri gjer det. Det er forholdsvis stort samsvar mellom eigenrapportert språkbruk og kategoriseringa utifrå dei semiautentiske chatsamtalane. Ein stor del av dei som svarer at dei blandar språka, er kategorisert i gruppene *hovudsakleg svensk* eller *hovudsakleg norsk*. Mange av dei som likevel svarer at dei aldri blandar språk, er i gruppene *heilt svensk* eller *heilt norsk*.

4.3.2 Årsaker bak språkblending

I spørjeundersøkinga fekk informantane som sjølv seier at dei «svorskar», spørsmål kva dei sjølv trur er årsaka til at dei gjer det. Fleire informantar seier at på grunn av likskapane til språka, er det vanskeleg å skilja dei frå kvarandre og seier at dei er språkførvirra. Andre skriv at å skifta ut ord blir ein vane når ein lærer kva for ord nordmennene ikkje forstår. Gjennom å skifta ut enkelte ord blir kommunikasjonen raskare og ein unngår misforståingar. Informant 88 skriv: «Målet med kommunikationen är att vi ska förstå varandra och ingen verkar tycka att det är ett problem med svorsk». Det handlar òg om at det er naturleg i samtale å bruka same ord som samtalepartnaren, t.d. skriv informant 30: «När den person jag skriver med lyfter en specifik sak eller ämne på norska

bruger jeg også anvænda samma norske ord i det samtaleet». Fleire skriv at det finst ein tydeleg samanheng med jobben, t.d. skriv informant 19: «Det är för mig också som att ta på sig jobbkläder, att prata "svorsk" blir en del av uniformen».

4.3.3 Målformen til samtalepartnaren

Tabell 4.6 viser kva slags målform dei semiautentiske Facebook-meldingane har vore basert på i dei semiautentiske chatsamtalane og fordelinga mellom språkbruksgruppene:

Språkbruksgruppe	Nynorsk	Bokmål	Gjennomsnitt
Heilt svensk	6 %	11 %	8 %
Hovudsakleg svensk	34 %	13 %	25 %
Hovudsakleg norsk	45 %	37 %	42 %
Heilt norsk	14 %	39 %	25 %
Alle	64	46	110

Tabell 4.6: Fordeling i dei ulike språkbruksgruppene utifrå målforma på dei semiautentiske chatmeldingane.

Til saman var det 64 informantar som fekk meldingar basert på nynorsk og 46 informantar som fekk meldingar basert på bokmål. Dei som skriv anten hovudsakleg svensk eller hovudsakleg norsk er overrepresentert blant dei som fekk semiautentiske chatmeldingar på målforma nynorsk og dei som skriv heilt svensk eller heilt norsk er overrepresentert blant dei som fekk bokmål. Det ser altså ut som at informantane i høgare utstrekking bruker begge språka når mottakaren skriv nynorsk, og meir einspråklege når mottakaren skriv bokmål. Det er eit signifikant samband mellom språkbruken til informantane og målforma til meldingane ($\chi^2_{(3)} = 11.895$, $p = 0.008$). Post-hoc-testen viser at blant dei som har fått meldingar på bokmål er det statistisk sikkert at dei som skriv heilt norsk er høgare enn forventa ($p = 0.0339$), og blant dei som fekk meldingar på nynorsk finst det ein tendens til at dei som skriv hovudsakleg svensk er høgare enn forventa ($p = 0.106$).

4.3.4 Funn av språkleg variasjon i dei semiautentiske chatsamtalane

I gjennomgangen og kategoriseringa av språkbruken i svara på dei semiautentiske chatmeldingane, var det tydelig at i dei aller fleste tilfella er det éin varietet som primært blir brukt. Det er 28 informantar som har skrive minst ei melding som har blitt kategorisert som *hovudsakleg norsk med innslag av svensk*, og 29 informantar som har skrive minst ei melding som blitt kategorisert som

hovudsakleg svensk med innslag av norsk (sjå kap. 3.4.2). Av den grunnen har eg sortert dette kapittelet utifrå om meldingane hovudsakleg er skrivne på norsk eller svensk. Til sist presenterer eg sjeldne døme på når det ikkje har vore mogleg å seia kva for varietet som hovudsakleg blir brukt. Kategoriseringa av kva slags språkblanding som skjer går ut frå kategoriseringa til Nordenstam (1979, s. 43–46). Først blir ord som har blitt kategorisert som særsvenske eller -norske presentert, det vil seia dei orda som ikkje finst i det andre språket. Deretter blir ord som *liknar på kvarandre, men ikkje er likelydande* presentert. I denne kategorien har språka same tyding som ordet, men forma er ulik (men liknande). Etter det blir dei likelydande orda presentert. Dette er ord der uttalen og tydinga i språka er lik, men der skrivemåten er ulik. Hos dei informantane som hovudsakleg skriv svensk men har innslag av norsk finst det òg ord som er dømen på *homofonar, homologar* og *stilskifte*. Til sist presenterer eg ord der ein brukt eit bøyingsmønster som høyrer til det andre språket.

4.3.4.1 Hovudsakleg norsk med innslag av svensk

Særsvenske ord

Utifrå klassifiseringa til Nordenstam (1979) er det nokre ord som blir brukt i dei semiautentiske chatmeldingane som er klassifisert som særsvenske. Desse er:

Ord	Ordklasse	Melding
Hallon	Substantiv	Appelsin, eple, banan og ananas blir godt trur æ. Å kanskje hallon og..
Morsans	Substantiv	Ja, falukorv, Morsans kjøttboller å dillkaviar.
Vidrigt	Adjektiv	Liker ikkje kjøtt, fisk eller kylling. Syns fiskekaker er vidrigt .

Tabell 4.7: Særsvenske ord.

Orda *hallon* 'bringebær', *morsans* 'mamma si/sine eller mora si/sine (kvardagsleg)' og *vidrigt* 'ekkel' er alle ord som ikkje har noko samsvar i norsk, men berre finst i svensk. Då det berre er tre døme på dette, kan ein konkludera at det ikkje er særleg typisk å blanda inn svenske ord som manglar i norsk i heile materialet når ein hovudsakleg skriv norsk.

Ord som liknar på kvarandre, men ikkje er likelydande

Noko som er betydeleg vanlegare enn ord som manglar fullstendig i norsk, er ord som ikkje samsvarar, men liknar på korleis dei blir skriven i norsk. Desse orda er:

Ord	Ordklasse	Melding
Köttbullar	Substantiv	Da må vi ha köttbullar !!
Föreslår	Verb	Hei, föreslår kylling og ris. Kjøp gjerne med is også. (Sandwich)
Finns	Verb	Nei, det finns ingen bra svenske filmer
Svenska	Adjektiv	Köttbullar, men det finns dessverre ikke svenska köttbullar på butikken, finnes bare kjøttboller, og det er ikke detsamme..
Dig	Pronomen	Ikke bra, har du testet dig ? Må jo bare skaffe dig Netflix, HBO å binge watcha alt du kan.
Jag	Pronomen	Hei! Jag skal henge med noen fra klassen på lørdag kveld, men ellers er jag fri. Må studere litt, men har tid til å møtes!
Samma	Pronomen	Sålenge det ikke er banan eller sån frukt på boks så er det samma for meg!
Vid	Adverb	En man vid navn Ove
Absolut	Adverb	Absolut ikke lutefisk
Ju	Adverb	Det er ju vanskelig å finne på ting i disse tider
Asså	Adverb	Nu MÅ du se Dexter asså , vær så snill!!!

Tabell 4.8: Svenske ord som liknar på norsk, men ikkje er likelydende.

Ordklassene som finst representert her er både opne ordklasser som substantivet *köttbullar*, verba *föreslår* og *finns* og adjektivet *svenska*. Det finst fleire døme frå dei meir grammatiske ordklassene som pronomena *dig*, *jag* og *samma*, adverba *vid*, *absolut*, *ju* og *asså*. Alle desse orda er ikkje heilt samsvarande med norsk, men liknar veldig på norsk. I dei fleste tilfella er det ein vokal som er annleis, t.d. *dig* 'deg', *ju* 'jo', *samma* 'samme' m.m. Det finst eit døme på at ein har ein vokal meir i ordet *asså* 'ass', og eit døme på kort lang vokal i staden for kort i ordet *absolut* 'absolutt'. Skilnaden mot døma i neste avsnitt er at dei ikkje er likelydande.

Likelydande ord med same tyding

Utanom dei særsvenske inskuddsorda finst det fleire ord som er likelydande i svensk og norsk, men som blir skrivne på svensk. Desse orda er:

Ord	Ordklasse	Melding
Här	Adverbial	Ingen planer här
Ett	Artikkel	Ja, er gluten. Så kjøp ett glutenfritt alternativ hvis det er noe med gluten i
Skall	Verb	Hei, skall vi kanskje dra ut på byen?
Vill	Verb	Eg vill ikke ha filmkveld igjen
Att	Subjunksjon	Eg syns att Sommaren med Göran er verd o se
Man	Substantiv	En man vid navn Ove
Byn	Substantiv	En tur på byn ?
Okej	Interjeksjon	Okej , ingen problem
Nej	Interjeksjon	Nej egentli ikke

Tabell 4.9: Svenske ord som er likelydande og med same tyding som i norsk.

Det finst eit døme på at når ein i norsk ortografi har *e* og i svensk *ä* finst det eit døme og det er ordet *här*. Det finst fleire døme på ord som i svensk har dobbelkonsonant, men i norsk enkel, samstundes som orda er likelydande, desse er *ett*, *skall*, *vill* og *att*. Ordet *man* er eit døme på når /n/ i utlyd blir skrivne med enkel konsonant, men i norsk med dobbelkonsonant. Substantiv i bestemt form der *e* er stum blir i svensk ortografi realisert, men ikkje i norsk, men har ein likelydande uttale. Eit døme på det er *byn*. Her er det likevel den norske tydinga til *byn* som blir brukt, og ikkje den svenske, men ordet følgjer svensk bøyingsmønster. Til sist er det to døme på når ein i norsk skriv *i* og *j* i svensk, men der uttalen er lik, og det er orda *okej* og *nej*.

Norske ord med svensk bøyingsmønster

I meldingane som hovudsakleg er skrivne på norsk, er nokre av orda som blir brukte særnorske eller i ei tyding som ikkje finst i svensk, men der ein har bøygd dei etter svensk bøyingsmønster. Det finst fleire døme på at ein bruker den svenske bøyinga av samsvarsbøyning av adjektiv i inkjekjønn (som òg finst i fleire sørvestnorske dialekter). T.d. skriv informant 64: «Nei, jeg skal bare ta det roligt».

4.3.4.2 Hovudsakleg svensk med innslag av norsk

Særnorske ord

I dei meldingane som hovudsakleg er skrivne på svensk finst det ei rekke ord som ikkje har noko samsvar i svensk, men er særnorske. Desse er:

Ord	Ordklasse	Melding
Rømme	Substantiv	Hej! Köp gärna med Rømme och chips
Dritt	Substantiv	Allt, för norge har inte ett dritt
Kino	Substantiv	Häng med mig vettja, annars kino , vinterbad eller kaka på Una's
Trenger	Verb	Nej, men du trenger inte att ta så mycket banan i da.
Kjeder	Verb	Vill du se på folk som också kjeder sig hemma på bygda finns Fucking Åmål.
Kjedelig	Adjektiv	Ooohh nej så kjedelig , jag ska se om jag hittar något bra
Litt	Adjektiv	Hej ! Nej, inget speciellt, kanske litt Netflix

Tabell 4.10: Særnorske ord.

Samanlikna med dei særsvenske er det betydeleg fleire særnorske ord. Grunnen til det kan vera at ein unngår dei særsvenske, men bruker dei særnorske for å bli forstått. Alle orda høyrer til opne ordklassar. Blant substantiva finn me *bringebær*, *rømme*, *dritt* og *kino*, verba *liker*, *trenger* og *kjeder* og adjektiva *kjedelig* og *litt*. *Liker* manglar ei betydning i svensk og den svenske omsetjinga *gillar* manglar i norsk. I staden for å skriva *trenger* er den svenske omsetjinga *behöver* 'behøver' gangbar på norsk og i begge målformene. Her har informanten altså hatt moglegheit til å skriva ei nøytral form, men har valt den særnorske. *Kjeder* har ikkje noko tilsvarande på svensk, men treng konstruksjonen *har det tråkigt* og verbet *tråkar* fungerer berre i konstruksjonar med preposisjonen *ut* på svensk, altså *tråkar ut*. Denne konstruksjonen har likevel ei litt anna tyding på svensk enn kva han har på norsk.

Ord som liknar på kvarandre, men ikkje er likelydende

Nokre av dei norske orda som blir brukt i meldingar som elles er svenske, er ord som liknar på samsvaret i svensk. Desse er:

Ord	Svensk omsetjing	Ordklasse	Melding
Burger	Burgare	Substantiv	Hej! Jag har inga direkta idéer just nu. Är ganska mätt och har dålig fantasi. Vad vill du ha ikväll? Kanske burger ?
Druer	Druvor	Substantiv	Gärna druer , apelsin och äpple
Vegetar	Vegetarisk	Adjektiv	Hmm bara det e vegetar så e jag glad ??
Gjerrig	Girig	Adjektiv	Den billiga sorten. Jag är ju en gjerrig Smålänning.
Meste	Mesta	Adjektiv	Nej, jag är öppen för det meste .
Da	Då	Adverb	Nej, men du trenger inte att ta så mycket banan i da .
Sammen	Samman eller tillsammans	Adverb	Nope. Jag har tänkt att ha det kjedelig hemma. Jag tar gärna en tur ute ifall du vill hitta på något sammen .
noke 'noko'	Något	determinativ	Om tur och fika verkar lite kjedelig og lame man så finner vi sikkert på något annat bra. Finn på noke du, jag är med på det mesta:)

Tabell 4.11: Norske ord som liknar på svensk, men ikkje er likelydende.

Samanliknar me desse orda med dei i kap. 4.3.4.1 ser me at dei framleis er like den svenske omsetjinga si, men at det er litt større skilnadar mellom orda. Akkurat som med orda i avsnitt 4.3.4.1 finst det døme på at ein vokal er annleis eller at den er kort på norsk, men lang på svensk, t.d. *gjerrig* 'girig'. Ord som fortsatt er like, men der skilnadane er litt større, t.d. fleire stavingar er *burger* 'burgare', *vegetar* 'vegetarisk' og *noke* 'något'. Ordet *druer* 'druvor' er veldig like i norsk og svensk då -or i svensk ofte blir uttalt -er (Nordenstam, 1979, s. 55), men i svensk blir *v* i *druvor* uttalt, men ikkje i norsk og difor er dei ikkje likelydande.

Likelydande ord med same tyding

Det finst fleire ord som har same tyding og er likelydande, der informantane har realisert dei med ei norsk staving i ei melding som elles er skriven på svensk:

Ord	Svensk omsetjing	Ordklasse	Melding
Eple	Äpple	Substantiv	Eple , päron, melon och druer!
Er	Är	Verb	Vår tid er nu!
Kjøp	Köp	Verb	Vet inte, kjøp kjøttdeig
Kjøtt(deig)	Kött(färs)	Substantiv	Vet inte, kjøp kjøtt deig
Nei	Nej	Interjeksjon	Nei inte direkt..

Tabell 4.12: Norske ord som er likelydande og med same tyding som i svensk.

Akkurat som i kap. 4.3.4.1 finst det døme på når eit ord i svensk blir skriva med ä, men e i norsk. Orda *eple* og *er* blir realisert med den norske stavemåten. Ein gjer heller ikkje skilnad i uttalen på dobbel og enkel konsonant i ordet *eple* i svensk og norsk, men uttalen er lik. Orda *kjøp* og *kjøtt(deig)* blir i svensk realisert utan j, men uttalen av desse orda er lik. Her finst òg tilsvarende som i kap. 4.3.4.1 når det gjeld *i* i norsk og *j* i svensk der uttalen er lik i ordet *nei*.

Homofonar, homologar og stilskifte

Fleire av dei norske orda i elles svenske meldingar finst òg i svensk, men med ei anna tyding. Kor nære den norske tydinga og den svenske er varierer mellom orda. Nordenstam (1973, s. 55) peiker på at det ikkje er heilt lett å dra eit klart skilje mellom kva for ord som høyrer til kategorien *homofonar* og kva for ord som høyrer til kategorien *homologar*, altså ord der det finst ein likskap i tydingane. Det handlar om eit kontinuum der tydingane kan ligga nær kvarandre i ulik grad. Homofonane er ord der tydinga er heilt ulik i dei to språka. Orda har blitt kategorisert som norske då dei blir brukte i den norske tydinga si. Av den grunnen har eg valt å ikkje skilja mellom homofonar og homologar. Desse orda er:

Ord	Ordklasse	Melding
Byen	Substantiv	Ett glas ute på byen kanskje?
Syns	Verb	All frukt är god tillsammans syns jag ??
Dra	Verb	Vi tänkte dra på tur i helgen om det inte regnar. Välkommen att hänga på om du har lust :)
Bli	Verb	Du kan finne på något med nån vän kanskje? Eller bli med ut!
Finn	Verb	Om tur och fika verkar lite kjedelig og lame man så finner vi sikkert på något annat bra. Finn på noke du, jag är med på det mesta:)
Spiser	Verb	Jag spiser väldigt gärna vegetariskt/veganskt, men är flexibel. Kör på det du tycker verkar bra så blir det supert!
Fri	Adjektiv	Nej, jag är fri !!
Vanskelig	Adjektiv	Kåldolmar, helt klart. Men det är så vanskelig å laga, kan vi ta nåt snabbt istället?
Ikke	Adverb	Jag vill ikke gå ut i vart fall
Å	Subjunktion	Kåldolmar, helt klart. Men det är så vanskelig å laga, kan vi ta nåt snabbt istället?

Tabell 4.13: Homofonar, homologar og stilskifte.

På byen i tydinga 'utestadar i byen' finst ikkje på svensk. På svensk er grunntydinga til by det som på norsk er landsby eller bygd. Den norske tydinga 'tettsted' er i svensk omsetjing 'stad'. Tydinga i begge språka refererer til ein stad, men i svensk er det ein mindre stad enn kva det er i norsk.

Verbet *syns* 'synest' finst på svensk i tydinga 'tykkjer'. På svensk er likevel tydinga *vi syns* 'me sjåast' den dominerande tydinga til verbet og verbet *syns* i tydinga 'tykkjer' er meir kvardagsleg på norsk enn kva ho er på svensk.

Eit av orda som kan vera vanskeleg å avgjera om det skulle vera ein homfon eller homolog er *bli*. I ein svensk omsetjing skulle *bli med* vera *følj med*. På begge språka handlar bli om forflyttelse, men på svensk har bli tydinga 'å stanna', mens den i denne samanhengen som berre fungerer på norsk har tydinga å følgja.

I ei norsk tyding betyr *dra på* å forflytta seg frå ein stad til ei anna. På svensk betyr konstruksjonen *dra på* å auka farten, men konstruksjonen *dra sig* betyr å 'forflytta seg'. Verbet *dra* har liknande tydingar på norsk og svensk, men ikkje heilt same. Verbet i seg sjølv kan altså seiast å vera gangbar i begge språka, men ikkje konstruksjonen.

Finn på har eg kategorisert som ein homolog, trass i at formuleringa ifølgje SAOB finst på svensk. Etter mi språkkjensle vil ei vanleg svensk formulering av denne setninga vera *hitta på* ikkje *finna på*. Her er det kanskje nokre subtile forskjellar mellom tydingane av 'finna på' på norsk og svensk som gjer at 'finna på' framstår som norsk i denne elles svenske setninga.

Som ordet *fri* er brukt i denne meldinga skulle det på svensk bli omsat til 'ledig'. Tydinga til *fri* på svensk handlar likevel, akkurat som på norsk, om å ikkje vera bunden til noko. Men på svensk blir ikkje *fri* brukt når du ikkje er bunden til planar.

Orda *spiser* i tydinga 'et', *ikke* og *vanskelig* er ord som finst i svensk, men er det som Nordenstam (s. 55–64) kallar for *stilskifte*. Dei har akkurat same tyding, men stilverdien på svensk til desse orda er betydeleg meir alderdommeleg enn kva dei er i norsk (SAOL).

Norske ord med svensk bøyingsmønster

Akkurat som med meldingane der ein hovudsakleg har skrive norsk finst det òg døme i meldingane som hovudsakleg er skrivne på svensk på at ein bruker den svenske bøyinga av samsvarbøying av adjektiv i inkjekjønn når ein bruker norske ord, men hovudsakleg skriv svensk. Informant 30 skriv t.d. «Det är inte så **kjedeligt** som det låter».

Norsk bøyingsmønster

Hokjønnsbøying finst i talemålet til begge språka, men er berre ein del av den offisielle normeringa i norsk, og ikkje i svensk. Informant 30 bøyer ordet *bygda* som eit hokjønnsord i meldinga «handlar om att kjeda sig på **bygda**», der a-endinga i *bygda* samsvarer med normert norsk, men ikkje normert svensk.

4.3.4.3 Meldingar der ikkje ein varietet hovudsakleg blir brukt

I dei aller fleste meldingane har det vore tydeleg at det er ein varietet som primært blir brukt og at innslaga av den andre koden er skoten inn. Det finst berre nokre døme på meldingar der det ikkje har vore mogleg å avgjera kva slags varietet som blir brukt. I døma nedanfor er dei delane av meldingane som kan høyra til begge språka markert med rosa, dei særnorske delane raude og dei særsvenske blå. Det finst òg ein stad der det er markert med grønn, fordi informanten bruker svenske ord, men med norsk ordstilling. Desse meldingane er:

Informant 21:

Shopping, du brukar så lang tid på en ting. Orkar inte.
Vet ikke ass. Må sitta och jobba endel. Kanske ta en pils senere ikveld?

Informant 73:

Tunna blå linjen tycker jeg er bra, speglar verkligheten från politiets side veldig bra skulle jeg tru
Ja, røkt korv. Svensk gulost. Isterband. Äkta skinka. Majonäs. Kalles kaviar. Leverpastej. Bröd och
mycket mer. Listen blir lang

Informant 79:

Netflix, HBO, mye bra där! Kjipt att du blivit syk! Håper det går fort över.
jag vill ikke være ute. Det er så kallt

Noko ein kan sjå i desse meldingane er at veksling av varietet sjeldan skjer rett etter kvarandre. Som oftast er det eit skiljeteikn eller at varietet som er felles på begge språka blir brukt mellom. På den måten ser det ut til at desse informantane glir inn og ut mellom dei norske og svenske varietetane.

4.3.5 Triggering

I denne delen skal eg løfta ulike døme på korleis tema og ord i chatsamtalen eg har konstruert, kan trigga språklege val hos informantane. Triggereffekten handlar om at ein blir trigga til å skifta varietet på grunn av temaet eller at bruken av eit ord gjer at du held fram med den koden du har blitt trigga til å bruka (for meir inngåande forklaring til omgrepet, sjå kap. 2.2.4).

Spørsmåla om svensk mat og filmar var tenkt å fungera som ein trigger for å veksle i ei meir svensk retning. Eit døme på veksling finst hos informant 77 i meldinga «Eg syns att Sommaren med Göran

er verd o se». Informant 77 starter med ein norsk varietet, men rett før triggerkonstruksjonen *Sommaren med Göran* kjem, vekslar han til den svenske forma «att». Informant 48 skriv etter triggerordet *falukorv* det særsvenske *morsans* (mor sine). Det er ikkje berre heile ord som ein kan sjå at triggerordet påverkar, men òg bøyning. Både informant 78 og 96 bøyer adjektivet *svenska* 'svenske' etter svensk bøyingsmønster med -a før dei skriv triggerordet *köttbullar*.

Sjølv om triggerorda i nokre tilfelle har ein triggereffekt, skjer det ikkje veksling til svensk kvar gong eit triggerord opptrer. Informant 30 skriv til dømes «sammen» etter at hen har skriva det særsvenske ordet *fika*. Same skjer i norsk retning der informant 43 skriv tittelen *Hjem til jul*, men avsluttar likevel setninga på svensk.

I tre av dei semiautentiske chatmeldingane blir ordet «svensk» brukt; der blir informantane spurde om svenske matrettar og filmar. Talet på svar som har blitt kategorisert som svensk i desse, er 41 meldingar. For dei som har blitt kategorisert som norsk (anten norsk, bokmål eller nynorsk) er 34. Motsvarande tal for meldingar utan ordet *svensk* er 21 svenske og 59 norske meldingar. Utifrå desse tala er det tydeleg at anten ordet «svensk» eller at det blir spurt om eit tema som handlar om Sverige har ein triggereffekt på informantane.

4.3.6 Informantane sine haldningar til språkblending

I undersøkinga fekk informantane spørsmålet kva dei synest om å blanda språka munnleg og skriftleg. Resultata viser at haldningane mot munnleg blending hos mange er svært negative. Ord som blir brukt er t.d. *fult, tycker inte om, onödigt, ikke bra, håpløst, forferdelig, dumt, förskräckligt, rörigt, töntigt, hemskt, kjempeteit, harry, irriterande* m.m. Likevel finst det nokre som løftar fram positive assosiasjonar som *charmigt, praktiskt, mysigt* og *hemvant*. Den vanlegaste haldninga kan likevel seiast å vera negativ.

Som ein konsekvens av dei negative haldningane mot språkblending, blir det tydeleg at fleire av informantane ikkje ønskjer å blanda språka, men samstundes seier dei at det er umogleg å unngå. Fleire oppgir at språkblendinga er ein konsekvens av at dei ikkje meistarar tilstrekkeleg norsk. Det er òg fleire informantar som ikkje seier at dei har ei negativ innstilling til å blanda språk, men ser berre dei praktiske fordelane med det. Nokre uttrykkjer òg ei heilt nøytral haldning til å gjera det. Likskapane mellom språka gjer det unaturleg å heilt gå over til å snakka norsk, fortel mange av

informantane. Informant 74 «Gör det hela tiden, tycker inte det är fint- men det hade känts ännu töntigare att lägga över till norska med en norsk dialekt».

Samanliknar ein haldningane mot språkblanding munnleg og skriftleg, er haldningane mot blanding i skrift meir negative enn kva dei er mot å blanda munnleg. «Tycker det är värre när man ser en text som är väldigt svorsk än när man hör någon prata så» meiner informant 5, som informant 12 er samd i: «Fryktelig verre skriftlig enn muntligt».

Mange skriv òg at dei synest det er ein skilnad på å gjera det i meir private og uformelle samanhengar der det er meir akseptert enn profesjonelt. Informant 28 meiner at det «borde inte blandas, fast beror på tilfalle. Kompisar gör inget, men man framstår lätt som trög/oseriös om man skriver mycket fel och det är 80-90% norska man skriver på». Informant 34: «Beror på. Kan verka utbildat». Fleire informantar løftar fram at i sosiale medium har dei ein høgare aksept for blanding mellom språka: Informant 73 tenker at det «Beror på vad man önskar uppnå. Chatta med vänner så er det ikke så viktig kul med en liten mix». Informant 19 ser det praktiske i språkblanding, sidan hen «Har ju alltid skrivigt med slang och förkortningar, så länge alla förstår så har jag ingen åsikt».

Fleire informantar seier at dei synest det er stygt å blanda språka i skrift, men at det er ein praktisk måte å kommunisera på. Akkurat som med munnleg blanding, er det fleire som opplever at dei ikkje har tilstrekkelege språkkunskapar i norsk til å berre bruka norsk i skrift. Mange meiner at blanding mellom språka kan vera meir akseptabelt i ein overgangsfase før ein meistrar norsk fullstendig, som er for så vidt er målsettinga.

Informantane fekk òg spørsmål om dei har fått nokre reaksjonar på bruk av svorsk. Svara er ganske blanda, men det vanlegaste svaret er at nordmennene oftast ikkje noterer at ein blandar språka, men trur at informantane snakkar eller skriv svensk. Dei kraftigaste reaksjonane er når informantane snakkar med andre svenskar, men likevel blandar språka, som informant 49 peiker på: «Norrmän tänker inte så mycket på det. Men det är väldigt tydligt om man skulle råka svorska tillsammans med andra svenskar».

4.4 Talemålsnær skriving

4.4.1 Språkblending som eit talemålstrekk

Sidan språkblending er noko som informantane ikkje berre gjer i skrift, men òg i tale, er det viktig å diskutera språkblending som eit eventuelt talemålstrekk. For å gjera dette har eg samanlikna kva slags språk informantane sjølv seier at dei bruker i tale med dei ulike språkbruksgruppene og sett på korrelasjonen mellom tale og skrift. Er korrelasjonen mellom tale og skrift stor, er det ein indikator på at språkblending er eit talemålstrekk. I spørjeskjemaet (sjå vedlegg 2) har eg stilt spørsmål til informantane kor ofte dei bruker norsk og kor ofte dei bruker svensk når dei snakkar med norske venner. Utifrå spørsmåla om norsk og svensk språkbruk har eg slått saman svara og kategorisert talemålet til informantane slik:

- **Heilt svensk:** Bruker svensk veldig ofte og aldri norsk.
- **Hovudsakleg svensk:** Bruker svensk veldig ofte og veldig eller ganske sjeldan norsk.
- **Begge:** Bruker både norsk og svensk veldig eller ganske ofte.
- **Hovudsakleg norsk:** Bruker norsk veldig ofte og veldig eller ganske sjeldan svensk.
- **Heilt norsk:** Bruker norsk veldig ofte og aldri svensk.

Fordelinga i dei ulike språkbruksgruppene vart slik:

	Heilt svensk	Hovudsakleg svensk	Begge	Hovudsakleg norsk	Heilt norsk	Gjennomsnitt
Heilt svensk	0 %	31 %	2 %	11 %	0 %	8 %
Hovudsakleg svensk	100 %	54 %	35 %	5 %	0 %	25 %
Hovudsakleg norsk	0 %	8 %	49 %	50 %	36 %	42 %
Heilt norsk	0 %	8 %	14 %	34 %	64 %	25 %
Antal	3	13	43	38	11	108

Tabell 4.14: Sjølvrapportert variasjon mellom norsk og svensk i talemålet.

Ser ein på tala i tabell 4.14 er det tydeleg at det finst eit visst samsvar mellom munnleg språkbruk og skriftspråket i dei semiautentiske chatmeldingane når det gjeld å bruka både norsk og svensk. Ved ein korrelasjonstest av desse svara vart korrelasjonen moderat til sterk og statistisk sikker ($\tau\tau = 0,458$, $p = < 0,001$). Sjølv om korrelasjonen er sterk er korrelasjonskoeffisienten langt frå 1. Utifrå

dette kan me konkludera at det finst ein samanheng mellom korleis informantane sjølv seier at dei snakkar og korleis dei skriv, men ein kan ikkje seia at dei skriv akkurat slik dei snakkar. Dette gjeld framfor alt dei to einspråklege språkbruksgruppene, og særleg *heilt svensk* der ikkje nokon skriv slik dei sjølv seier at dei snakkar.

4.4.2 Eigenrapportert talemålsnær skrivning

I spørjeundersøkinga fekk alle informantar sjølv svara på om dei følgjer skrivereglar på Facebook Messenger når dei skriv med nordmenn eller om dei skriv slik dei snakkar. Slik svarte informantane:

Følgjer skrivereglar	Ofte	Ganske ofte	Litt	Nesten ikkje	Skriv slik eg snakkar
7	23	22	32	15	10

Tabell 4.15: Sjølvrapporterte svar på om informantane følgjer skrivereglar eller skriv slik dei snakkar.

Av alle informantar er det 7 som sjølv meiner at dei alltid følgjer skrivereglar når dei skriv meldingar i *Facebook Messenger* med nordmenn. Det er 23 som ofte gjer det, 22 som gjer det ganske ofte, 32 som gjer det litt, 15 som nesten ikkje gjer det og 10 som aldri følgjer skrivereglar. Dei aller fleste følgjer altså skrivereglar til ein viss del, men ikkje heilt. Informantane fekk òg spørsmålet om nordmenn pleier «å skriva på dialekt til dei». Slik svarte dei:

Alltid	Ofte	Ganske ofte	Litt	Sjeldan	Aldri
6	29	25	20	22	5

Tabell 4.16: Sjølvrapporterte svar på bruken av dialekt hos nordmenn ved kommunikasjon med svenskar i Noreg på Facebook Messenger.

At det førekjem dialektale trekk når nordmenn skriv til svenskar ser ut til å vera ganske vanleg, ifølgje informantane. Det er 6 som seier at nordmenn alltid skriv på dialekt til dei, 29 som seier at det skjer ofte, 25 ganske ofte, 20 som seier at det skjer litt, 22 som seier at det sjeldan skjer og 5 som seier at det aldri skjer. Informantane fekk òg spørsmålet om dei i meldingar til norske venner skriv på dialekt på *Facebook Messenger*. Her har eg delt inn informantane i grupper etter korleis dei skriv i dei semiautentiske chatsamtalane. Svara kan me fordela slik:

Språkbruksgruppe	Veldig ofte	Ganske ofte	Ganske sjeldent	Veldig sjeldent	Aldri	Gjennomsnitt
Heilt svensk	0 %	0 %	29 %	14 %	57 %	15 %
Hovudsakleg svensk	50 %	18 %	14 %	14 %	4 %	26 %
Hovudsakleg norsk	37 %	15 %	15 %	26 %	7 %	42 %
Heilt norsk	11 %	15 %	22 %	15 %	37 %	25 %
Antal	5	17	19	21	18	110

Tabell 4.17: Sjølvrapportert bruk av dialekt på *Facebook Messenger*.

Ser me til alle informantane er det berre 5 som veldig ofte skriv på dialekt, 17 som gjer det ganske ofte, 17 som gjer det ganske sjeldan og 45 som aldri gjer det. Samanliknar me dei ulike gruppene ser det ut til at det er vanlegare å skriva på dialekt om du skriv på norsk. Alle utanom 1 informant i gruppa som skriv heilt svensk seier at hen aldri bruker dialekt, det vil seia 83 %. I gruppa som berre skriv norsk er det berre 33 % som seier at dei aldri skriv dialekt.

4.4.3 Talemålsnære trekk i dei semiautentiske meldingane

Det finst fleire funn i materialet på meldingar som inneheld anten svenske eller norske talemålstrekk. Fordelinga av dei i dei ulike språkbruksgruppene vart slik:

Språkbruksgruppe	Svenske talemålsnære innslag	Meldingar per informant	Norske talemålsnære innslag	Meldingar per informant
Heilt svensk	5	0,55	0	0
Hovudsakleg svensk	25	0,89	1	0,04
Hovudsakleg norsk	4	0,09	18	0,39
Heilt norsk	0	0,00	38	1,41
Antal meldingar	34		57	

Tabell 4.18: Bruk av svenske og norske talemålsnære trekk i dei semiautentiske chatmeldingane.

Som me kan sjå er det betydeleg fleire svenske talemålsnære innslag hos dei informantane som anten høyrer til språkbruksgruppene *heilt svensk* eller *hovudsakleg svensk*, og motsatt med norsk. Samanliknar me språkbruksgruppene er det fleire meldingar per informant som har svenske talemålstrekk i gruppa *hovudsakleg svensk* (0,89 melding/per informant) enn blant dei som skriv

heilt svensk (0,55 melding/per informant). For dei som skriv *hovudsakleg norsk* og *heilt norsk* er det motsett. Dei som skriv *hovudsakleg norsk* har 0,39 meldingar med talemålsnære trekk per informant, mens dei som skriv *heilt norsk* har 1,41 meldingar med talemålstrekk per informant. Dei som skriv *heilt norsk* er den språkbruksgruppe som i høgast grad skriv talemålsnært, då det er den einaste gruppa med meir enn 1 talemålsnær melding per informant.

4.4.4 Talemålsnær norsk

For å konkludera om eit trekk er talemålsnært norsk har eg sett på om forma er normert i ei av målformene, og om ordet finst i anten bokmål- og nynorskordboka eller NAOB. Dei som ikkje gjer det, har blitt rekna som talemålsnær norsk. Om ein informant har brukt enkelte nynorskord, men elles bokmål, har eg vurdert om desse kan reknast som dialektale innslag med omsyn til kor informanten bur og om dette er eit vanleg talemålstrekk i området. Blant dei informantane som har dialektale trekk er det dei fire fylka Troms- og Finnmark, Vestland, Rogaland og Trøndelag som er representerte. Me skal sjå på talemålstrekka utifrå det i denne delen.

4.4.4.1 Vestland fylke

Det er fire informantar som har dialektale trekk som bur i Vestland fylke. Det som kjenneteiknar dei talemålsnære trekka blant dei informantane som bur i Vestland fylke, er enkelte innslag av nynorskord der det elles er bokmål. Informant 6 bruker *ikkje*, informant 22 bruker *me får sjå* og informant 39 bruker *eg*. Informant 3 er betydeleg meir talemålsnær enn dei andre informantane som berre har enkelte dialekttrekk. Me skal sjå på meldingane til denne informanten og kva slags trekk som blir brukte:

1. Bare plukk opp **ka** du finner, kylling eller **nokke**
2. Kjøttboller kanskje? **Eg vetsje** helt
3. Egentlig bare ål, men d **e** jo og umulig å få tak i **heme no**
4. **Eg likarsje** ananas eller leverpostei, ellers **e** alt good
5. **Eg esje** sånn superglad i d, men gjerne **nokke ikkje** altfor søtt
6. **Eg** skal ta **nokken** øl med et par **tjommier**, du då?
7. Spill **nokke**, mal **nokke**, broder **nokke**, finn på **nokke**
8. Så lenge **eg ikkje** må brodere eller male så **e eg** fornøyd
9. Har du sjekket ut Memento? Eller alt med Nolan, Tarantino og de greiene der
10. Nei, de eksisterer **ikkje**. Det syvende segl kanskje, idk
11. Twin Peaks funker alltid! **Hasje** sett så mye nytt, sorry

Informant 3 bruker fleire ord og former som er typiske for Bergensdialekta og som ikkje er normerte, t.d. *ka* 'kva', *nokke* 'noko', *heme* 'heime' og *tjommier* 'venner'. Informant 3 bruker òg *eg* og *ikkje* og fleire verb har klitiserte negasjonar. I tillegg blir verbet *e* 'er' skriva utan stum konsonant.

4.4.4.2 Rogaland fylke

Det er fire informantar som bur i Rogaland fylke som har enkelte talemålsnære trekk. Informant 27 bruker *ikkje*, informant 33 bruker *noge* 'noko' og *ikkje*, informant 76 *ka* 'kva' og *eg* og informant 106 *eg* og *ikkje*.

4.4.4.3 Trøndelag fylke

Det er tre informantar som bur i Trøndelag som har enkelte trekk. Informant 30 bruker *nokke* 'noko', informant 57 har apokope i infinitivverbet *begynn* 'begynna' og informant 92 bruker *mæ* 'meg' og *poter* 'poteter'.

4.4.4.4 Troms- og Finnmark fylke

Det er berre informant 69 som bur i Troms og Finnmark og har talemålsnære trekk. Denne informanten bruker fleire talemålstrekk i meldingane sine:

1. Kunne tenkt **mæ** taco til middag.
2. Nei **æ** aner ikke, semlor kanskje. Men det er ikke mat da.
3. Nei egentlig ikke, men synes av og til at utvalget på butikken **e** litt så som så.
4. Neida, er ikke kresen. Spiser vegetar, men fisk går bra.
5. **Æ** e ganske glad i mango, banan og appelsin. Men du kan gjerne kjøpe flere frukter også. Liker alt egt.
6. Heia! Nei, har ingen **plana**. **Kordan** det?
7. Om du vil kan vi **fær** på skitur?
8. Nei vi kan gjøre **ka** enn du har lyst til.
9. Dessverre ser **æ** ikke mye film, så har nok ingen gode tips å komme med.
10. Hahaha, nei altså nu spør du godt.
11. **Æ** og typen så en serie som heter min briljante venninne. Den var faktisk ganske bra.

Informant 69 har ei dialektprega realisering av spørreorda *ka* 'kva' og *kordan* 'korleis', pronoma *æ* 'eg' og *mæ* 'meg', bortfall av stumme konsonantar i orda *e* 'er' og *plana* 'planar'. I tillegg finst det eitt døme på apokope i ordet *fær* 'fara', men ikkje i andre verb som *kjøpe* og *gjøre*.

4.4.5 Talemålsnær svensk

Det som kjenneteikner den talemålsnære svensken til skilnad frå den norske, er at det framfor alt ikkje er dialektale trekk som blir brukt. I staden for realiserer ein ord slik som dei blir uttalt i standardtalemålet, men som ikkje harmoniserer med skrifta. Eit døme på det er ordet *dom* 'de' eller 'dem'. Det finst både døme der det blir realisert som *dom*, både i subjekt- og objektsform, t.d. skriv informant 51 både «*dom* ballaste serierna» (subjekt) og «kan ladda ner *dom*» (objekt). Det finst òg dømen på kortformer av ord, t.d. *nån* 'någon', *nå* 'något', *va* 'vara'. Eit anna talemålsnære trekk er samanslåing av ord, t.d. *vettu* 'vet du', *jada* 'ja då' og *vettja* 'vet jag'. Formene *nå* og *nope* 'nej' finst hos fleire informantar.

4.4.6 Bortfall av stum konsonant

Eit talemålstrekk som førekjem i begge språka er bortfall av stum konsonant. Dømen på det er orda *ja* 'jag', *de* 'det', *goe* 'gode' og *ska* 'skal'. Alle desse finst det berre eit døme på. Dei formene som førekjem meir hyppig er *e* 'er/är' og *o* eller *å* 'og' eller 'å' (norsk) og 'och' eller 'att' (svensk). Den inter- og intraindividuelle bruken av desse blir presentert i avsnittet om intra- og interindividuell variasjon (kap. 4.5).

4.4.7 Haldningar til talemålsnær skrivning

Informantane fekk spørsmålet kva dei synest om å ikkje følgja skrivereglar i sosiale medium. Svara fordeler seg slik på språkbruksgruppene:

Språkbruksgruppe	Liker det	Nøytrale	Liker det ikkje	Gjennomsnitt
Heilt svensk	17 %	4 %	10 %	8 %
Hovudsakleg svensk	17 %	30 %	26 %	27 %
Hovudsakleg norsk	17 %	54 %	33 %	41 %
Heilt norsk	50 %	11 %	31 %	24 %
Antal	12	46	42	100

Tabell 4.19: Haldningar til å ikkje følgja skrivereglar i sosiale medium.

Det er ganske mykje ulike meningar om å skriva talemålsnært på sosiale medium. Der er 12 som har svart at dei liker det, 46 som er nøytrale og 42 som ikkje liker det. Samstundes som det er ulike meningar om det er det fleire som er negative til det enn som er positive. Ser me til dei ulike

språkbruksgruppene ser det ut til at dei to einspråklege gruppene *heilt svensk* og *heilt norsk* er overrepresentert blant dei som anten liker å bryta mot skrivereglar i sosiale medium, og dei som ikkje liker det. Det er særleg dei som skriv *heilt norsk* som er overrepresentert blant dei som liker å bryta mot skrivereglar. Dei to språkgruppene der det finst variasjon mellom svensk og norsk, *hovudsakleg svensk* og *hovudsakleg norsk* er overrepresentert blant dei som har ei nøytral innstilling til å bryta skrivereglar.

4.5 Intra- og interindividuell variasjon

I dette kapittelet skal me sjå nærare på inter- og intraindividuell variasjon i dei semiautentiske chatsamtalane.

Om skjemaene og korleis du les dei:

- Tabellane i dette avsnittet er basert på språkbruken frå svara i dei semiautentiske chatsamtalane. Først presenterer eg informantane som skriv *heilt svensk*, deretter dei som skriv *hovudsakleg svensk*, deretter dei som skriv *hovudsakleg norsk* og til sist dei som skriv *heilt norsk*.
- Den første vertikale rada i skjemaet er nummeret på informanten i undersøkinga. Informantane blir presenterte i rekka som dei har fylt ut skjemaet der nummer 1 har fylt ut det først, og nummer 110 sist. Det er berre dei som har døme på den aktuelle variabelen som blir presentert i kvart skjema.
- Dei svarte/kvite felte markerer om ein variant blir realisert eller ikkje. Svarte felt markerer at det som minst finst eitt døme på at varianten blir realisert. Er feltet kvitt blir ikkje varianten realisert av informanten.
- I den første tabellen blir variablar som indikerer kva slags varietet som blir brukt presentert. Dei variablane som eg samanliknar er: *pronomen første person eintal*, *nektingadverb* og *infinitivending*. Først i skjemaet står den svenske forma (*jag*, *inte* og *-a*), deretter bokmålsvarianten (*jeg*, *ikke* og *-e*) og deretter nynorskvarianten (*eg*, *ikkje* og *-e/-a*). Om informanten bruker ei form som ikkje er tillaten i nokon av desse står det i det siste feltet som «andre». I teksten blir det spesifisert kva slags variant det er som blir brukt. Det finst mange døme hos fleire informantar på subjektsekstrahering i hovudsatsar, noko som gjer at det ikkje er mogleg å kategorisera dei utifrå variabelen *1. person eintal*. Til dømes skriv informantane meldingar som «spiser kun vegetarmat» og «vet inte».

- I den andre tabellen blir dei variablane som indikerer på om informanten skriv svensk, norsk eller talemålsnært presentert. Dei variablane som eg samanliknar er: *konjunksjonen og*, *subjunksjonen å* og *verbet er*. Først i skjemaet står dei svenske variantane (*och*, *att* og *är*), deretter dei norske (*og*, *å* og *er*) og til sist andre, meir talemålsnære variantar som førekjem (*o/å*, *o/og* og *e*).

4.5.1 Heilt svensk

Først skal me sjå på den inter- og intraindividuelle variasjonen hos dei informantane som skriv heilt på svensk, utan nokre norskspråklege trekk:

Informant	Jag	Jeg	Eg	Andre	Inte	Ikke	Ikkje	Andre	-a	-e	andre
29											
50											
51											
70											
81											
83											
85											
86											
93											

Tabell 4.20: Inter- og intraindividuell variasjon hos dei som skriv *heilt svensk* for variablane *eg*, *ikkje* og *infinitivending*.

Det finst korkje nokon inter- eller intraindividuell variasjon i gruppa som berre skriv svensk. Alle (der det finst dømen) realiserer pronomen 1 person eintal med *jag*, nektingadverb med *inte* og infinitivendinga *-a*. I neste tabell skal me sjå på bruken av talemålsnære variantar:

Informant	och	og	o	å	att	å	o	og	är	er	e
29											
50											
51											
70											
81											
83											
85											
86											
93											

Tabell 4.21: Inter- og intraindividuell variasjon hos dei som skriv *heilt svensk* for variablane *og*, *å* og *er*.

Det finst heller ikkje nokon variasjon når det gjeld talemålsnære trekk, men alle informantar bruker den varianten som er fastsett i svensk. Det finst ingen døme på bruk av subjunksjonen i denne gruppa. Årsaka til det er at den i svensk ofte utelèt den der det i norsk ikkje er mogleg, t.d. *Vara hemma med familjen* (informant 50).

Då det ikkje finst nokon variasjon i denne gruppa, kan ein konkludera at det ser ut til å finnast ei operativ norm. Ein er ikkje berre einspråkleg, men ein realiserer òg dei variantane som finst normert i svensk rettskriving og utelèt ikkje stumme konsonantar.

4.5.2 Hovudsakleg svensk

No skal me sjå nærmare på den inter- og intraindividuelle variasjonen hos dei informantane som hovudsakleg skriv svensk, men har norske trekk i språket sitt:

Informant	Jag	Jeg	Eg	Andre	Inte	Ikke	Ikkje	Andre	-a	-e	andre
10											
13											
17											
30											
31											
32											
33											
36											
42											
45											
54											
60											
61											
63											
64											
68											
72											
79											
80											
82											
84											
94											
97											
99											
100											
103											
107											
108											

Tabell 4.22: Inter- og intraindividuell variasjon hos dei som skriv *hovudsakleg svensk* for variablane *eg*, *ikkje* og *infinitivending*.

I gruppa som hovudsakleg skriv svensk realiserer 21 informantar den svenske varianten *jag*. Det er berre informant 10 som realiserer det med varianten *ja* der ein har utelate den stumme konsonanten. Meir variasjon finst det innom nektingadverbet *ikkje*. Dei aller fleste informantane i denne gruppa (17 stykk) realiserer det berre med den svenske varianten *inte*. Fem informantar (31, 36, 68, 79 og 94) har ein intraindividuell variasjon mellom den svenske varianten *inte* og bokmålsvarianten *ikke*. Éin informant (33) realiserer variabelen utelukkande med nynorskvarianten *ikkje*. Det er 21 informantar som berre bruker a-ending i infinitiv. To informantar (61 og 79) har ein intraindividuell variasjon mellom *-a* og *-e*. Me skal no sjå nærmare på dei variablane som viser til om informanten skriv norsk, svensk eller har talemålstrekk:

Informant	och	og	o	å	att	å	o	og	är	er	e
10											
13											
17											
30											
31											
32											
33											
36											
42											
45											
54											
60											
61											
63											
64											
68											
72											
79											
80											
82											
84											
94											
97											
99											
100											
103											
107											
108											

Tabell 4.23: Inter- og intraindividuell variasjon hos dei som skriv *hovudsakleg svensk* for variablane *og*, *å* og *er*.

Det er 19 informantar som berre bruker den svenske varianten *och* og ingen av informantane som berre bruker den norske varianten *og*. Tre av informantane har ein intraindividuell variasjon. Informant 64 bruker både varianten *och* og *o*, informant 94 bruker både *och* og *å*, og informant 107 bruker både *o* og *å*. To informantar (68 og 79) bruker berre varianten *å*. Når det gjeld subjunksjonen *å* er det 6 informantar som bruker den svenske varianten *att* og 5 informantar som bruker den norske varianten *å*. Informant 82 har ein intraindividuell variasjon mellom *å* og *att*. Det er 15 informantar som berre bruker den svenske varianten *är*, og ikkje nokon bruker den norske varianten *er*. To informantar (13 og 107) har ein intraindividuell variasjon mellom *är* og *e*. Informant 103 bruker berre varianten *e*.

4.5.3 Hovudsakleg norsk

No skal me sjå nærmare på den inter- og intraindividuelle variasjonen hos dei informantar som hovudsakleg skriv norsk, men har svenske trekk i språket sitt:

Informant	Jag	Jeg	Eg	Andre	Inte	Ikke	Ikkje	Andre	-a	-e	andre
1		■				■			■	■	
4						■					
7		■				■				■	
11		■				■					
12		■				■				■	
15						■					
16		■								■	
18		■				■				■	
19		■				■				■	
20		■			■	■			■		
21						■					
24		■				■					
25		■								■	
27		■					■			■	
28		■				■				■	
35		■								■	
37						■				■	
38	■	■				■				■	
39			■			■				■	
41						■				■	
44		■									
47		■				■			■		
53	■					■			■		
56		■				■			■	■	
59		■				■				■	
62		■									

Informant	Jag	Jeg	Eg	Andre	Inte	Ikke	Ikkje	Andre	-a	-e	andre
65		■									
66		■				■				■	
67		■				■				■	
71		■				■				■	
73		■				■				■	
75		■				■				■	
76	■					■					
77				■		■					■
88		■									
95						■					
96			■			■				■	
101		■									
102		■				■				■	
104		■				■				■	
105						■					
109		■				■				■	

Tabell 4.24: Inter- og intraindividuell variasjon hos dei som skriv *hovudsakleg norsk* for variablane *eg*, *ikkje* og *infinitivending*.

I gruppa som hovudsakleg skriv norsk realiserer dei aller fleste (29 informantar) pronomen første person eintal med bokmålsvarianten *jeg*. Det finst likevel ein del inter- og intraindividuell variasjon. Éin informant (38) har intraindividuell variasjon mellom den svenske varianten *jag* og bokmålsvarianten *jeg*. To informantar (39 og 96) bruker berre nynorskvarianten *eg*, og to informantar (53 og 76) berre med forma *jag*. Informant 77 bruker berre den unormerte varianten *æ*. Det er 34 informantar som bruker bokmålsvarianten *ikke*, og det er denne varianten som dominerer bruken i denne gruppa. Det er berre éin informant (20) som har intraindividuell variasjon mellom den svenske varianten *inte* og bokmålsvarianten *ikke*. Éin informant (27) bruker berre nynorskvarianten *ikkje*. Dei aller fleste (23 informantar) i denne gruppa bruker berre infinitivendinga *-e*. Det finst det likevel ein viss variasjon. To informantar (1 og 56) har intraindividuell variasjon med *-a* og *-e*. To informantar (20 og 56) bruker berre *a*-endinga.

Informant	och	og	o	å	att	å	o	og	är	er	e
1		■		■					■	■	
4										■	
5		■								■	
7		■				■				■	
9		■									
11		■									
12				■						■	
14										■	
15		■		■						■	
16		■				■				■	
18		■				■				■	
19		■				■				■	
20											
21	■	■							■	■	
24						■				■	
25		■									
28		■									
35										■	
37		■				■				■	
38		■				■				■	
39		■				■				■	
41		■									
44		■				■				■	
47				■							
53						■				■	
56		■				■					
59		■				■				■	
62		■		■							
66		■									
67		■								■	
71		■								■	
73	■			■						■	
75	■	■									
76		■	■				■				
77		■		■		■				■	
87		■								■	
88		■		■						■	
95						■					
101		■								■	
102		■				■					
104			■			■				■	■
105		■								■	
109		■				■					

Tabell 4.25: Inter- og intraindividuell variasjon hos dei som skriv *hovudsakleg norsk* for variablane *og*, *å* og *er*.

Framfor alt når det gjeld konjunksjonen *og* førekjem det ein del variasjon i gruppa som hovudsakleg skriv norsk. Norsksvarianten *og* er den varianten som dominerer bruken, og det er 23 informantar som berre bruker denne varianten. Fem informantar (1, 15, 63, 77 og 88) har ein intraindividuell variasjon mellom *og* og *å*. To informantar (21 og 75) har ein intraindividuell variasjon mellom den svenske varianten *och* og den norske varianten *og*. Begge desse informantane bruker den svenske varianten når dei elles skriv svensk og motsett med den norske varianten. Informant 21 skriv t.d. «kiwi **og** druer» i ei melding, men «tunnbröd **och** Hönökaka» i ei anna. Informant 76 har ein intraindividuell variasjon mellom variantane *og* og *o*. To informantar (12 og 47) bruker berre den unormerte varianten *å*, og informant 104 bruker berre den unormerte varianten *o*. Akkurat som hos dei heilt norskspråklege finst det tilfelle blant *å*-bruken som konjunksjon der det kan handla om skrivefeil då det står føre eit infinit verb, t.d. *gå tur å lage noe*. Fullt så mykje variasjon er det ikkje i bruken av subjunksjonen *å*. Det er 17 informantar som berre bruker varianten *å* som er den norske varianten, men som òg er vanleg i svensk talemål. Éin informant bruker den unormerte varianten *o*.

Det er 25 informantar som bruker den norske varianten *er*. To informantar (1 og 21) har ein intraindividuell variasjon mellom *är* og *er* og informant 104 har ein intraindividuell variasjon mellom *er* og *e*. Akkurat som når informant 21 vekslar mellom *og* og *och*, skjer variasjonen med *er* og *är* når informanten skriv norsk eller svensk. Informanten skriv «då de **är** så dyra» i ei melding, men «Det er visst vanlig i Norge» i ei anna.

4.5.4 Heilt norsk

Til sist skal me sjå på den inter- og intraindividuelle variasjonen hos dei informantane som skriv heilt på norsk, utan nokre svenskspråklege trekk:

Informant	Jag	Jeg	Eg	Andre	Inte	Ikke	Ikkje	Andre	-a	-e	andre
2											
3											
6											
8											
22											
23											
26											
34											
40											
43											
46											

Informant	Jag	Jeg	Eg	Andre	Inte	Ikke	Ikkje	Andre	-a	-e	andre
49		■				■				■	
52		■				■				■	
55		■									
57		■				■				■	■
58		■				■					
69				■		■					
74		■				■					
78		■				■				■	
89		■				■					
90		■								■	
91		■				■				■	
92						■					
106			■				■			■	
110						■				■	

Tabell 4.26: Inter- og intraindividuell variasjon hos dei som skriv *heilt norsk* for variablane *eg*, *ikkje* og *infinitivending*.

I denne gruppa er det 16 informantar som berre bruker bokmålsvarianten *jeg*. Av informantane er det to (3 og 106) som berre bruker nynorskvarianten *eg* og éin (22) veksler mellom *eg* og *jeg*. Det er 19 informantar som berre bruker bokmålsvarianten *ikke*. Éin informant (6) veksler mellom *ikke* og *ikkje* og èin (106) skriv berre nynorskvarianten *ikkje*. Informant 3 har klitiserte negasjonar i verbane *hasje*, *esje*, *likarsje* og *vetsje*, men bruker varianten *ikkje* saman med verbet *eksisterer*. Alle informantar i denne gruppa bruker *e*-ending i infinitiv. Informant 57 bruker, i tillegg til *-e*, *apokope* (i ordet *begynn*).

Informant	och	og	o	å	att	å	o	og	är	er	e
2		■						■		■	
3		■				■					
6		■				■				■	
8		■				■				■	
22		■				■				■	
23		■				■				■	
26		■		■		■				■	
34		■				■				■	
40		■				■				■	
43		■				■				■	
46		■				■				■	
49		■				■				■	
52						■					
55		■				■				■	
57		■		■		■				■	
58				■		■					
69		■				■				■	

Informant	och	og	o	å	att	å	o	og	är	er	e
74		■				■					
78						■				■	
89		■								■	
90						■				■	
91		■				■				■	
92				■							
98		■				■					
106		■				■				■	
110		■				■				■	

Tabell 4.27: Inter- og intraindividuell variasjon hos dei som skriv *heilt norsk* for variablane *og*, *å* og *er*.

Det er 19 informantar som berre bruker den norske varianten *og*. To informantar (26 og 57) har ein intraindividuell variasjon mellom *og* og *å*, og to informantar (58 og 92) bruker berre den unormerte varianten *å*. Dei informantane som i tillegg til å bruka *og* bruker *å* gjer det berre når *og* førekjem foran infinitt verb, t.d. *å ha råd å gå ut å spise* (26) og *Kan jo gå ut å spise* (57). Med desse informantane kan den interindividuelle skilnaden heller vera skrivefeil enn faktisk intraindividuell variasjon. Alle informantar, utanom éin informant (2), bruker den norske varianten *å*. Alle informantar bruker den norske varianten *er*.

4.5.5 Oppsummering

Kort oppsummert kan me sjå at det korkje finst nokon intra- eller interindividuell variasjon i språkbruksgruppa som skriv heilt svensk. I dei andre språkbruksgruppene finst det meir variasjon.

5. Samanheng mellom sosiale variablar og språkbruk

I dette kapitlet kjem eg til å presentera korleis ulike sosiale variablar ser ut til å påverka korleis informantane skriv. I starten av spørjeskjemaet (sjå vedlegg 2) fekk informantane spørsmål om bakgrunnen sin og livssituasjonen deira i Noreg. Det er svara på desse spørsmåla som blir presenterte i dette kapitlet (sjå 3.2.3 for meir informasjon om val av ulike sosiale variablar). I det første avsnittet dekkjer eg dei sosiale variablane alder, kjønn og utdanning, deretter familiesituasjonen deira, kor lang tid dei har budd i Noreg, oppvekstad i Sverige, bustadssituasjon i Noreg, forhold til Sverige og Noreg, framtidsplanar og kontakten med Sverige og svenskar. Til sist summerer eg og samanstillar tala.

Om skjemaene og korleis du les dei:

Tala i desse skjemaene er baserte på svara i spørjeundersøkinga og er sortert utifrå dei semiautentiske chatsamtalane i språkbruksgruppene *heilt svensk*, *hovudsakleg svensk*, *hovudsakleg norsk* og *heilt norsk* (sjå 3.3.5). I dei vertikale radene deretter (utanom den siste) blir språkbruken i dei ulike kategoriane som informantane sjølv har svart at dei høyrer til (t.d. kvinner og menn) presentert. I neste avsnitt er det til dømes 5 % av alle som har sagt at dei er kvinner som skriv heilt svensk. Sidan ikkje alle har svart på alle spørsmåla, blir det presentert eit gjennomsnitt i den siste vertikale rada. I neste avsnitt kan me til dømes sjå at 7 % av alle informantar som har svart på spørsmålet kva slags kjønn dei har, skriv heilt svensk. I teksten blir det kommentert kva slags svaralternativ som er overrepresentert i dei ulike språkgruppene, det vil seia er ein høgare prosentandel enn det gjennomsnittlege. I den horisontale rada lengst nede i tabellane blir det presentert kor mange informantar som har valt dei ulike svarsalternativa og lengst til høgre blir det totale antalet informantar som har svart på spørsmålet presentert.

5.1 Kjønn, alder og utdanning

Ein av dei sosiale variablane som informantane fekk spørsmål om er kjønn, og fordelinga i dei ulike språkgruppene er slik:

Språkbruksgruppe	Kvinner	Menn	Gjennomsnitt
Heilt svensk	5 %	13 %	7 %
Hovudsakleg svensk	30 %	16 %	26 %
Hovudsakleg norsk	42 %	42 %	42 %
Heilt norsk	23 %	29 %	25 %
Alle	77	31	108

Tabell 5.1: Kjønnfordeling i dei ulike språkbruksgruppene.

Det er 77 kvinner og 31 menn som har deltatt i undersøkinga, og har svart på dette spørsmålet. Mennene er overrepresentert i begge dei einspråklege gruppene (*heilt svensk* og *heilt norsk*). I gruppa som hovudsakleg skriv svensk er kvinnene litt meir overrepresentert mens det ikkje er nokon skilnad mellom kjønna som hovudsakleg skriv norsk. Det var ikkje signifikant samband mellom kjønn og kategoriseringa av språkbruk ($\chi^2=4,91$ (1), $p. = 0,178$).

Informantane fekk òg spørsmål om utdanningsnivået deira:

Språkbruksgruppe	Universitetsgrad	Gymnasiegrad	Gjennomsnitt
Heilt svensk	3 %	9 %	6 %
Hovudsakleg svensk	20 %	36 %	27 %
Hovudsakleg norsk	44 %	39 %	42 %
Heilt norsk	33 %	16 %	26 %
Antal	61	44	105

Tabell 5.2: Utdanningsbakgrunn i dei ulike språkbruksgruppene.

Resultata frå tala viser at informantane som skriv heilt svensk og hovudsakleg svensk er overrepresentert blant dei som har fullført ein gymnasiegrad. Dei som skriv hovudsakleg norsk og heilt norsk er overrepresentert blant dei som har fullført ei universitetsutdanning. Det ser altså ut til at ein er meir norskspråkleg om ein har ein høgare utdanning, og meir svenskspråkleg om ein ikkje har det. Det finst ein tendens til signifikant samband mellom utdanning og språkbruksgruppe ($\chi^2=6,62$ (1), $p. = 0,085$). Det er inga gruppe som skil seg særleg ut, men resultata viser at det finst ein tendens til ein korrelasjon mellom høgare utdanning og høgare andel bruk av norsk.

I spørjeundersøkinga fekk informantane spørsmålet kor gamle dei er. Den yngste informanten er 20 og den eldste 61. Tabellen viser fordelinga av dei ulike språkkategoriene utifrå alder:

Språkbruksgruppe	20–30	31–40	41–50	51–61	Gjennomsnitt
Heilt svensk	8 %	10 %	10 %	9 %	9 %
Hovudsakleg svensk	50 %	20 %	10 %	18 %	26 %
Hovudsakleg norsk	35 %	43 %	60 %	64 %	46 %
Heilt norsk	12 %	28 %	20 %	0 %	18 %
Antal	26	40	10	11	87

Tabell 5.3: Aldersfordeling i dei ulike språkbruksgruppene.

Ser me til språkbruksgruppa heilt svensk ser det ut til at alder ikkje påverkar dette noko særleg. Aldersgruppa 20–30 er særleg overrepresentert blant dei som hovudsakleg skriv svensk. Blant dei som hovudsakleg skriv norsk er det dei to eldre aldersgruppene 41–50 og 51–61 som er overrepresenterte. Aldersgruppa 31–40 er overrepresentert blant dei som skriv heilt norsk, men det er ikkje nokon i aldersgruppa 51–61 som skriv heilt norsk. Til saman ser det ut til at dei aller yngste ser ut til å skriva hovudsakleg svensk, dei litt eldre meir einspråkleg norsk (sjølv om det er ein del interindividuell variasjon i denne gruppa) og at dei eldre hovudsakleg skriv norsk. For denne variabelen finst det ein tendens til statistisk samband mellom alder og språkbruksgruppe. Det er aldersgruppa 20–30 der andelen som skriv hovudsakleg svensk som er høgare enn antatt ($p = 0,15$).

5.2 Butid i Noreg

I spørjeskjemaet fekk informantane spørsmålet kor lang tid dei har budd i Noreg, slik svarte dei:

Språkbruksgruppe	>1	1-3	3-5	5-10	10-20	<20	Gjennomsnitt
Heilt svensk	13 %	0 %	8 %	6 %	11 %	8 %	8 %
Hovudsakleg svensk	50 %	43 %	31 %	34 %	11 %	54 %	30 %
Hovudsakleg norsk	38 %	14 %	46 %	41 %	42 %	54 %	41 %
Heilt norsk	0 %	43 %	15 %	19 %	36 %	23 %	25 %
Antal	8	7	13	32	36	13	109

Tabell 5.4: Fordeling av butid i Noreg i dei ulike språkbruksgruppene.

I gruppa som skriv heilt svensk er dei som har budd i Noreg *mindre enn eitt år* overrepresentert, men òg dei som har budd i Noreg *10–20 år*. Blant dei som hovudsakleg skriv svensk er gruppene *mindre enn eitt år*, *1–3 år* og *meir enn 20 år* særleg overrepresentert, men òg dei som har budd i Noreg *3–5* og *5–10* er litt overrepresentert i denne gruppa. Blant dei som hovudsakleg skriv norsk er særleg dei som har budd i Noreg *meir enn 20 år* overrepresentert, men òg dei som har budd *3–5 år* er litt overrepresentert i denne gruppa. Blant dei som skriv heilt norsk er gruppene *1–3* og *10–20 år* overrepresentert. Det ser altså ut til at svenskane skriv meir svenskspråkleg heilt i starten når dei flyttar til Noreg. Etter det ser det ut til at dei byrjar å variera meir mellom språka, men etter 10 år i Noreg ser det ut til at dei blir meir einspråklege (både norsk og svensk). Etter 20 år i Noreg ser det likevel ut til at dei varierer meir mellom språka. Om ein ser til alle kategoriane var det ingen signifikant samband mellom butid i Noreg og språkbruk ($\chi^2=16,064$ (1), $p. = 0,378$). Deler ein opp informantane i dei som har budd mellom 0–10 år, og dei som har budd lenger enn 10 år finst det eit statistisk samband ($\chi^2=9,186$ (1), $p. = 0,027$). Det er andelen som skriv hovudsakleg svensk i gruppa 0–10 år som er skil seg ut ($p = 0,030$).

5.3 Familiesituasjon

I spørjeskjemaet fekk informantane spørsmål om familiesituasjonen deira. Eit av desse spørsmåla var om dei har ein partnar frå *Sverige*, *Noreg*, *eit anna land* eller om dei er *single*, slik svarte dei:

Språkbruksgruppe	Sverige	Noreg	Anna land	Single	Gjennomsnitt
Heilt svensk	12 %	5 %	0 %	7 %	6 %
Hovudsakleg svensk	29 %	29 %	29 %	18 %	26 %
Hovudsakleg norsk	47 %	34 %	71 %	50 %	43 %
Heilt norsk	12 %	32 %	0 %	25 %	25 %
Antal	17	56	7	28	80

Tabell 5.5: Nasjonaliteten til partnar i dei ulike språkbruksgruppene.

Dei som har ein svensk partnar er dei einaste som er overrepresentert i gruppa som heilt skriv svensk. Dei som hovudsakleg skriv svensk er litt overrepresentert blant dei som har ein partnar uansett kva slags land hen kjem frå. Blant dei som hovudsakleg skriv norsk er dei som har ein partnar frå Sverige og singlar litt overrepresentert, mens dei som er saman med nokon frå eit anna land er kraftig overrepresenterte. I gruppa som skriv heilt norsk er det berre dei som har ein partnar

frå Noreg som er overrepresentert. Det var ingen signifikant samband mellom nasjonaliteten til partnaren og kategoriseringa av språkbruk ($\chi^2 = 10,261$ (1), $p = 0,33$). I spørjeskjemaet fekk òg informantane spørsmålet om dei har barn eller ikkje men dette hadde ingen påverknad på kva slags språkgruppe ein høyrer til. Det som likevel ser ut til å påverka kva slags språkgruppe ein høyrer til, er kva slags språk barna bruker:

Språkbruksgruppe	Norsk	Svensk	Tospråklege	Gjennomsnitt
Heilt svensk	0 %	57 %	6 %	12 %
Hovudsakleg svensk	24 %	14 %	11 %	17 %
Hovudsakleg norsk	43 %	29 %	61 %	48 %
Heilt norsk	33 %	0 %	22 %	23 %
Antal	21	7	18	25

Tabell 5.6: Språkbruken hos barna til informantane.

I gruppa som skriv heilt på svensk er dei som har barn som berre snakkar svensk kraftig overrepresentert. Blant dei som hovudsakleg skriv svensk er dei med barn som snakkar norsk litt overrepresentert. I gruppa som hovudsakleg skriv norsk er dei med barn som er tospråklege kraftig overrepresentert. Blant dei som berre skriv på norsk er dei med barn som berre snakkar norsk kraftig overrepresentert. Testen viser at det er eit signifikant samband mellom språket som barna til informantane snakkar og språkbruken deira ($\chi^2(6) = 20.57$, $p = 0.0022$). Post-hoc-testen viser at det dei med barn som er einspråkleg svenske og skriv heilt svensk, skil seg ut (st.rest. = 4.27, $p = < 0,001$). Det er altså ikkje slik at ein svensk skriv meir norskspråkleg om barna snakkar norsk og omvendt med svensk, men det finst ein tendens til at det er slik, særleg om ein ser til dei informantane som oppgir at barna er einspråklege.

Til sist fekk informantane spørsmålet om nasjonaliteten til dei som dei bur saman med. Svara deira er plassert i tabellen nedanfor:

Språkbruksgruppe	Åleine	Med nordmenn	Med svenskar	Med svenskar og nordmenn	Annet	Gjennomsnitt
Heilt svensk	9 %	5 %	7 %	0 %	10 %	6 %
Hovudsakleg svensk	18 %	28 %	27 %	40 %	20 %	25 %
Hovudsakleg norsk	41 %	38 %	47 %	60 %	50 %	42 %
Heilt norsk	32 %	28 %	13 %	0 %	20 %	25 %
Antal	22	58	15	5	10	110

Tabell 5.7: Nasjonaliteten til dei informantane bur saman med i dei ulike språkbruksgruppene.

Gruppa som berre skriv svensk er litt overrepresentert blant dei som bur åleine, med svenskar eller anna. Dei som hovudsakleg skriv svensk er dei som berre bur med anten nordmenn eller svenskar litt overrepresentert; framfor alt dei som bur med både svenskar og nordmenn, er over snittet i denne gruppa. I gruppa som hovudsakleg skriv norsk er dei som bur med svenskar, dei som bur med svenskar og nordmenn og dei som har valt «annet» overrepresenterte. Gruppa som skriv heilt norsk er overrepresentert blant dei som bur åleine eller saman med nordmenn.

5.4 Oppveksstad i Sverige

I spørjeskjemaet fekk informantane spørsmålet i kva for svensk län (tilsvarande fylke) dei hovudsakleg har vakse opp i. Inndelinga som eg har gjort her er basert på diskusjonen til Nordenstam (1979, s. 166) om at nordmenn set større pris på svenskar som snakkar det ho kallar «riksspråket» eller «den bildade högsvenskan», mindre grad svenske dialekter eller sørsvensk riksspråk. Svara blir her presentert utifrå om dei kjem frå eit län grensar til den norsk-svenske riksgrensa (Västra Götaland, Värmland, Dalarna, Västerbotten, Jämtland og Norrbotten), om dei kjem frå eit län i *Hovudstadsområdet* (Stockholm, Södermanland og Uppsala) eller frå eit län som ikkje grensar til riksgrensa, og ikkje heller høyrer til hovudstadsområdet Mälardalen (Skåne, Östergötland, Jönköping, Halland, Västmanland, Örebro, Gävleborg, Kronoberg og Blekinge). Svara vart slik:

Språkbruksgruppe	Län som grensar	Hovudstadsområdet	Län som ikkje grensar	Gjennomsnitt
Heilt svensk	9 %	20 %	8 %	10 %
Hovudsakleg svensk	29 %	33 %	21 %	26 %
Hovudsakleg norsk	29 %	40 %	47 %	39 %
Heilt norsk	32 %	7 %	24 %	24 %
Antal	34	15	38	87

Tabell 5.8: Kor i Sverige informantane kjem frå.

Tala viser at dei som er vaksne opp i *Hovudstadsområdet* er overrepresentert i språkgruppene *heilt svensk* og *hovudsakleg svensk*. Dei som kjem frå *Hovudstadsområdet* ser altså ut til å skriva meir svensk enn dei som kjem frå eit anna fylke, både dei som grensar mot den norsk-svenske riksgrensa og dei som ikkje gjer det. Dei som er frå eit fylke som ikkje grensar mot riksgrensa er overrepresentert i gruppa hovudsakleg norsk og dei som kjem frå eit län som grensar til Noreg er overrepresentert i gruppa som skriv heilt norsk. Det var ingen signifikant samband mellom oppveksstad i Sverige og kategoriseringa av språkbruk ($\chi^2 = 9.139$ (1), $p = 0.166$).

5.5 Bustadssituasjon i Noreg

I spørjeskjemaet fekk informantane spørsmålet om i kva for fylke dei bur i. Svara og fordelinga i dei ulike språkkategoriene vart slik:

Språkbruksgruppe	Oslo	Vest-land	Trønd-elag	Viken	Roga-land	Troms og Finn-mark	Agder	Nord-land	Inn-landet	Møre og Roms-dal	Gjennomsnitt
Heilt svensk	13 %	0 %	0 %	21 %	7 %	15 %	0 %	0 %	0 %	0 %	8 %
Hovudsakleg svensk	17 %	47 %	37 %	14 %	29 %	15 %	0 %	0 %	0 %	0 %	25 %
Hovudsakleg norsk	50 %	26 %	32 %	57 %	43 %	46 %	67 %	50 %	0 %	0 %	42 %
Heilt norsk	21 %	26 %	32 %	7 %	21 %	23 %	33 %	50 %	100 %	100 %	25 %
Antal	24	19	19	14	14	13	3	2	1	1	110

Tabell 5.9: Kva for fylke informantane bur i.

Før me byrjar å sjå på dei ulike språkbruksgruppene, er det viktig å påpeika at det er veldig få informantar til saman frå fylka Møre og Romsdal, Agder, Nordland og Innlandet. Derfor er det vanskeleg å konkludera særleg mykje om språkbruken hos svenskar som bur i desse fylka. Likevel

har eg valt at presentera tala frå dei då dei til saman viser eit viktig poeng og det er at dei som bur i eit fylke der det bur lite svenskar, ser ein òg ut til å skriva meir norsk.

Med det sagt skal me no sjå på fordelinga i dei ulike språkbruksgruppene. I den svenskspråklege gruppa er det fylka *Oslo*, *Viken* og *Troms og Finnmark* som ligg over gjennomsnittet. Det alle desse fylka har felles er at dei grensar eller ligg nære riksgrensa til Sverige. I gruppa som hovudsakleg skriv svensk er det fylka *Vestland*, *Trøndelag* og *Rogaland* som ligg over gjennomsnittet. I gruppa som hovudsakleg skriv norsk er det *Oslo*, *Viken* og *Troms og Finnmark* som ligg over gjennomsnittet. I gruppa som berre skriv norsk ligg *Vestland* og *Trøndelag* over gjennomsnittet. Ser ein til alle tala er det tydeleg at det er fleire svenskspråklege informantar frå fylka der det bur mange respondentar. Dette kan tolkast som at ein er meir svenskspråkleg dess fleire informantar som bur i same fylke. Det er ikkje slik at ein blir meir svenskspråkleg om ein bur i eit fylke langs eller nære riksgrensa til Sverige. Men det finst ein tendens til dette, særleg hos dei som berre bruker svensk. For å sjå om språkbruken i dei ulike fylka heng saman med korleis respondenten erfarte at språkforståinga hos nordmennene i dei ulike fylka er, spurte eg i spørjeskjemaet om kor informantane meiner at dei som forstår svensk best bur. I tabellen er svara deira systematiserte:

Oslo	Vestland	Trøndelag	Viken	Rogaland	Troms og Finnmark	Agder	Nordland	Innlandet	Møre og Romsdal	Vestfold og Telemark
89	17	28	39	13	31	6	31	22	5	11

Tabell 5.10: Språkforståinga av svensk hos nordmenn fordelt på fylke.

Samanliknar me desse tala med korleis svenskane som bur i Noreg skriv i dei semiautentiske chatsamtalane, ser ut til å vera ein samanheng mellom kor mykje svensk eller norsk ein skriv og kor høg språkforståinga er i det fylket ein bur. I dei fylka der informantane sjølv seier at språkforståinga av svensk er høg, er det òg fleire som skriv svensk. Ser ein på tala er det òg tydeleg at informantane sjølv meiner at språkforståinga i dei fylka som ligg mot riksgrensa eller nære er høgare enn kva ho er i dei fylka som ikkje gjer det. I tillegg til å få spørsmål om kor i landet informanten bur, fekk dei òg spørsmål om storleiken på staden dei bur i. Desse svara fordeler seg slik:

Språkbruksgruppe	>500 000	>50 000	>5000	<5000	Gjennomsnitt
Heilt svensk	11 %	9 %	0 %	0 %	8 %
Hovudsakleg svensk	22 %	30 %	9 %	25 %	26 %
Hovudsakleg norsk	48 %	34 %	64 %	50 %	41 %
Heilt norsk	19 %	27 %	27 %	25 %	25 %
Antal	27	67	11	4	109

Tabell 5.11: Folketal på bustaden i Noreg.

Svara viser at dei som berre skriv svensk bur i byer med *fleire enn 500 000* (berre Oslo) og *fleire enn 50 000 innbyggjarar*. Dei som hovudsakleg skriv svensk er litt overrepresenterte blant dei som bur på ein stad med *fleire enn 50 000 innbyggjarar*. Det er ein kraftig overrepresentasjon i gruppa som hovudsakleg skriv norsk blant dei som bur på ein stad med *fleire enn 5000 innbyggare*, men òg litt overrepresentert blant dei som bur på ein stad med *færre enn 5000 innbyggare* og *fleire enn 500 000 innbyggare*. Blant dei som berre skriv norsk er dei som bur på ein stad med *fleire enn 50 000 innbyggare* og *fleire enn 5000 innbyggare* litt overrepresentert men denne er ikkje særleg høg. Ser ein til alle tala finst det ein tendens til at dei informantane som bur på mindre stadar i høgare grad skriv norsk enn svensk. Blant dei som bur i større byar er det meir variasjon, men dei som skriv heilt svensk bur i dei større byane. Det var ingen signifikant samband mellom storleik på bustad og kategoriseringa av språkbruk ($\chi^2 = 6,374$ (1), $p = 0,702$).

5.6 Forhold til Sverige og Noreg

I dette kapittelet kjem eg til å presentera informantane sitt forhold til Sverige og Noreg. Informantane fekk spørsmålet om dei føler seg meir svenske enn norske. Talet 1 motsvarer heilt svensk og talet 6 heilt norsk. Til desse numeriske spørsmål har eg brukt ein ikkje-parametrisk korrelasjonstest (med Kendalls tau som korrelasjonskoeffisient (sjå kap. 3.4.4)). Slik svarte informantane:

Språkbruksgruppe	1	2	3	4	5	6	Gjennomsnitt
Heilt svensk	10 %	4 %	7 %	0 %	0 %	0 %	7 %
Hovudsakleg svensk	31 %	22 %	14 %	0 %	0 %	0 %	23 %
Hovudsakleg norsk	35 %	57 %	50 %	40 %	100 %	0 %	45 %
Heilt norsk	22 %	17 %	29 %	60 %	0 %	0 %	25 %
Antal	51	23	14	10	3	0	101

Tabell 5.12: Nasjonal identitetskjenne hos informantane

I gruppa som berre bruker svensk er dei som føler seg heilt svenske overrepresenterte. Slik er det òg i gruppa som hovudsakleg skriv svensk. I desse to gruppene er det ikkje nokon som føler seg meir norsk enn svensk. Blant dei som hovudsakleg skriv norsk er dei som til ein stor del føler seg svenske, ganske svenske og til ein stor del norsk overrepresenterte. Alle informantar som har svart at dei til stor del føler seg norske høyrer til denne gruppa. Dei som skriv heilt norsk er overrepresenterte blant dei som føler seg både svenske og norske. Utifrå desse tala ser det ut til at det finst ein samanheng mellom identitetskjenne og korleis ein skriv. Det er ein moderat korrelasjon som er statistisk signifikant mellom språkbruk og nasjonal identitetskjenne der dei som føler seg mer svenske bruker meir svensk, og dei som bruker meir norsk føler seg mer norske ($\tau = 0,24$, $p = 0,003$). I spørjeskjemaet fekk informantane òg spørsmål om kva for land dei føretrekkjer. Dei som svarte 1 føretrekkjer Sverige heilt og dei som svarte 6 føretrekkjer Noreg heilt. Slik svarte dei:

Språkbruksgruppe	1	2	3	4	5	6	Gjennomsnitt
Heilt svensk	20 %	10 %	8 %	3 %	7 %	0 %	7 %
Hovudsakleg svensk	30 %	30 %	38 %	16 %	31 %	13 %	25 %
Hovudsakleg norsk	40 %	50 %	46 %	44 %	31 %	38 %	42 %
Heilt norsk	10 %	10 %	8 %	31 %	31 %	50 %	24 %
Antal	10	10	26	32	13	16	107

Tabell 5.13: Kva for land informantane føretrekkjer.

Blant dei som berre skriv svensk er dei som føretrekkjer Sverige overrepresenterte. Blant dei som hovudsakleg skriv svensk er det litt meir blanding. Gruppa er overrepresentert i alle dei gruppene som føretrekkjer Sverige, men òg blant dei som føretrekkjer Noreg. I gruppa som hovudsakleg skriv norsk er det ganske jamnt fordelt i dei ulike gruppene med ein liten overvekt mot å føretrekkja Sverige. I gruppa som berre skriv norsk er tala omtrent det motsatte frå gruppa som berre skriv

svensk. Denne gruppa er overrepresentert blant dei som føretrekkjer Noreg litt, mest, men særleg dei som føretrekkjer Noreg heilt. Her kan me òg sjå ein moderat korrelasjon som er statistisk signifikant mellom språkbruk og kva land enn føretrekkjer, der dei som skriv meir norsk i høgare grad føretrekkjer Noreg, og motsett ($\tau\tau = 0,26, p = < 0,001$). Til sist fekk informantane spørsmål om kor dei har lyst å bu i framtida:

Språkbruksgruppe	Flytta til Sverige	Usikker	Bli i Noreg	Gjennomsnitt
Heilt svensk	14 %	3 %	6 %	6 %
Hovudsakleg svensk	36 %	32 %	16 %	25 %
Hovudsakleg norsk	50 %	37 %	42 %	42 %
Heilt norsk	0 %	26 %	34 %	25 %
Antal	22	38	50	110

Tabell 5.14: Kor informantane ønskjer å bu i framtida.

Dei som har lyst å flytta til Sverige i framtida er overrepresentert i gruppa som berre skriv svensk. Det er dei òg i gruppa som hovudsakleg skriv svensk saman med dei som er usikre. I gruppa som hovudsakleg skriv norsk er dei som har lyst å flytta til Sverige overrepresenterte. I gruppa som berre skriv norsk er tala annleis. Her er det ikkje nokon som vil flytta til Sverige, men dei som vil bli Noreg er kraftig overrepresenterte. Tendensen er altså at dei som ønskjer å bli buande i Noreg skriv meir norskspråkleg enn dei som ser føre seg å flytta til Sverige. Testen er svært tett på statistisk signifikans mellom kor ein vil bu i framtida og språkbruken ($\chi^2\chi^2(6) = 12,389, p = 0,054$). Post-hoc-testen viser at dei som i framtida vil bu i Noreg og skriv heilt norsk skil seg ut (st.rest. = -2,991, $p = 0,033$).

5.7 Kontakt med Sverige

I spørjeskjemaet fekk informantane fleire spørsmål om kor mykje kontakt dei har med andre svenskar på ulike måtar. Eit av spørsmåla var kor mykje kontakt dei har med andre svenskar gjennom t.d. sms, chat, telefonsamtale eller fysisk. Talet 1 motsvarer veldig ofte og talet 6 aldri. Slik svarte dei:

Språkbruksgruppe	1	2	3	4	5	6	Gjennomsnitt
Heilt svensk	12 %	10 %	0 %	0 %	0 %	100 %	9 %
Hovudsakleg svensk	26 %	32 %	0 %	44 %	0 %	0 %	24 %
Hovudsakleg norsk	40 %	32 %	71 %	11 %	83 %	0 %	42 %
Heilt norsk	21 %	26 %	29 %	44 %	17 %	0 %	25 %
Antal	42	31	14	9	6	1	103

Tabell 5.15: Kontakt med andre svenskar.

I gruppa som berre skriv svensk er dei som har kontakt med svenskar *heile tida* og *ofte* litt overrepresentert. Den eine informanten som har svart at hen *aldri* har kontakt med svenskar finst også i denne gruppa. Dei som oppgir at dei *heile tida* eller *ofte* har kontakt med svenskar er også litt overrepresentert i gruppa som hovudsakleg skriv svensk, men òg dei som svarer *ganske lite*. I gruppa som hovudsakleg skriv norsk er *ganske ofte* og *litt* kraftig overrepresentert. Fordelinga er ganske jamn blant dei som berre skriv norsk men overrepresentert blant dei som *ofte*, *ganske ofte*, og særleg blant dei som har *ganske lite* kontakt. Korrelasjonen mellom kontakt med Sverige og bruk av svensk er svak og viser ingen signifikans ($\tau = 0,12$, $p = 0,078$).

Til sist fekk informantane spørsmål om dei les norske eller svenske nyheiter. Talet 1 motsvarer berre svenske nyheiter og talet 6 berre norske nyheiter. Slik svarte dei:

Språkbruksgruppe	1	2	3	4	5	6	Gjennomsnitt
Heilt svensk	75 %	7 %	6 %	0 %	0 %	0 %	7 %
Hovudsakleg svensk	50 %	64 %	19 %	16 %	19 %	22 %	26 %
Hovudsakleg norsk	13 %	21 %	38 %	58 %	38 %	44 %	43 %
Heilt norsk	13 %	7 %	25 %	27 %	38 %	22 %	24 %
Antal	8	14	16	45	16	9	108

Tabell 5.16: Lesing av svenske og norske nyheitar.

Blant dei som berre skriv svensk er dei som berre les svenske nyheiter kraftig overrepresenterte. Slik er det òg blant dei som hovudsakleg skriv svensk der nyheitene anten er heilt svenske eller mest svenske. Det ser litt annleis ut blant dei som hovudsakleg skriv norsk. Her er forbruket av nyheitar for ein stor del norske nyheiter. Blant dei som berre bruker norsk er nyheitene mest norske.

Korrelasjonen mellom konsumsjon av nyheiter og språkbruk er moderat og er statistisk signifikant ($\tau = 0,25, p = < 0,001$).

5.8 Oppsummering

Summerer me opp resultatata blir det tydeleg at det ikkje er særleg mange av dei sosiale variablane som påverkar kva for språkbruksgruppene informantane høyrer til. Først skal me sjå på dei sosiale variablane der eg har gjort kjikvadrat og post-hoc-testar og sjå om det er mogleg å seia om nokre av dei sosiale variablane statistisk sikkert ser ut til å påverka språkbruken. Er felte raude (–) er det ikkje statistisk sikkert at denne sosiale variabelen påverkar språkbruksgruppa, men om dei er grøne (+) er det statistisk sikkert at han gjer det. Dei neste variablane har blitt testa med kjikvadrat- og post-hoc-testar. Resultata vart fordeler slik:

Sosial variabel	Heilt svensk	Hovudsakleg svensk	Hovudsakleg norsk	Heilt norsk
Kjønn	–	–	–	–
Utdanning	+	+	+	+
Alder	–	+	–	–
Butid i Noreg	–	+	–	–
Nasjonalitet til partnar	–	–	–	–
Språkbruk til barna	+	–	–	–
Oppveksstad i Sverige	–	–	–	–
Buplass i Noreg	–	–	–	–
Storleik på buplass	–	–	–	–
Buplass i framtida	–	–	–	+

Tabell 5.17: Oppsummering av kjikvadrat- og post-hoc-testar.

Som me kan sjå i tabellen er det berre variabelen utdanning som påverkar informantar i alle språkbruksgruppene. Resultata viser at jo høgare utdanning, jo meir norsk skriv informantane. Når det gjeld alder og butid i Noreg er det språkbruksgruppa hovudsakleg svensk som utmerker seg. Aldersgruppa 20–30 og dei som har budd i Noreg 0–10 år som utmerker seg. Når det gjeld språkbruk til barna er det dei med barn som er einspråkleg svenske og skriv heilt svensk som skil seg ut. Dei som skriv heilt norsk skil seg på den måten at dei ønskjer å bu i Noreg i framtida, og ikkje flytta tilbake til Sverige. Dei neste variablane har blitt testa med ein ikkje-parametrisk korrelasjonstest og resultatata vart slik:

Sosial variabel	Heilt svensk	Hovudsakleg svensk	Hovudsakleg norsk	Heilt norsk
Kjenner seg svensk/norsk	+	+	+	+
Kva for land dei føretrekkjer	+	+	+	+
Kontakt med svenskar	-	-	-	-
Lesing av nyheiter	+	+	+	+

Tabell 5.18: Oppsummering av dei ikkje-parametriske korrelasjonstestane.

Resultata frå dei ikkje-parametriske korrelasjonstestane viser at desse sosiale variablane i høgare grad ser ut til å påverka kva for språkbruksgruppe informantane høyrer til. Dei som kjenner seg svenske, føretrekkjer Sverige og les svenske nyheiter; dei skriv svenskare enn dei som føler det same for Noreg og som i staden for skriv meir norsk.

Sjølv om det ikkje er statistisk sikkert, er det fleire språkbruksgrupper som ser ut til å vera overrepresentert i ulike kategoriar. Dette, saman med tidlegare forskning, blir vidare drøfta i neste kapittel.

6. Drøfting

Målsettinga med dette kapitlet er å oppsummera og drøfta resultata av undersøkinga gjennom å svara på forskingsspørsmåla som vart presentert i kap. 1. Eg kjem til å sjå på funna som vart presenterte i kap. 4 og 5 i lyset av teorien frå kap. 2. Resultata blir samanlikna og drøfta med tidlegare undersøkingar og sosiolingvistiske teoriar for å sjå om resultata er i tråd med tidlegare forskning, og om ikkje, kva som kan vera forklaringa på det.

1) *Blir svensk, bokmål, nynorsk eller engelsk brukt?*

Funna mine viser at dei varietetane som svenskane bruker mest når dei skriv med nordmenn er bokmål, og deretter svensk. Det er ikkje nokon som skriv nynorsk, men det finst nynorsktrekk (*eg* og *ikkje*) hos ein liten del av informantane. Då desse variantane er trekk som finst i talemålet på plassen informantane bur (Vestland og Rogaland fylke), bør desse trekka i høgare utstrekking sjåast som talemålstrekk enn reine nynorsktrekk, med tanke på at informantane som bruker desse, elles bruker bokmål (kap. 4.2.2) Tidlegare forskning (Nordisk ministerråd, 2021, s. 33) viser at både nordmenn og svenskar bruker engelsk i kontakt med andre skandinaviske språk. Resultata mine viser at dette ikkje gjeld korkje svenskane i Noreg (kap. 4.2.2) eller nordmennene som kommuniserer med svenskar (kap. 4.2.1). Bruken av engelsk er veldig låg, og den engelsken som blir brukt, er enkelte innslag som minner om dei som Morland (2020, s. 88) fann då han såg på bruk av engelsk hos nordmenn i sosiale medium. Engelsk blir altså ikkje brukt annleis ved kommunikasjon mellom svenskar og nordmenn enn kva engelsk blir når nordmenn kommuniserer.

Som me kunne sjå i kap. 2.3 liknar og skil svensk seg frå både nynorsk og bokmål på ulike måtar. Ein medverkande faktor som kan gjera at overgangen frå svensk til bokmål framstår enklare, er at ein i bokmål kan bruka eit tokjønnsystem, akkurat som i svensk, i staden for eit tregenussystem som er obligatorisk i nynorsk. Ein må heller ikkje ta omsyn til antitysk språkideologi som informantane òg påpeiker blir oppfatta som vanskeleg (kap. 4.2.3), t.d. *framleis* og *korleis*. Dei språklege faktorane oppfattar eg likevel ikkje som dei sterkaste faktorane bak at informantane ikkje bruker nynorsk. Studien til Delsing og Lundin (2005, s. 68) viser at svenskar som bur i Sverige har ei litt høgare leseforståing av nynorsk enn bokmål. Årsaka til at svenskar vel å skriva bokmål er altså ikkje primært språkleg, men verkar handla om ei høgare eksponering for bokmål, då bokmål er den dominerande målforma i Noreg. Eit døme frå resultata (kap. 4.2.1) er at nordmenn, ifølgje

informantane, betydeleg oftare skriv bokmål til dei enn nynorsk. Bokmål sin dominans i Noreg blir tydeleg om ein ser på statistikken som viser at det er 87 % av alle grunnskoleelevar som har bokmål som hovudmål og 13 % som har nynorsk (SSB, 2020). Dei geografiske skilnadane er enda større om ein ser til dei ulike fylka, og særleg i dei fylka der det bur ein høgare andel svenskar (Tolgensbakk, 2014, s. 51–53) er andelen elevar med nynorskopplæring enda lågare. I Oslo der dei fleste svenskar i Noreg bur (SSB, 2021), var det berre éin elev med nynorsk som hovudmål og 68598 elevar med bokmål som hovudmål (SSB, 2020). Desse tala er ein indikator på kor mykje nynorsk og bokmål informantane blir eksponerte for; eksponeringa for bokmål samanlikna med nynorsk er altså betydeleg høgare. Fleire informantar skildrar måten dei byrja å bruka norsk i staden for svensk som ein gradvis overgang. Med tanke på at den målforma dei er mest eksponert for er bokmål er det ikkje merkeleg at informantane gradvis byrjar å skriva bokmål, ikkje nynorsk.

At informantane i størst utstrekking bruker bokmål og ikkje svensk er likevel på ein måte eit uventa resultat då språkforståinga mellom norsk og svensk er høg (Delsing & Lundin, 2005; Nordisk ministerråd, 2021). Dette gjer at språka er gjensidig forståelege og Torp (1998, s. 25) meiner at det ikkje er naudsynt å skifta språk heilt, men moglegvis tilpassa seg litt omtrent på same måte som når menneske med ulike dialekter kommuniserer. Med tanke på det kan det framstå som merkeleg at svenskar i Noreg heilt skiftar språk og skriv norsk. At ein skulle bruka begge språka framstår likevel ikkje like merkeleg, og blir òg støtta av Nordenstam (1979) sin studie der resultata viser at blanding av språka skjer i talemålet hos svenskar i Bergen.

2) Skjer det noka blanding mellom varietetane norsk og svensk?

Språkblanding mellom svensk og norsk (svorsk) har tidlegare blitt omtala som eit talemålstrekk (Tolgensbakk, 2014, s. 85), og Nordenstam (1979) sin studie har tidlegare vist at språkblanding er vanleg i talemålet til svenskar i Noreg. Resultata mine viser at språkblanding òg skjer i skrift. I dette delkapittelet kjem eg til å drøfta kva slags språkblanding som førekjem og språklege faktorar som ser ut til å påverka. Sidan eg har funne ut at det finst ein korrelasjon mellom språkblanding i talemål og i skrift, kjem språkblanding som eit talemålsnært trekk til å bli drøfta i neste delkapittel.

Dei døma eg har funne på språkblanding er både at informantane skriv ulike meldingar på ulike språk, men òg at ein blandar språka i same melding. Samanliknar ein dei sjølvrapporterte tala med resultata frå dei semiautentiske meldingane, ser det ut til at dei fleste informantar er sjølvmedvetne

om dei blandar språka eller ikkje. Det er tydeleg at dei informantar som blandar språka primært bruker ein av varietetane svensk eller bokmål, og at det handlar om enkelte innslag av den andre koden. I dei semiautentiske chatmeldingane er innslaga av norsk hovudsakleg leksikalske, men det førekjem òg at ein bruker svenske bøyingsmønster på særnorske ord, og i meldingane som hovudsakleg er skrivne på svensk, norske bøyingsmønster. At det hovudsakleg blir brukt svensk eller bokmål er i tråd med resultatata til Folkvord (2020, s. 88) som konkluderte at meldingane hans bygde på eit bokmålsfundament, men med innslag av talemålsnære trekk.

Samanliknar me kva slags innslag av det andre språket som finst hos dei som skriv hovudsakleg norsk og dei som skriv hovudsakleg svensk, er det nokre skilnadar. Årsaka til desse skilnadane ser ut til å handla om kva som er motivasjonen bak å bruka begge språka. Det er betydeleg fleire særnorske ord som blir brukte enn særsvenske. Årsaka til dette handlar om at formålet med meldingane er å bli forstått og at ein derfor bruker dei særnorske orda. Desse resultatata er i tråd med det informantane sjølv seier er årsaka til at dei blandar språka som er ein rask kommunikasjon og å unngå misforståingar (kap. 4.3.2). Å ønskja ein rask kommunikasjon og å unngå misforståingar er ikkje noko som er unikt for denne informantgruppa, men er i tråd med økonomiseringsprinsippet (Lie, 2011, s. 46). Ei anna årsak som informantane peiker på er likskapa til språka som gjer det vanskeleg å halda dei skilde. Både blant dei som skriv meldingar som anten er *hovudsakleg norsk* eller *hovudsakleg svensk* er det vanleg å bruka ord som anten er likelydande eller liknar på kvarandre. Ei årsak til bruken av desse kan vera likskapan til språka som gjer det vanskeleg med orda som liknar på kvarandre. Dette kan òg forklara kvifor informantane bruker svenske bøyingsmønster på særnorske ord. Då bøyingsmønsteret til svensk og norsk har veldig mange likskapar (kap. 2.3.2), kan det vera vanskeleg å vita når bøyingsmønsteret skil seg frå kvarandre og ikkje. Det er òg viktig å påpeika at sjølv om eit bøyingsparadigme ikkje finst innafør standardnormalen i det eine språket kan det likevel finnast i dialekter. Slik er det med alle bøyingsparadigme som det finst døme på i denne undersøkinga, t.d. inkjekjønnsbøyning av adjektiv (der det svenske bøyingsparadigmaet samstemmer med det i fleire sørvestnorske dialekter). Dette minner oss på at svensk og norsk er to varietetar innanfor det skandinaviske dialektkontinuumet, og at det kan vera vanskeleg å klassifisera språkbruk som anten norsk eller svensk.

I dei aller fleste tilfella er varietetane tydeleg åtskilde. Det finst likevel døme på språkleg interferens (kap. 4.3.4.3) der språka ikkje er like tydeleg åtskilde og der ein ser ut til å gli inn og ut av ulike varietetar. At dette skjer, blir støtta av det García og Wei (2019) som påpeikar at det er vanskelegare

å halda varietetar åtskilde når dei er like kvarandre. Dette påpeikar òg informantane sjølv då dei skriv at det er vanskeleg å ikkje blanda språka fordi dei er så like (kap. 4.3.2). Sjølv om det førekjem døme på språkleg interferens er den hovudsaklege vekslinga mellom språka døme på kodeveksling. Som Hårstad et al. (2021, s. 142) påpeiker, er det tradisjonelle skriftbildet viktig, òg på sosiale medium der det er ein høg akseptanse for å bryta med det tradisjonelle skriftbildet. Gjennom å ikkje blanda språka gjennom språkleg interferens, men å kodeveksla bryt ikkje informantane like mykje med det tradisjonelle skriftbildet som dei hadde gjort om dei ikkje skilde språka frå kvarandre. At det finst ein skilnad på talemål og skrift blir støtta av at Nordenstam (1979, s. 147) meinte at det ofte var vanskeleg å avgjera om det var norsk eller svensk som vart brukt. I ein talemålsundersøking hadde det ikkje vore mogleg å avgjera kva for språk alle dei orda som er likelydande høyrer til. Dette har vore mogleg i undersøkinga mi då dei ortografiske konvensjonane er forskjellige i dei ulike landa (kap. 2.3.1). Forskjellige skriftkonvensjonar altså ei potensiell moglegheit å uttrykkja tilhøyrsløse på i skrift, og som ikkje finst i talemål.

Når eg har arbeidd med språkblanding i materialet, har eg sett på om dei faktorane som Nordenstam (1979, s. 123–124) meiner triggar kodeveksling i tale hos svenskar i Noreg òg ser ut til å utløysa kodeveksling i skrift. Ein av dei faktorane som kan utløysa kodeveksling er samtaleemne. Resultata peiker på at når informantane får spørsmål om Sverige og svenske fenomen, bruker dei i høgare grad svensk enn elles. Nordenstam (1979, s. 123) påpeikar at kodeskiftning som blir utløyst av lingvistiske likskapar i språka er særleg aktuelt når varietetar er like. I materialet finst det fleire døme på at informantane kodevekslar på grunn av dei blir triggja til å skifta varietet, på grunn av likskapen til språka eller at eit svensk ord blir brukt (kap. 4.3.5). På same måte som Nordenstam (1979, s. 123–124) viste at både funksjonell kodeveksling og kodeveksling som blir utløyst av språklege faktorer er aktuelle munnleg, viser resultata mine at desse språklege prosesser òg er aktuelle ved skriftleg kommunikasjon.

I arbeidet har eg samanlikna blanding av språka avhengig av om den norske samtalepartnaren skriv nynorsk- eller bokmålsnært (kap. 4.3.3). Resultata peiker på at svenskane er meir einspråklege når dei skriv med ein som skriv bokmål men har meir blanding når dei skriv med ein som skriv nynorsk. Det er statistisk sikkert at dei som fekk meldingar på bokmål i høgare grad svarte på *heilt norsk* og det finst ein tendens til at dei som fekk meldingar på nynorsk skriv på *hovudsakleg svensk* i dei semiautentiske chatsamtalane.

I spørjeskjemaet fekk informantane spørsmålet om kor i Noreg dei som forstår svensk best bur, og svara viser at Oslo overlegent er det fylke der nordmenn forstår svensk best (kap 5.5). Samstundes er assosiasjonane til bokmål hos informantane kopla til Oslo. Ein teori er altså at meldingane på bokmål for informantane verkar som ein person frå Oslo, og at informantane derfor i høgare grad der bruker meir svensk i staden for å blanda språka. Før informantane fekk spørsmåla, vart dei oppfordra til å skriva slik at samtalepartnaren skulle forstå. Det kan vera ei forklaring til at dei som fekk meldingar på nynorsk følte at dei må tilpassa språket og derfor skriv hovudsakleg svensk i staden for heilt svensk. Dette resultatet og drøftinga til kvifor det er slik, bør likevel sjåast på med viss varsemnd då det ikkje er statistisk sikkert, men ein tendens.

Denne forklaringsmodellen blir likevel merkeleg då me kan sjå at dei som skriv heilt norsk er overrepresenterte blant dei som fekk meldingar på bokmål. Om det er slik at dei som skriv bokmål framstår som at dei har ei høg språkforståing av svensk verkar det unødvendig å ikkje bruka svensk i det heile tatt. Ei forklaring på dette kan vera at svenskane som får meldingar på bokmål bruker same varietet som samtalepartnaren sin om dei skriv bokmål tilbake (og som me tidlegare har konkludert skriv svenskar som bur i Noreg hovudsakleg bokmål når dei skriv norsk). Dette gjeld ikkje dei som har fått meldingar på nynorsk som om dei bruker bokmål med ein samtalepartnar som skriv nynorsk ikkje bruker same varietet. Det me altså kan sjå er at informantane ser ut til å akkomodera når dei får semiautentiske meldingar på bokmål, men ikkje på nynorsk.

Som me såg i kap 2.1.3 har mottakaren mykje å seia for korleis me skriv på sosiale medium. Skrivning på sosiale medium handlar primært om å byggja relasjonar foran å formidla innhald. Gjennom å bruka same varietet som samtalepartnaren, akkommoderer informantane til samtalepartnaren. Gjennom dei språklege vala våre signaliserer me kven me høyrer saman med og ikkje (Hårstad et al., 2021, s. 41–43). Ei forklaring til at informantane bruker same varietet handlar primært altså ikkje om språkforståing, men om å signalisera gruppetilhøyrse med samtalepartnaren. At informantane ikkje gjer dette med nynorsk kan dels handla om at dei ikkje meistrar denne språklege koden, og derfor ikkje har moglegheit til å akkomodera, men kan òg handla om divergering då haldningane til nynorsk er svært negative (kap. 4.2.3).

3) Kva slags talemålsnære trekk bruker informantane?

Dei talemålstrekk eg har studert i kap. 4.4 er variantar som ikkje er i tråd med gjeldande rettskriving i korkje svensk, bokmål eller nynorsk. Før me byrjar å studera desse, er det likevel viktig å poengtera at skriving som er i tråd med gjeldande rettskriving likevel kan vera døme på talemålsnær skriving om desse samstemmer. Sjølv om det finst ein skilnad mellom talemål og skriftspråk, eksisterer dei ikkje sjølvstendig av kvarandre. Som eg har nemnt tidlegare kan variantar som *eg* og *ikkje* bli sett på som talemålsnære trekk framfor å vera nynorsktrekk då dei blir brukte saman med ord som ikkje er i tråd med gjeldande rettskriving i nynorsk, og når *eg* og *ikkje* er i tråd med talemålet der dei informantane som bruker dei bur.

Resultata mine peiker på at dei trekka av språkblanding som vart drøfta i førre avsnitt til ein viss del ser ut til å vera eit talemålstrekk (sjå kap. 4.4.1), då det finst ein korrelasjon mellom den munnlege og den skriftlege bruken. Det ser likevel ut til at det ikkje er slik at informantane blandar språka i skrift på same måte som dei gjer munnleg, sjølv om det finst ein korrelasjon mellom språkbruk i tale og skrift. Til dømes er det i språkbruksgruppa som skriv *heilt svensk* ikkje nokon som har sagt at dei berre bruker svensk munnleg. Forklaringa til dette kan òg trekkjast til det Hårstad et al. (2021, s. 41–43) skriv om at skriftspråk i sosiale medium skil seg frå talemålet, fordi at det tradisjonelle skriftbildet er viktig. Resultata mine viser at dette ikkje berre gjeld talemålsnære trekk, men òg variasjon mellom nærliggjande språk.

Meldingane som er skrivne på bokmål har ikkje blitt klassifisert som talemålsnær skriving, men svara frå informantane viser at det det kan vera det då den norsk som blir brukt i talemålet der dei bur minner mest på bokmål (kap. 4.2.3). Dette er naturleg då normeringa til bokmål har ein tydeleg forankring i talemålet til bymål og austlandsdialekter (Jahr, 2019, s. 100–101), og det er på austlandet eller i byar dei aller fleste svenskane bur. Eg har i denne undersøkinga ikkje sett på kva slags variant innafor bokmål informantane skriv, men det er mogleg at variasjonen som finst innanfor bokmålsrettskrivinga gjer det mogleg å skriva talemålsnært samstundes som ein skriv i tråd med gjeldande rettskriving.

No når me har diskutert dei trekka som er i tråd med gjeldande rettskriving, skal me sjå nærmare på dei trekka som har blitt klassifisert som talemålsnær skriving og ikkje er i tråd med gjeldande rettskriving. Dei norske talemålsnære trekka som blir brukte er dialektkriving. Av dei informantane

som bur i dei fylka eg har undersøkt er det informantar som bur i fylka Troms og Finnmark, Vestland, Rogaland, Trøndelag som bruker norske talemålsnære trekk. Kor informantane som bruker talemålsnære trekk bur samsvarer altså med kor i landet nordmennene som bruker dialektnære trekk på sosiale medium bur (Opinion, 2016). Korleis dei ulike informantane skriv talemålsnært varierer, men det finst nokre fellestrekk då det er same type ord som blir realisert talemålsnært. Det som det finst flest døme på er personleg pronomeren, og særleg første person i subjektform som blir realisert med ein talemålsnært variant. Dette er i tråd med Folkvord (2020, s. 86) sine funn som viste at det særleg er personlege pronomeren som blir realisert talemålsnært. Eit anna er spørjeorda *kva* og *korleis* som blir realisert i tråd med dialekta der informantane bur. Eit ord som det finst talemålsnære døme på frå fleire informantar frå ulike stadar er 'noko' som blir realisert med dei talemålsnære formene *noke*, *nokke* og *noge*. At bruk av norske dialekttrekk i informantgruppa mi samsvarer med bruken av dialektskriving elles og at det førekjem, kan forklarast med at informantane har ein språkbruk som er akkomodert til nordmennene dei kommuniserer med til vanleg på sosiale medium.

Ein stor skilnad mellom dei som bruker norske og svenske talemålsnære trekk er at dei norske tydeleg kan koplata til dialektale trekk, mens dei svenske går på når det er misforhold mellom skrift og tale. Ein av desse er bruken av *dom* 'dokker', både i subjekt- og objektsform, kortformer av verb og sammanslåing av ord. Fleire kortformer av verb har blitt ein del av svensk gjeldande rettskriving, t.d. *ta* i staden for *taga*, men ikkje alle. Ein som ikkje er ein del av gjeldande svensk rettskriving er *va* 'vara', men også andre ord enn verb blir brukte med kortformer. Sjølv om desse kortformer ikkje er normert i gjeldande svensk rettskriving, bryt dei altså ikkje med prinsippa bak svensk normering (Nilsson & Petzell, 2015, s. 366). Både kortformer og samanslåing er i tråd med økonomiseringsprinsippet om å skriva så kort som mogleg (Lie, 2011, s. 46). Mottakaren kan spela ei stor rolle for at det førekjem lite talemålsnær svensk, òg at den som førekjem ikkje er dialektal. Ifølge Bäckström (2011, s. 208–209), skriv ein meir standardnært om ikkje mottakaren bruker same dialekt som ein sjølv. I undersøkinga mi har mottakaren vore ein person som informantane ikkje har ein relasjon til frå før og som ikkje bruker same dialekt som dei sjølv. Det kan vera slik at resultatane hadde vore annleis om mottakaren hadde vore ein anna, eller om språket til mottakaren hadde vore annleis.

Eit talemålstrekk som blir brukt både hos dei som skriv svensk og dei som skriv norsk, er utelating av stumme konsonantar. Utelating av stumme konsonantar i norsk er eit generelt munnleg trekk og å

utelata dei er i tråd med ein ortofon skrivemåte (Røyneland & Vangsnes, 2020, s. 360). Utelating av stumme konsonantar i svensk er eit talemålstrekk som i dag hovudsakleg blir sett på som eit ruralt språktrekk, då språket har blitt påverka av skriftspråket og fått ein uttale som er meir i tråd med skriftbiletet (Nilsson & Petzell, 2015, s. 366). Sjølv om det finst ein viss skilnad i svensk og norsk når det gjeld stumme konsonantar som eit generelt munnleg trekk, er det eit talemålstrekk som førekjem hyppig i materialet. Då stumme konsonantar er noko som til ein viss del er eit generelt munnleg trekk i både svensk og norsk har eg samanlikna bruken av dei orda der stumme konsonantar blir realisert talemålsnært oftast. I neste avsnitt, der eg gjer greie for inter- og intraindividuell variasjon, kjem desse til å bli drøfta vidare.

4) *Finst det ei operativ norm som påverkar språket til svenskane i Noreg?*

Eg har i kap. 4.5 sett på intra- og interindividuell variasjon, noko som gjer at eg kan presentera bruk av ulike lingvistiske trekk i dei ulike språkbruksgruppene, og utifrå det kan eg konkludera om det ser ut til å finnast ei operativ norm. Nordenstam (1979, s. 144) ymtar at det finst eit felles grammatisk system i talemålet til informantane hennar: «Jag ansluter mig till Haugen när det gäller synen på språkblandning och anser att det går att finna regler för norsk-svenskan». I dette kapittelet ønskjer eg å svara på om påstanden til Nordenstam (1979) er riktig når det gjeld skrift og om det finst fellestrekk i språkbruken som gjer at det er mogleg å konkludera om det finst ei operativ norm.

Når eg har sett på den intra- og interindividuelle variasjonen har eg gjort det med utgangspunkt i dei ulike språkbruksgruppene. På den måten er det mogleg å seia om det finst variasjon både innad dei ulike språkbruksgruppene, men òg samanlikna dei med kvarandre. Variantane som eg har brukt (blir presentert meir grunnlegg i kap 3.4.4) går både på kva slags varietet som blir brukt, men òg om informanten skriv talemålsnært eller i tråd med gjeldande rettskriving. Som eg tidlegare har drøfta fungerer nynorskvariantane *eg* og *ikkje* som nynorsktrekk i praksis, men som eit talemålsnært trekk då informantane elles bruker andre varietetar. Bruk av a-infinitiv er heller ikkje eit nynorsktrekk sidan bruken av det i staden for bruk av *-e* handlar om at informantane skriv svensk og ikkje nynorsk.

I gruppa som skriv *heilt svensk* finst det korkje nokon intra- eller interindividuell variasjon. Alle bruker den varianten som er i tråd med svensk gjeldande rettskriving. Den operative norma i denne gruppa ser altså ut til å vera i tråd med den føreskrivne. I gruppa som skriv *hovudsakleg svensk* er

det meir variasjon, sjølv om dei aller fleste skriv i tråd med svensk gjeldande rettskriving. Det som skil seg ut er at det er ein del intraindividuell variasjon mellom variantane *ikke* og *inte*, og talemålsvariantane *å* og *o* 'og' og *e* 'er' førekjem. I tillegg blir den norske varianten *å* brukt omtrent i same utstrekking som den svenske varianten *att*. Denne varianten kan likevel sjåast som ein talemålsnær variant i svensk. I gruppa som skriv *hovudsakleg norsk* skriv dei fleste i tråd med gjeldande rettskriving i bokmål, likevel førekjem både intra- og interindividuell variasjon for alle variantane. Dei som skriv heilt norsk skriv hovudsakleg bokmålsvariantar, men det førekjem både nynorskvariantar, som altså er døme på talemålsnær skriving og ikkje nynorsk, og variantar som ikkje er ein del av gjeldande rettskriving på alle variablar utanom *er*.

Til saman kan me konkludera at sidan det blir brukt ulike variablar i dei ulike språkbruksgruppene finst det ikkje noka operativ norm til korleis svenskar i Noreg skriv, men at det finst ei operativ norm i ulike språkbruksgrupper. Samanliknar me dei ulike språkbruksgruppene er det tydeleg at dei som blandar språka i høgare grad bruker talemålsnære trekk enn dei einspråklege, men at talemålsnære variantar førekjem hos dei som skriv heilt norsk, men ikkje dei som skriv heilt svensk. Det ser altså ut til at det tradisjonelle skriftbildet i svensk står sterkare enn kva det gjer i norsk, og at dette påverkar den operative norma på sosiale medium.

5) Korleis påverkar språkhaldningar språket til svenskane i Noreg?

I undersøkinga har eg sett på ulike haldningar hos informantane til dei ulike skriftspråka, språkblending og talemålsnær skriving. I dette kapittelet kjem eg til å samanlikna haldningane med korleis dei faktisk skriv for å sjå om språkhaldningar kan ha noko å seia for korleis informantane skriv.

Ser me til dei ulike skriftspråka er det tydeleg at nynorsk er det skriftspråket med flest negative haldningar, noko som òg ser ut til å påverka skrivemåten då det ikkje er nokon som skriv nynorsk. At dei fleste skriv bokmål handlar ikkje om at haldningane til bokmål er veldig positive, men at det er den nøytrale målforma òg er enklast og minst markert å bruka. Dette er i tråd med resultatata til Røyneland og Vangsnes (2020, s. 385) som viste at nynorskbrukarar bruker bokmål når dei skal vera nøytrale. Det skriftspråket der haldningane er mest positive er svensk, men samstundes blir svensk mindre brukt enn bokmål.

Når det gjeld språkblanding er haldningane svært negative. Dette er i tråd med det Mæhlum skriv om at den generelle haldninga til språkblanding er negativ. Sjølv om haldningane til språkblanding er negative, viser resultatane at språkblanding er vanleg i dei semiautentiske chatsamtalane og informantane seier sjølv at dei gjer det heile tida. Svara peiker på at det finst ein konflikt mellom at språkblanding oppstår naturleg på grunn av dei lingvistiske likskapane til språka som gjer det vanskeleg å berre bruka éin varietet, men at dei negative haldningane ein har til det gjer at ein samstundes ikkje ønskjer å gjera det.

Dei negative haldningane til språkblanding ser òg ut til å påverka kva slags språkblanding som blir brukt. Nordenstam (1979, s. 166) skriv at «sporadiska inslag av norska» ikkje blir notert av nordmenn, men at det viktigaste er at språket blir oppfatta som svensk. Dette blir òg stadfesta i svara til informantane der dei seier at nordmenn oftast ikke noterer når dei bruker norske ord. Den vanlegaste språkblandinga der informanten hovudsakleg skriv svensk er akkurat bruk av enkelte norske ord som er annleis frå dei svenske. Dette er i tråd med Mæhlum sin teori om kvifor språkblanding kan oppfattast negativt (2011, s. 17), som er presentert i kap. 2.2.5. Å ikkje gå over heilt til norsk, men å bruka norske ord slik at svenskane blir forstått, er eit overtramp som ikkje er tilstrekkeleg stort for at konsekvensane skal bli negative. Hårstad (2021, s. 143) skriv om at enkelte grafiske uttrykk kan ha visse konnotasjonar. Eg har funne fleire døme i materialet på at svenskane skriv norske ord, men med dei særsvenske bokstavane *ö* og *ä*, t.d. *jordbär*, *böner* og *bringebär*. Gjennom å bruka ein svensk ortografi kan ord som i seg sjølv er norske, bli oppfatta som svenske.

I svara vart det tydeleg at dei aller fleste syntest at blanding mellom språka munnleg er betre enn blanding skriftleg. Ved ei samanlikning av sjølvrapporterte tal på kor mykje svensk respektive norsk informantane bruker når dei snakkar med nordmenn vart det tydeleg at språkblanding i høgare utstrekking førekjem munnleg enn skriftleg, og særleg i dei einspråklege gruppene. At haldningane mot språkblanding er meir negative skriftleg enn munnleg ser altså ut til å påverka korleis informantane skriv i ein meir einspråkleg retting.

Som Hårstad et al. (2021, s. 142) påpeikar er det viktig ved forskning på datamediert språk å hugsa på at det er skrift og ikkje tale som blir undersøkt. Til skilnad frå ved tale må informantane i skrift ta omsyn til føreskrivne normer. I spørjeskjemaet fekk informantane spørsmålet om kva dei synest om å ikkje følgja skrivereglar i sosiale medium. Resultata viser at dei aller fleste anten er nøytrale eller negative til det. Dei som skriv heilt norsk skil seg ut då dei er meir positive til å ikkje følgja

skrivereglar enn dei andre språkbruksgruppene. Som eg presenterte i kap. 2.3.4 er den største skilnaden mellom svensk og norsk at norsk tillèt meir variasjon enn kva ein gjer i svensk. Når ein allereie tillèt ein viss variasjon i dei føreskrivne normene, ser det altså ut til som at dette påverkar haldingane til å ikkje skriva i tråd med gjeldande rettskriving. Informant 37 oppsummerer fint at «I Sverige skriver man väldigt sällan på dialekt. Det känns därmed helt fel att blanda in norska ord i det rikssvenska skriftliga språket». Som me kunde sjå i førre avsnitt, er den operative norma hos dei som skriv heilt svensk å skriva i tråd med den føreskrivne norma.

Nordenstam (1979, s. 172) skriv at ein faktor som påverkar informantane til å snakke svensk er at dei misliker språkblending, har høge krav på språk og eit gjennomtenkt forhold til sitt eige språk og identitet. Dei som på si side har, som Nordenstam (1979, s. 178) uttrykkjer det, «en kravlös inställning till olika språkformer» og «bryr sig sig inte särskilt om sitt eget språk», er faktorar som påverkar dei til å snakka norsk. Eg synest ikkje at resultata mine heilt er i tråd med det Nordenstam (1979) skriv, men går i same retning. Resultata viser ikkje at dei meir norskspråklege informantane ikkje tenker over sitt eige språkbruk, men at dei føretrekkjer å skriva norsk av andre årsaker som me skal koma inn på i neste avsnitt. Dei som skriv heilt norsk, samanlikna med dei som skriv heilt svensk, har likevel ei friare syn på å bryta med gjeldande rettskriving, både når det gjeld språkblending, men òg andre talemålsnære variantar.


6) Korleis påverkar sosiale variablar språket til svenskane i Noreg?

I kap. 5 gjorde eg greie for dei ulike sosiale variablane som såg ut til å påverka språkbruken til svenskane. Det viktige her er å poengtera at den språkbruken eg ser på er bruk av anten norsk eller svensk, og språkblending mellom desse. Hårstad et al. (2021, s. 41–43) skriv at kva slags språkval me gjer er avhengig av kva slags identitet me ønskjer å skapa. At ein sosial variabel ikkje ser ut til å påverka språkbruken hos svenskane kan ein altså utifrå ein sosialkonstruktivistisk teori bli forklart med at denne typen av språkbruk ikkje er ein identitetsmarkør for akkurat denne sosiale kategorien. Eit døme på dette er den sosiale kategorien kjønn som ikkje såg ut til å påverka kva slags språksbruksgruppe informantane hørte til. Den typen av språkbruk som eg undersøker er altså ikkje ein identitetsmarkør for kva slags kjønn du høyrer til. Dette bryt med mykje av den tidlegare sosiolingvistiske forskinga som viser at språkbruk er systematisk knytt til fleire av dei variablane som har blitt undersøkt, og sjeldan tilfeldig. Resultata mine viser at dei klassiske sosiale variablane

som tidlegare sosiolingvistisk forskning er viktige for språkbruken ikkje er dei viktigste for den type språkbruk eg undersøker.

Eit unntak frå at dei klassiske sosiolingvistiske variablane ikkje ser ut til å påverka, er utdanningsbakgrunn. Resultata mine viser at dei med universitetsgrad i høgare utstrekking skriv norsk, og dei med gymnasiegrad i høgare utstrekking skriv svensk. Desse resultata er stikk motsett samanlikna med resultata til Nordenstam (1979, s. 172). I 1979 var det dei med høg utdanning som snakka mest svensk, mens dei med låg utdanning snakka mest norsk. Ei forklaring til dette kan vera tidsaspekten mellom mi og undersøkinga til Nordenstam, då det som Sandbakk påpeika, ikkje er same statuskilnad i dag mellom norsk og svensk som det var i 1979.

Det er særleg dei faktorane som er direkt knytte til stadsidentitet som ser ut til å påverka språkbruken til informantane. Dette er i tråd med det Mæhlum (2002, s. 80) skriv om at me i dag i høgare grad enn tidlegare kan velja kva for stad me ønskjer å høyra til. Å føla seg norsk, føretrekkja Noreg, lesa norske mediar og å planlegga å bu i Noreg er alle ting som indikerer at desse informantane kjenner seg knytte til Noreg. Resultata viser at tilknytninga og språkbruken korrelerer slik at dei med norsk tilknytning skriv norskare og motsett med svensk, og dette stadfestar Mæhlum sine teoriar om at stadsidentitet er valfri. Alder og butid i Noreg er sosiale variablar som ser ut til å påverka språkbruken, men òg desse kan knytast til stadsidentiten. Det er statistisk sikkert at dei i aldersgruppa 20–30 er overrepresenterte i språkbruksgruppa hovudsakleg svensk og sjølv om det ikkje er statistisk sikkert er aldersgruppa 41–61 er overrepresenterte blant dei som hovudsakleg skriv norsk. Ser ein på kor lang tid informantane har budd i Noreg er det statistisk sikkert at dei som har budd 0–10 år i Noreg i høgare grad skriv hovudsakleg svensk. Då desse kategoriar så tydeleg heng saman har eg samanlikna butid i Noreg med alder til informantane:



Figur 6.1: Samanheng mellom alder og butid i Noreg

Som me kan sjå i figur 6.1 heng alder og butid i Noreg heilt tydeleg saman med kvarandre, så derfor er det heller ikkje merkeleg at resultata for desse to variablane korrelerer. At akkurat denne variabelen gjer utslag er interessant då òg denne kan knytast til stadsidentitet. Har informantane budd lenger tid i Noreg er det rimeleg å tru at dei vil fortsetta gjera det og at ein har ein høgare tilknytning til Noreg enn dei som har budd i Noreg kortare tid. Som me kan sjå får dette òg utslag i språkbruken. Den einaste variabelen som kan knytast til stadsidentitet, og som Nordenstam (1979, s. 172) meinte påverka språkbruken, men som ikkje gav utslag i undersøkinga mi er kor mykje kontakt informantane hadde med andre svenskar (både i Noreg og Sverige). Dette kan forklarast med tidsaspektet og teknologiutviklinga som har gjort at det i dag er betydeleg lettare å halda kontakt med svenskar både i Noreg og Sverige, enn kva det var i 1979.

Når stadsidentitet blir diskutert er det viktig å påpeika at det ikkje berre handlar om at stadsidentiteten anten er norsk eller svensk. Resultata av dei ikkje-parametriske korrelasjonstestane viser nemleg ikkje berre at har du ein norsk stadsidentitet skriv du òg meir norsk, og motsett med svensk. Det som dei òg viser er at om du har ein stadsidentitet som både er norsk og svensk, skriv du følgjeleg ei blanding av språka.

Resultata til Nordenstam (1979, s. 178) viste at dei som var gift med ein norsk person, hadde barn og var mykje i lag med den norske familien i høgare utstrekking snakka norsk og at dei som var gift med ein svensk i høgare utstrekking snakka svensk. Resultata mine viser at det i dag ikkje finst nokon korrelasjon mellom språkbruk og nasjonalitetet til partnaren, kven ein bur i lag med eller om ein har barn. Det einaste som ser ut til å påverka er kva slags språk barna bruker. Det er statistisk sikkert at dei med barn som snakkar svensk, er overrepresenterte i språkbruksgruppa heilt svensk. Sjølv om det ikkje er statistisk sikkert ser det ut til at det er motsett med norsk og dei som skriv heilt norsk.

Då Nordenstam (1979) berre ser på svenskar som bur i Bergen, mens det i materialet mitt finst ein viss geografisk variasjon hos informantane, er det ikkje mogleg å samanlikna desse faktorane, men eg kjem til å gjera greie for dei og om dei ser ut til å påverka språkbruken. Resultata til Nordenstam (1979, s. 166) viste at dei som snakka «den bildade högsvenskan» og kjem frå storbyar i høgare utstrekking snakka svensk enn dei som kjem frå landsbygda. Nordenstam meiner at dette heng saman med at det særleg er denne varieteten som har høg prestisje, og at «dialekter eller sydsvensk

riksspråk» ikkje har den same prestisjen. Nordenstam (1979, s. 172) sine resultat viste at dei som kjem frå landsbygda i høgare grad snakka norsk og at dei frå storbyar i høgare grad skreiv svensk. Eg har i undersøkinga ikkje sett på kva slags miljø informantane er oppvokst i, men kor i Sverige. Resultata viste ikkje nokon særleg skilnad, men dei som er oppvokst i hovudstadsområdet er overrepresentert blant dei som skriv *heilt svensk* og *hovudsakleg svensk*.

7. Avslutning

7.1 Svar på problemstilling

I dette kapittelet kjem eg til å oppsummera oppgåva gjennom å svara på problemstillinga: **Kva slags lingvistiske trekk har svenskane når dei skriv med nordmenn på *Facebook Messenger* og kvifor skriv dei slik dei gjer?**

